

# Minoriteter på utstilling: Framstillinga av samane og romanifolket sin historie på museumsutstillingar

Av:


Vidar Fagerheim Kalsås

Masteravhandling i Historie

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Universitetet i Bergen

Våren 2011



## Forord

Det er fleire som fortener heider for at denne oppgåva har blitt ein realitet. Først og fremst vil eg takke min veileidar, Teemu Sakari Ryymin, som har gjeve svært gode tilbakemeldingar og hatt stor tru på prosjektet. Den gode oppfølginga har vert svært viktig for arbeidet med oppgåva.

Takk også til Mari Østhaug Møystad for hjelp med kjelder og omvisning under mitt besøk på Glomdalsmuseet. Terje Brantenberg fortener også takk for assistanse og omvisning under besøket ved Tromsø Museum.

Ein takk går også ut til Veronica Myking og Magnus Andre Røkne for gode diskusjonar om minoritetshistorie (samt mindre faglege diskusjonar om distriktpolitikk).

Til slutt vil eg også gje ein takk til min mor og far, Jenny Margrethe Fagerheim og Willy Kalsås, som har gjeve meg støtte gjennom heile studietida. Spesielt må eg takke Jenny Margrethe for å ha lese gjennom det språklege i oppgåva. Eirik Fagerheim Kalsås skal også ha takk for stor gjestfridom under mitt opphald i Tromsø. Takk også til Kelly Conceição Figueiredo for støtte gjennom tida som masterstudent.

Bergen. 12, mai 2011.

## Abstract

This master thesis is investigating the representation of the history of ethnic minorities in museum exhibitions. The aim has been to study how the history of two minorities in Norway, the Romani people and the Sami people, have been represented in two modern museum exhibitions, and how these representations have been affected by the context of the museum and the ethno-political debate. This thesis is entering, in some degree, an overlooked field of research in Norway. It is studying the use of history among ethnic minorities, something that has not been studied thoroughly. It is also contributing to the research on exhibitions of ethnic minorities in museums.

One of the studied exhibitions is *Latjo-Drom*, located at Glomdalsmuseet in Elverum. This exhibition opened in 2006 and is about the history and culture of the Romani people. The exhibition was given political prestige through the Norwegian government, who supported it as part of an excuse for the assimilation politics towards the Romani people in the 19<sup>th</sup> and 20<sup>th</sup> centuries. It was also an important exhibition for the two largest ethno-political organisations among the Romani people, who contributed in the making of the exhibition. The representation of the Romani history has at this exhibit clearly been affected by the desire among Romani activists to create a collective identity among the Norwegian Romani people. At the time, it was also an expressed policy that the museums should focus on the cultural diversity in Norway. The museum professionals did therefore not have any problems constructing an exhibition that conveys the continuity in Romani history in Norway.

The second exhibition is *Sápmi –becoming a nation*, which opened in 2000 at Tromsø Museum, the university museum in Tromsø. This museum has a tradition for ethnographic exhibitions of Sami people, and it was the department of Sami ethnography that initiated and created this exhibition. The creators of this exhibition wanted it to clearly break with the tradition from the ethnographic exhibitions where the old and timeless history of the Sami was exhibited. The exhibition is showing the development of the Sami national collective, after the end of World War Two. This is done by organising the exhibition after a narrative, which is explaining the development of the national collective. But this narrative has also ethno-political implications, and is bringing modern Sami history in on the debate about Sami rights to land and water.

## Innholdsfortegnelse:

Forord .....	II
Abstract .....	III
Innholdsfortegnelse: .....	IV
1. Innleiing .....	1
1.1 Introduksjon .....	1
1.2 Problemstilling .....	3
1.3 Avgrensing og definisjonar .....	5
1.4 Metodisk tilnærming .....	7
1.5 Tidligere forskning .....	11
1.5.1 Historiefagleg forskning på samane og romanifolket .....	11
1.5.2 Forsking på framstilling av etniske minoritetar på museum .....	12
1.5.3 Forsking på bruk av historie .....	15
1.6 Kjelder .....	16
1.7 Struktura i oppgåva .....	19
2. Etnopolitiske og museumsfaglege forhold i Noreg .....	20
2.1 Minoritetspolitikk og etnopolitikk i Noreg .....	20
2.1.1 Norsk minoritetspolitikk .....	20
2.1.2 Etnopolitisk mobilisering blant samane .....	23
2.1.3 Etnopolitisk mobilisering blant romanifolket .....	28
2.2 Utviklinga av museet i Noreg .....	31
3. <i>Latjo-Drom</i> : Romanifolket sin historie på utstilling .....	37
3.1 Utviklinga av <i>Latjo-Drom</i> .....	37
3.2 Representasjonsanalyse av utstillinga <i>Latjo-Drom</i> .....	42
3.2.1 Opprinnelse: status som nasjonal minoritet .....	43
3.2.2 Språk: Språklege bevis på historisk kontinuitet .....	46
3.2.3 Underveis: Reising som kjernen i romanifolket sin historie .....	47
3.2.4 Arbeid og håndverk: Romanifolket sin materielle historie .....	51
3.2.5 Kulturmøte: Fleirkulturell sameksistens .....	53
3.2.6 Kulturminner: Konstruksjon av minnestadar .....	54
3.2.7 Familie og barndom: Ideal frå fortida .....	55
3.2.8 Musikk: Historisk kontinuitet og identitet .....	57
3.2.9 Romanifolket/taterne og storsamfunnet: Overgrep og motstand .....	58
3.2.10 Religion: Romanifolket som religiøs minoritet .....	60
3.2.11 Romanifolket/taterne i dag: Samtid og fortid møtest .....	61
3.2.12 Heilskapen i utstillinga <i>Latjo-Drom</i> : Ei mytisk historie .....	62
3.3 Avslutning: <i>Latjo-Drom</i> som uttrykk for museumsidear og etnopolitikk .....	64
3.3.1 <i>Latjo-Drom</i> og etnopolitikk .....	64
3.3.2 Minoritetsutstilling og museum .....	66
3.3.3 Museumstradisjonar og etnopolitikk .....	67
4. <i>Sápmi -en nasjon blir til</i> : Den samiske nasjon på utstilling .....	70
4.1 Utviklinga av <i>Sápmi -en nasjon blir til</i> .....	70
4.2 Representasjonsanalyse av utstillinga <i>Sápmi -en nasjon blir til</i> .....	73
4.2.1 Introduksjonsrom: Den mangfaldige samene .....	73
4.2.2 Alt for Norge: Visualisert fornorskingspolitikk .....	78
4.2.3 Vis Samisk Ånd: Den samiske rørsle veks fram .....	84
4.2.4 En nasjon står fram: Den samiske nasjon og retten til land og vatn .....	89
4.2.5 Heilskapen i <i>Sápmi -en nasjon blir til</i> : Forteljing og utstilling .....	94
4.3 Avslutning: <i>Sápmi -en nasjon blir til</i> i ein etnopolitisk og museumsfagleg samanheng .....	98

4.3.1	<i>Sápmi –en nasjon blir til</i> og etnopolitikk .....	98
4.3.2	Universitetsmuseum og minoritetsutstilling.....	100
4.3.3	Universitetsmuseum og etnopolitikk.....	102
5.	Avslutning: Minoritetar på utstilling.....	104
5.1	Oppsummering av <i>Latjo-Drom</i> .....	104
5.2	Oppsummering av <i>Sápmi –en nasjon blir til</i> .....	106
5.3	Samanlikning av <i>Latjo-Drom</i> og <i>Sápmi –en nasjon blir til</i> .....	107
	Vedlegg .....	111
	Kjelder .....	116
	Arkivmaterial .....	116
	Munnlege kjelder.....	116
	Trykte kjelder .....	117
	Aviser .....	118
	Elektroniske kjelder.....	119
	Litteratur.....	119

# 1. Innleiing

## 1.1 Introduksjon

Historikarane var på 1800- og byrjinga av 1900-talet aktive deltakarar i nasjonsbygginga i Noreg og bygde opp det ein kan karakterisere som den nasjonale historia om Noreg.<sup>1</sup> Eit aspekt med denne historia var at den ekskluderte fleire av dei etniske gruppene som levde innanfor landegrensene. Historikaren Ernst Sars var ein av dei som hadde mykje innverknad på den nasjonale historieskrivinga i Noreg i denne perioden. Han meinte blant anna at samane ikkje hørte til den norske nasjonen: ”disse tschudiske Folkefærd saa faatallige – boende i Udkanter, - saa de kan settes ud af Betragtning.”<sup>2</sup> Også romanifolket vart ekskludert frå det nasjonale. Pioneren innan norsk sosiolog, Eilert Sundt, skreiv på 1850-talet at romanifolket ikkje blei sett på som norske:

”at dette «omløbende pak,» som man endnu besværes med i vore bygder, allerede for et århundrede siden ved sine særegne sæder og forholdte gjorde et sådant indtryk, at man ikke syntes at kunne henregne det til den norske befolkning, men måtte tillægge det en fremmed nationalitet.”<sup>3</sup>

Musea vart på 1800-talet ein nyttig institusjon for å vise fram og få spreidd denne nasjonale historia blant det breie lag av folket.<sup>4</sup> Men også på musea vart dei etniske minoritetane ekskludert frå det nasjonale. Samane vart utover på 1900-talet eit subjekt for etnografisk forskning, og gjennom dette ein representant for ”det internt andre” i samanlikning med den dominerande nasjonale kulturen.<sup>5</sup> Musea sin inndeling var tydeleg: mens den norske historia vart framstilt på historiske museum, blei det på etnografiske museum utstilt samane sin uforanderlege kultur og mangel på historisk utvikling.<sup>6</sup> Dei fleste andre etniske minoritetane i Noreg, som romanifolket, var totalt utelatt frå musea.<sup>7</sup>

Etter andre verdskrig byrja fleire av dei etniske minoritetane i Noreg å organisere seg og å retta politiske krav mot styresmaktene. Frå 1970-talet byrja dei etniske minoritetane å få rettar på bakgrunn av sin etnisitet. Styresmaktene utarbeida på slutten av 1900-talet tre kategoriar for etniske minoritetar: immigrant, nasjonal minoritet og urfolk.<sup>8</sup> Å ha status som nasjonal minoritet og urfolk gjev gruppa spesielle rettar hos styresmaktene. Det finnest fem etniske grupper som vert definert som nasjonal minoritet: Jødar, kvener, rom, romanifolket og

---

<sup>1</sup> Eriksen 1999: 43-44.

<sup>2</sup> Fulsås 1999: 240.

<sup>3</sup> Sundt 1852: 2.

<sup>4</sup> Eriksen 2009: 213.

<sup>5</sup> Aronsson, Fulsås, Haapala & Jensen 2008: 268.

<sup>6</sup> Olsen, B 1999:164-165.

<sup>7</sup> Eriksen 2009: 219.

<sup>8</sup> Niemi 2008: 1 & 4-5.

skogfinnar. Disse gruppene fekk sin status gjennom *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001): Nasjonale minoritetar i Noreg – Om statleg politikk overfor jødar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar*, som gjev alle dei nasjonale minoritetane rettar blant anna til vern av kulturarv og historie.<sup>9</sup> Det samiske folket er den einaste gruppa i Noreg som vert definert som eit urfolk, etter at Noreg ratifiserte *ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i selvstendige stater*, i 1990.<sup>10</sup> I samanlikning med dei andre minoritetsgruppene har samane sin status som urfolk gitt gruppa ein sterk posisjon, forankra i norsk lov og internasjonale konvensjonar.<sup>11</sup>

Dei forskjellige politiske aktørane som har kravd rettar for dei etniske gruppene i Noreg dei siste 40 åra, har hatt ein trong for å legitimera desse krava, samt å skape identitet og medvit om eigen etnisitet blant dei etniske gruppene. Det å nytte historia er noko som kan vera eit effektivt verktøy for å oppnå desse føremåla.<sup>12</sup>

På slutten av 1900-talet vaks det fram post-koloniale strøymingar i den 3. verda og blant urfolk, som retta kritikk mot dei vestlige museumsutstillingane der andre folk og kulturar blei framstilt i stereotype formar.<sup>13</sup> Denne kritikken opna for at dei etniske minoritetane sjølv kunne ta i bruk museet for å formidla sin eigen kultur og historie. Dei siste 30 åra har det blant anna blitt oppretta ei rekke nye samiske museum.<sup>14</sup> Arkeologen Bjørnar Olsen skriv i artikkelen *Bilder av fortida? Representasjon av samisk kultur i samiske museer*, at desse nye samiske musea ikkje kan separerast frå dei etnopolitiske prosessane i perioden, og at dei har blitt skapt ut frå eit ønskje om å styrkje samisk kulturell identitet.<sup>15</sup> Dei siste ti åra har det også komme museumsutstillingar om romanifolket.<sup>16</sup> Desse utstillingane kom etter at romanifolket byrja å organisere seg på 1990-talet, og bør også settast i samanheng med den etnopolitiske mobiliseringa blant romanifolket.<sup>17</sup>

Dei siste ti åra har det blitt eit auka fokus på dei etniske minoritetane innan museumssektoren, og spesielt på dei med status som nasjonal minoritet.<sup>18</sup> I *Stortingsmelding nr. 22 (1999-2000): Kjelder til kunnskap og oppleving: Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet*, vert det lagt vekt på at musea i større grad bør reflektere det fleirkulturelle mangfaldet i Noreg, blant anna med fokus på dei

---

<sup>9</sup> *St.Meld nr.15 2000-2001*: 63.

<sup>10</sup> *International Labour Organization 1990: ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i selvstendige stater*.

<sup>11</sup> Niemi 2006: 421.

<sup>12</sup> Eriksen 1999: 9.

<sup>13</sup> Olsen, B 1999: 162.

<sup>14</sup> Hirvonen 2008: 25.

<sup>15</sup> Olsen, B 1999: 164-165.

<sup>16</sup> Holmesland 2006: 30 & 32.

<sup>17</sup> Halvorsen 2000: 197-198.

<sup>18</sup> Holmesland 2006.

nasjonale minoritetane og samane.<sup>19</sup> I 2002 tok sametinget over administrasjonen av dei samiske musea, og i 2004 kom sametingsrådet ut med ei melding om dei samiske musea, der dei klargjorde sametinget si rolle overfor musea, samt la fram dei målsettingane dei hadde for den vidare museumspolitikken.<sup>20</sup> Dette tyder på at etniske minoritetar har fått større plass på musea dei siste åra.

Proessen der etniske minoritetar si historie vert formidla gjennom museumsutstillingar, er temaet for denne masteroppgåva. Korleis etniske minoritetar si historie vert framstilt, vil kunne påvirke korleis gruppa ser på seg sjølv, korleis majoritetssamfunnet ser på gruppa og vil kunne spele inn på kva politiske krav og politiske strategiar som minoriteten kan nytte.

For denne oppgåva har eg valt å studere ei utstilling om samisk historie og ei utstilling om romanifolket si historie. Den samiske utstillinga er *Sápmi – en nasjon blir til* ved Tromsø Museum. Utstillinga er produsert av fageining for samisk etnografi ved Tromsø Museum og opna i oktober 2000. Den andre utstillinga er *Latjo-Drom: Romanifolkets/taternes kultur og historie* som høyrer til på Glomdalsmuseet i Elverum. Utstillinga opna i april 2006, og vart produsert gjennom eit samarbeid med romaniorganisasjonane Taternes Landsforening (TL) og Landsorganisasjonen for Romanifolket (LOR).<sup>21</sup>

## 1.2 Problemstilling

Hovudproblemstillinga i denne oppgåva er: *Korleis blir romanifolket sin historie framstilt på museumsutstillinga Latjo-Drom, og korleis blir samane sin historie framstilt på museumsutstillinga Sápmi – en nasjon blir til? Kvifor har ein framstilt historia slik?* For å finne eit svar på denne problemstillinga, må ein identifisere kva som har hatt innverknad på korleis historia er framstilt ved utstillingane. Her kan ein tenkje seg at det er historia sjølv, altså dei fortidige hendingane, som er det sentrale for korleis historia blir framstilt. Problemet med ein slik tanke, er at den ikkje erkjenner at all historie må fortolkast, og at det er enkelte element frå fortida som blir stilt ut på utstillingar, og dermed også element som blir valt bort. Tar ein derimot denne erkjenninga inn over seg, kan ein hevde at det er produsentane, og den samtida som produsentane utvikla utstillingane, som er det sentrale for korleis historia blir framstilt. Nokre forhold under produksjonen vil samtidig ha hatt større innverknad på den historiske framstillinga enn andre. Som museumsutstillingar er det grunnlag for å tru at det

---

<sup>19</sup> *St.Meld nr.22 1999-2000*: 19 & 130.

<sup>20</sup> *Sametingsrådets melding om samiske museer 2004*: 5-7.

<sup>21</sup> I denne oppgåva vel eg å forkorte namnet på utstillinga *Sápmi – en nasjon blir til*, til berre *Sápmi*, og namnet *Latjo-Drom: Romanifolkets/taternes kultur og historie* til *Latjo-Drom*.



museumsfaglege klimaet i samtida har verka inn på korleis historia blei framstilt. I tillegg omhandlar utstillingane to etniske minoritetar, og det er derfor grunn til å tru at dei samtidige etnopolitiske forholda hadde innverknada på utstillingane.

For å få med korleis museumsfaglege og etnopolitiske forhold har verka inn på framstillinga, samt for å få med det komparative aspektet i oppgåva, har eg utarbeida tre underproblemstillingar: 1. Korleis var utstillingane ein arena for etnopolitisk kamp, både innan blant minoriteten, og utover mot majoritetssamfunnet? 2. Kva idear og forhold i det museumsfaglege miljøet har vore med på å forme desse utstillingane, og har museumsfaglege og etnopolitiske aktørar hatt ulike idear og formål med utstillingane? 3. Korleis skil desse to utstillingane seg i framstillinga av historia, og kan desse forskjellane knytast til forhold i den etnopolitiske konteksten? Kan forskjellane eventuelt knytast til museumsfaglege forhold?

I denne oppgåva har utstillingane blitt studert som noko meir enn berre fysiske utstillingar av gjenstandar og tekst, men også ein kulturell prosess som kan inngå i ulike sosiale samanhengar, og som har gått føre seg både før og etter opninga. Å studere utstillingane i eit slikt perspektiv vert viktig for å forstå kva samanhengar dei historiske framstillingane har gått inn i.

Den første underproblemstillinga får fram dei etnopolitiske dimensjonane ved formidlinga av historie på utstillingane. Å skilje mellom den funksjonen som utstillingane har innan blant minoriteten, og utover mot majoriteten, vil opne for at utstillingane kan ha fleire funksjonar i ein etnopolitisk kontekst. Ein kan sjå for seg at aktørane bak utstillingane både ønskja å byggje opp under den etniske identiteten blant minoriteten, samtidig som dei ønskja å motverke fordommar som eksisterte i majoritetssamfunnet.

Å vurdere utstillingane som ein arena for etnopolitikk får fram eventuelle maktkampar mellom aktørar og grupperingar innan blant minoritetane. Det er ikkje sikkert at ulike etnopolitiske aktørar har det same synet på historia og korleis den skal framstillast. Arbeidet med ei museumsutstillinga kan dermed bli ein arena der ulike grupperingar innan minoriteten møtes og fører ein maktkamp for å få definert korleis minoriteten sin historie skal framstillast. Men også etter at utstillinga har opna kan denne prosessen halde fram, og utstillinga kan bli ei ramme for historisk og politisk debatt mellom ulike aktørar. Mens debattar ved utviklinga av utstillingane stort sett berre har vore open for aktørar som har blitt invitert inn i prosessen, vil dei etter opninga kunne utspele seg i eit opent rom der også andre aktørar kan komme til orde.

Det andre spørsmålet ser på det museumsfaglege miljøet sin påverknad på utstillingane. Dette miljøet er prega av at det sidan 1970-talet har vakse fram egne

fagutdanningar for dei tilsette på musea, og at det dermed blei eit profesjonalisert fagfelt.<sup>22</sup> Fleire av aktørane som har arbeida med utstillingane har hatt ein museumsfaglig bakgrunn og utdanning. Det betyr ikkje at alle med ein slik bakgrunn har vert einige om korleis utstillinga og historia skulle framstillast. Innan dette faget finnest det også ulike idear om kva ei museumsutstilling skal vera og korleis den bør utformast. Det kan ha vore store faglege usemjer under utviklinga av utstillingane, eller det kan ha komme fagkritiske uttrykk mot utstillingane etter at dei vart opna.

Ved utviklinga av desse museumsutstillingane var det møter mellom aktørar frå ein museumsfagleg tradisjon og aktørar med etnopolitiske mål. Det er dermed interessant å spørje korleis desse møta utfolda seg. Har dei museumsfaglege og etnopolitiske aktørane hatt motstridande idear om korleis utstillingane skulle framstillast og korleis har slike konfliktrar eventuelt blitt løyst?

Den siste underproblemstillinga ser på korleis utstillingane skil seg i framstillinga av historia, og får fram det komparative aspektet i oppgåva. Utstillingane omhandlar ulikt historisk materiale, og vil derfor skilje seg frå kvarandre. Det som er interessant å fokusera på her, er om framstillinga av minoritetane sin historie på utstillingane skil seg grunnleggjande frå kvarandre. Kva er det dominerande bilete som vert formidla av samane og romanifolket, og kva er skilnadane mellom desse bileta? Når desse forskjellane eventuelt er identifisert, kan ein spørje kva dette kjem av. Er det etnopolitiske eller museumsfaglige forhold som har ført til at utstillingane vel ulike måtar å framstille historia på?

Desse underproblemstillingane får kasta ljøs over dei etnopolitiske og museumsfaglege sidene ved utstillingane, samt å få fram forskjellane mellom framstillinga av historia. Gjennom å drøfte underproblemstillingane har det også blitt kasta ljøs over hovudproblemstillinga, om kvifor ein har enda opp med bestemte framstillingar av historia.

### **1.3 Avgrensing og definisjonar**

Utstillinga *Latjo-Drom* er den største permanente museumsutstillinga i Noreg som omhandlar romanifolket.<sup>23</sup> Utstillinga vart nemnt i *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)*, der den blei omtalt som ein del av ei oppreisning for dei overgrepa som romanifolket har vore utsett for av staten.<sup>24</sup> At utstillinga blei nemnt i denne samanhengen har vert noko som gav utstillinga ekstra symbolverdi, både for regjeringa, museet og representantar for romanifolket. Utstillinga

---

<sup>22</sup> Eriksen 2009: 104-105.

<sup>23</sup> Holmesland 2006: 30.

<sup>24</sup> *St.meld nr. 15 2000-2001*: 7 .

vart også nemnt i *Stortingsmelding nr. 22 (1999-2000)*, der utstillinga vart sett i samband med at musea hadde eit ansvar for å reflektere det fleirkulturelle Noreg.<sup>25</sup> At utstillinga har vort nemnt i begge desse stortingsmeldingane indikerer at styresmaktene har hatt ein interesse for denne utstillinga. *Latjo-Drom* har også hatt ei referansegruppe i arbeidet med utstillinga, beståande av interesseorganisasjonane TL og LOR:<sup>26</sup> ”Referansegruppa har hatt som sin primære funksjon å drøfte, kvalitetssikre og godkjenne form, tema og innhold i utstillingen, innanfor vanlige museumsetiske og museumsfaglige retningslinjer.”<sup>27</sup>

I motsetnad til korleis situasjonen er for romanifolket, finst det eit relativt godt utval av museumsutstillingar som fokuserer på samane sin historie. Sametinget fører ein medviten museumspolitik, og forvaltar dei statlige tilskuddsordningane for dei fleste samiske musea.<sup>28</sup> Utstillinga *Sápmi* høyrer til på Tromsø Museum, og vort ikkje finansierte via Sametinget, men er eit universitetsmuseum som er knytt til Universitetet i Tromsø. Fageining for samisk etnografi ved Tromsø Museum har hatt ein klar visjon med utstillingsarbeidet:

”Museumsprosjektet «Sápmi – en nasjon blir til» er ment som et korrektiv til denne offentlige fortellingen om samene. Vi vil gi en beskrivelse av den politiske samlingen mot en samisk nasjon, en samling som har pågått siden midten av forrige århundre. Sápmi er en nasjon utan statsgrenser, men med et felles språk, en felles historie og en felles kultur”.<sup>29</sup>

I ljøs av tidlegare museumsutstillingar om samar, samt den etnopolitiske konteksten som dette blei skrivet i, utpeikar *Sápmi* seg som eit forsøk på noko nytt i innan museumsutstillingar om samane.

Tidsrommet som denne oppgåva omhandlar er frå 1997 og fram til 2008. Dette er eit tidsrom som vil dekke arbeidet med begge museumsutstillingane og samtidig få med ein kort periode etter at utstillingane har blitt opna for å få med eventuelle reaksjonar på utstillingane. For utstillinga *Latjo-Drom* vart det i 1997 oppretta ei arbeidsgruppe med representantar for TL og Glomdalsmuseet, som deltok i eit forprosjektet til utstillinga.<sup>30</sup> Arbeidet med utstillinga *Sápmi*, tok også til i 1997 og det vort derfor naturleg å ta utgangspunkt i dette året.<sup>31</sup> Utstillinga *Latjo-Drom* opna først i 2006, og for å få med eventuelle reaksjonar har eg valt å følgje dette fram til 2008. Hovudtyngda av kjeldematerialet vil vera frå produksjonsprosessen

---

<sup>25</sup> *St.meld nr. 22 1999-2000*: 130.

<sup>26</sup> Taterenes Landsforening hadde navnet Romanifolkets Landsforening fram til 2005. I denne oppgåva vel eg å nytte navnet Taterenes Landsforening for heile perioden.

<sup>27</sup> Om utstillinga *Latjo-Drom*: <<http://www.glomdal.museum.no/html/romani/latjo-drom/om.htm>>.

<sup>28</sup> *Sametingsrådets melding om samiske museer 2004*.

<sup>29</sup> *Sápmi: en nasjon blir til : fremveksten av samenes nasjonale fellesskap*. (2000) Av: Bjørklund, Ivar. Utstillingskatalog til utstillinga Sapmi –en nasjon blir til: 2.

<sup>30</sup> Halvorsen 2004: 82.

<sup>31</sup> *Sápmi: en nasjon blir til : fremveksten av samenes nasjonale fellesskap*. (2000) Av: Bjørklund, Ivar. Utstillingskatalog til utstillinga Sapmi –en nasjon blir til: 48.

og rundt den tida då utstillingane vart opna, då reaksjonar og debattar om utstillingar gjerne oppstår raskt etter opning.

Romanifolket har blitt kjent under mange namn og det er derfor naudsynt å presisere namnebruken på gruppa. Fleire av namna har negative og stereotypiske konnotasjonar, som splint, fant og pakk, men ein finn også namn som minoriteten sjølv brukar og har forsøkt å revitalisera, som tater og romani.<sup>32</sup> Det har vore ein lengre debatt om kva namn romanifolket skal gå under, og det er ueinigheit innan i gruppa om kva namn som er akseptable å nytte. *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)*, namngir gruppa som ”romanifolket (taterene/dei reisande)”.<sup>33</sup> Dette er ei tungvindt nemning, og eg vel derfor å nytta det kortare ”romanifolket”.<sup>34</sup> Det er også naudsynt å understreke forskjellane mellom romanifolket og romfolket. Dei to folka vert ofte blanda saman, fordi bae hadde det å reise som eit sentralt element i sin kultur, samt at det er nokre likskapar i språk og historie. I Noreg er det likevel to ulike etniske grupper, som kan vise til ulik historie og språk, og med ulike etniske interesseorganisasjonar.<sup>35</sup>

Omgrepet etnopolitikk blir nytta i denne oppgåva og det er dermed naudsynt med ei avklaring av omgrepet. Etnopolitikk blir gjerne forstått som politisk mobilisering og krav som vert retta på vegne av ei etnisk gruppe. For sosialantropologen Abner Cohen, er det politiske eit heilt sentralt element for å forstå kvifor nokre etniske grupper blomstrar opp, mens andre ikkje gjer det. For at ei etnisk gruppe skal haldast i hevd er det naudsynt at den har ein politisk funksjon.<sup>36</sup> Men for at ein skal kunne mobilisere for å oppnå politiske mål, må ein ha eit etnisk kollektiv å mobilisere på vegne av. For å kunne nytte etnisitet som eit verktøy i politiske prosessar, vil det derfor vera naudsynt at gruppa er medviten om eigen etnisitet og kultur. Framvising av etniske grupper sin kultur og eigenart vert derfor ikkje nøytrale element i etnopolitiske samanhengar, men noko som er ein del av og naudsynt for å nå politiske mål. I denne oppgåva vel eg derfor å nytte ein vid definisjon på etnopolitikk, der også kulturelle praksisar som framstilling av historie vert vurdert som eit element i omgrepet etnopolitikk.

## **1.4 Metodisk tilnærming**

Å nytte ei museumsutstilling som kjelde gjev ei metodisk utfordring, etter som det i stor grad er ei ikkje skriftleg kjelde, men ei samling av objekt som har blitt gitt ei meining. Alle objekt

---

<sup>32</sup> Niemi 2003: 151 & 154.

<sup>33</sup> *St.meld nr. 15 2000-2001*: 45.

<sup>34</sup> Interesseorganisasjonen Landsorgansiasjonen for Romanifolket ønskjer blant anna at namnet romani skal nyttast: < <http://www.lor.no/lor/Om+LOR/cid/14527/> >. [Nedlastet 29. april 2011].

<sup>35</sup> *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)* definerer rom og romani som to ulike etniske grupper: 4.

<sup>36</sup> Cohen 1996: 84.

har ein materiell eksistens, men det er meininga som vert formidla gjennom objektet som her er interessant. Den meininga er ikkje mogeleg å forstå eller tolke utan at ein har eit fortolkande rammeverk å studere objektet i ljøs av.<sup>37</sup>

Metoden eg vil nytta i analysen av utstillingane, er konstruktivistisk representasjonsanalyse. Denne metoden legg vekt på at objekt ikkje tydar noko ut frå seg sjølv, men at det er menneska som konstruerer meining til objekta. Denne meiningsskapinga skjer ved hjelp av konsept og teikn i eit representasjonssystem.<sup>38</sup> Kulturteoretikaren Stuart Hall understrekar at ein ikkje må blande den materielle verda med den symbolske, der språk, meining og representasjon opererer. Det betyr ikkje at symbol ikkje kan ha ein materiell eksistens, men: "the meaning depends, not on the material quality of the sign, but on its symbolic function".<sup>39</sup> Hovudpoenget i den konstruktivistiske tilnærminga er at det er sosiale aktørar som nyttar representasjonssystem for å konstruere meining i verda og for å kommunisere meningsfullt om verda til andre.<sup>40</sup>

Objekta i museumsutstillingar har blitt tatt ut av sin originale kontekst, og plassert inn i ein ny, der utstillinga gjev objekta ei ny meining.<sup>41</sup> Spørsmålet blir då kva meining dei blir tileigna? Ei tilnærming til spørsmålet om meining er å studere korleis publikum tolkar objekta på utstillingane. Med ei slik tilnærming må ein samtidig ta høgde for individualiteten i tolkinga av utstillingar. Kvart individ som møter eit objekt på utstillinga vil tolke det på bakgrunn av den kunnskap og erfaring som personen alt har.<sup>42</sup> Utstillingane sine tilskodarar vil ha svært individuelle tolkingar av objekta, og det å skulle tilnærma seg korleis publikum tolkar utstillinga vert eit svært tidkrevjande, omfattande og metodisk vanskeleg prosjekt.

Ei anna tilnærming til å undersøkje meininga i objekta, er ved å ta med den konteksten som objekta har blitt stilt ut i. I eit konstruktivistisk perspektiv er meining noko som vert danna kontinuerlig og som er knyt til historisk tid og rom.<sup>43</sup> Dermed kan ein vurdere objekta på utstillingane i ljøs av dei historiske kontekstane som dei blei stilt ut i, og gjennom dette nærme oss den meininga som objekta vart tileigna av bestemte aktørar på det historiske tidspunktet.

I denne oppgåva er det både ein museumsfagleg og etnopolitisk kontekst som objekta i utstillingane er studert i ljøs av, for å tolke den meininga som har vert lagt i objekta og kva

---

<sup>37</sup> Hooper-Greenhill 2000: 103.

<sup>38</sup> Ryymin 2003: 15.

<sup>39</sup> Hall 1997: 26.

<sup>40</sup> Hall 1997: 25.

<sup>41</sup> Lidchi 1997: 167.

<sup>42</sup> Hooper-Greenhill 2000: 118.

<sup>43</sup> Ryymin 2003: 16.

representasjon av samane og romanifolket sin historie som utstillingane formidlar. For å få med konteksten i analysen av utstillingane vil eg i neste kapitel utarbeide nokre arbeidsspørsmål ut frå kontekstane, til å hjelpe med å tolke meininga i utstillingane.

Eit element ein bør vera medviten på når ein nyttar konstruktivistisk representasjonsanalyse til å studere korleis historie vert formidla, er at metoden ikkje skil mellom historiefamstillingar som er godt dokumentert og kan karakteriserast som objektive, og dei framstillingane som ikkje har kjeldegrunnlag for den historia som vert formidla. Ein kan dermed komme opp i eit relativismeproblem, der alle framstillingar om fortida står fram like sannferdige. I denne oppgåva er dette problemet mindre relevant, fordi oppgåva ikkje er ute etter å undersøkje om utstillingane formidlar ei objektivt og dokumentert historie, men kva faktorar som har spela inn på denne historiefamdinga.

Ei museumsutstilling er samtidig meir enn berre objekt på utstilling. Dei fleste utstillingane har også skriftlege tekstar. Nokre av tekstane kan stå i relasjon til objekta som er stilt ut og skal leie lesaren i retning av ei føretrekt lesing av objektet.<sup>44</sup> I slike tilfelle må objektet også studerast i ljøs av teksten for å komme fram til meininga med objektet. Utstillingar kan også innehalde tekster som ikkje står i ein direkte relasjon med objekta som er stilt ut. Ein del utstillingar har for eksempel tekstar som gjev ein generell innføring i temaet som utstillinga omhandlar, men også desse tekstane vil spela inn på den meininga som objektet blir gitt, fordi teksten dannar rammene som objekta blir tolka innanfor.

Som nemnt omhandlar eine underproblemstillinga korleis museumsutstillingane var ein arena for etnopolitikk. For å få svart på denne underproblemstillinga har professor i etnisitet og nasjonalisme, Anthony D. Smith, sine teoriar om etniske identitetar blitt nytta i analysen. Definisjonen av etnopolitikk som alt har blitt greia ut for, legg seg opp mot Smith sin etno-symbolske posisjon, i den forstand at kulturelle faktorar vert gitt merksemd i analysen av etnisitet.<sup>45</sup> Spesielt vil Smith sitt rammeverk for opphavsmyster, som han greier ut om i boka *Myths and Memories of the Nation*, bli nytta. I følgje Smith så er det naudsynt for alle etniske grupper å ha ei opphavsmyste vist gruppa skal bli anerkjend som ei etnisk gruppe av andre grupper.<sup>46</sup> Men ei etnisk opphavsmyste har også fleire funksjonar internt i gruppa: Den bestemmer dei kulturelle grunnrammene for sosiale relasjonar, den knyt saman fortidige og framtidige tilstandar for gruppa, den fungerer som ein modell i samtida, den innehelder

---

<sup>44</sup> Lidchi 1997: 166.

<sup>45</sup> Smith 1999: 3.

<sup>46</sup> Smith 1999: 60.

drivkraft for kollektiv handling og den viser muligheter for forandring.<sup>47</sup> Ei opphavsmyte har altså ein sentral posisjon blant etniske grupper, og gjev svar på spørsmålet om kven dei er, gjennom å svare på kven dei var og kor dei kom frå.

Smith understreker at alle opphavsmyster er unike, men at dei likevel har ei felles form som kan delast opp i seks delmyter. Myte om *opphav* er den første delmyta og daterer gruppa sitt opphav både i tid og i relasjon til andre relevante samfunn. Myta om *lokasjon og migrasjon* viser relasjonen mellom den etniske gruppa og eit bestemt territorium som gruppa historisk blir knyt til. Myte om *aner* framstiller den symbolske forbindelsen mellom alle samtidige medlemmer av gruppa, og dei tidligare generasjonane, ned til gruppa sitt felles opphav. Myta om *gullalder* viser til ei bestemt periode i historia då gruppa hadde kulturell blomstring, og myta fungerer gjerne som eit ideal frå fortida. Myta om *forfall* skal så forklare korleis gruppa sin gullalder forsvann og korleis gamle tradisjonar og verdiar gjekk tapt. Myta om *nydanning* byggjer vidare på dei andre delmytane og viser kva handlingar i samtida som er naudsynt for at gruppa igjen skal kunne nå sin storleik.<sup>48</sup> Til saman byggjer desse delmytane opp ei fullstendig myte om opphav, som er naudsynt for at medlemene av gruppa skal kunne identifisere seg sjølv som eit fellesskap.

I tillegg til Smith sit rammeverk for opphavsmytar, har kjenneteikna for etniske fellesskap som han greier ut om i boka *National Identity*, komme til nytte i analysen. Smith nemner seks kjenneteikn: Eit kollektivt passande namn, ei myte om felles opphav, delte historiske minner, ein eller fleire differensierte element av felles kultur, ei kopling til eit spesifikt "heimland" og ein følelse av solidaritet for store deler av folket. I følgje Smith vil ein folkesetnad vera nærare eit idealtypisk etnisk fellesskap jo meir folket innehar eller deler desse kjenneteikna.<sup>49</sup>

Om utstillingane er med på å byggje opp eller reprodusere opphavsmyster eller kjenneteikn for etniske fellesskap er interessant i forhold til problemstillinga om korleis museumsutstillingane var ein arena for etnopolitikk. Som nemnt er opphavsmytar svært sentrale i etniske grupper si sjølvforståing og identitet, og å få definert slike mytar vil generelt vera viktig for dei fleste etnopolitiske aktørar.

Målet med den siste underproblemstillinga er å samanlikne framstillinga på dei to utstillingane. Korleis skal ein gå til verks når ein samanliknar? Historikaren Knut Kjeldstadli nyttar i si metodebok *Fortiden er ikke hva den en gang var*, omgrepa forskjellsmetoden og

---

<sup>47</sup> Smith 1999: 82.

<sup>48</sup> Smith 1999: 62-68.

<sup>49</sup> Smith 1991: 21.

overensstemmelsesmetoden. Med overensstemmelsesmetoden vel ein objekt som er svært ulike, og ser etter likskapane, på tross av alle forskjellane. Med forskjellsmetoden finn ein svært like objekt, og ser etter dei avgjerande ulikskapane, på tross av likskapane.<sup>50</sup> I denne oppgåva er studieobjekta i utgangspunktet relativt like, etter som begge objekta tilhøyrer sjangeren museumsutstilling.<sup>51</sup> Utstillingane ligg også nært opp mot kvarandre i tid, og det er derfor liten grunn til å tru at sjangeren museumsutstilling har gjennomgått større endring i perioden.

Utgangspunktet for denne samanlikninga vil vera representasjonsanalysen av utstillingane. Når eg har fått identifisert eventuelle forskjellar på utstillingane sin framstilling av samane og romanifolket, vert det naturlege spørsmålet å stilla kva desse forskjellane kan skuldast? For å kunne undersøkje dette vil det igjen vera naudsyndt å vurdere kontekstane rundt dei to utstillingane, for å kunne komme med forklaringar på forskjellane.

Denne komparasjonen vil gi relevante forklaringar og får framheva kva element ved utstillingane som skil seg ut, men det er samtidig viktig å vera merksam på kva avgrensingar og fallgruver ei slik tilnærming kan ha. Eit aspekt er at einingane vil måtte forenklast for at ein skal kunne utføre komparasjonen. Skal eg for eksempel nytte ein etnopolitisk organisasjon som ein mogleg kontekstuell forklaring på kvifor den eine utstillinga har utstilt element x, må organisasjonen som i utgangspunktet er eit komplekst og dynamisk aktør, reduserast til ein homogen aktør som har klart definerte mål og handlingar.

## **1.5 Tidligare forskning**

Denne oppgåva går inn i tre forskingstradisjonar: Historisk forskning på romanifolket og samane, forskning på framstilling av etniske grupper på museum og forskning på bruk av historie.

### **1.5.1 Historiefagleg forskning på samane og romanifolket**

Historiefagleg forskning på samane byrja i hovudsak rundt 1970 og 1980-talet, og forskinga i perioden reflekterte ein auka offentlig interesse for dei etniske minoritetane i Noreg.<sup>52</sup> Opprettinga av Universitetet i Tromsø i 1968 og Nordisk samisk institutt i 1973, var viktig for utviklinga av forskinga frå 1970-talet og framover.<sup>53</sup> Mykje av forskinga i perioden var også knyt til den offentlige debatten om samane sine rettar. Dette førte til at historiske undersøkingar fekk offentlig interesse og skapte nye debattar. Perioden var også prega av ein

---

<sup>50</sup> Kjeldstadli 1999: 266.

<sup>51</sup> Eriksen 2009: 15.

<sup>52</sup> Niemi 2001a: 341-342.

<sup>53</sup> Niemi 2001a: 342.



teoretisk debatt om kven som hadde rett til å studere etniske minoritetar, og kva teoretisk, metodisk og etiske spørsmål slik forskning opnar for. Tema som den historiske forskinga fokuserte på var demografi, økonomi, etnopolitikk og lokal/regionale studium med blikk på samane.<sup>54</sup> Ut over 1990-talet vart det også auka historisk forskning på samane sine rettar.<sup>55</sup>

I forhold til romanifolket var det først på 1990-talet at det blei gjort noko substansiell historisk forskning. Mykje av grunnen til dette var at det tidlig på 1990-talet kjem eit krav om ein grundig undersøking av politikken overfor romanifolket i Noreg.<sup>56</sup> I 1996 blei det satt i gang fire forskingsprosjekt med dette kravet som grunnlag. Eit av prosjekta var om steriliseringa av romanifolket i eit historisk ljøs.<sup>57</sup> Forskinga på romanifolket var lenge prega av at gruppa vart sett på som eit samfunnsproblem der løysinga av dette problemet sto i fokus. Ein tradisjon som går tilbake til Eilert Sundt sine studium av romanifolket på midten av 1800-talet.<sup>58</sup> Moderne historiske arbeid har derimot fokusert mykje på overgrepa som har vort gjort overfor gruppa.<sup>59</sup> Også for romanifolket må ein kunne seia at forskinga har reflektert ein auka offentleg interesse for minoriteten.

Det er tydelig at forskning på samisk historie er større og har ein lengre tradisjon enn den for romanifolket. Dette har nok mykje samanheng med at den etnopolitiske mobiliseringa hos samane auka i omfang frå 1970-talet og utover, og at den akademiske interessa då også auka parallelt med dette. For romanifolket starta den etnopolitiske organiseringa og den akademiske interessa først utover på 1990-talet.

Denne oppgåva studerer desse etniske gruppene i svært nær fortid, og vil dermed medverke til å utvide den nære historiske forskinga på gruppene. I forhold til romanifolket er dette eit perspektiv som den historiefaglege forskinga ikkje har fokusert på. At denne oppgåva nyttar eit komparativt perspektiv i forhold på to ulike etniske minoritetar, er også ei tilnærming som i liten grad har blitt nytta i historiefagleg forskning på etniske minoritetar i Noreg. Oppgåva medverkar slik til å studere etniske grupper i eit komparativt perspektiv, og ikkje berre som enkeltstående fenomen.

### **1.5.2 Forsking på framstilling av etniske minoritetar på museum**

Det finst mykje forskjellig forskning på ulike sider ved musea. Faget museologi ønskjer å kritisk utforske museum og musealisering gjennom ulike tilnærmingar frå ulike

---

<sup>54</sup> Niemi 2001a: 343 – 344.

<sup>55</sup> Niemi 2001a: 346.

<sup>56</sup> Hvinden & Kristiansen 2000: 7.

<sup>57</sup> Hvinden & Kristiansen 2000: 8.

<sup>58</sup> Sundt 1852.

<sup>59</sup> Sjå Hvinden 2000 & Niemi 2003.

fagdisiplinar.<sup>60</sup> Det relevante for denne oppgåva er først og fremst ein mindre del av museumsforskninga: Forsking på korleis etniske minoritetar vert framstilt på museum.

Det har vert gjort ein del forskning på korleis samane har blitt og blir framstilt på museum. Bjørnar Olsen argumenterer i den tidligare nemnte artikkelen, for at ein del av dei moderne samiske musea, på tross av å vera ein del av samisk samtidspolitik for å beskytte sin eigen kulturarv, også står i fare for å reprodusere dei tidligare etnografiske mesterberetningane, der samane blir til skrive ein statisk og tradisjonell kultur.<sup>61</sup>

Sosialantropologen Kjell Olsen har studert korleis samane vert framstilt på Alta museum i artikkelen *Ethnicity and Representation in a "Local" Museum*. Han argumenterer her med at utstillinga vil bli oppfatta ulikt av ulike grupper som besøker utstillinga. For turistane vil utstillinga passe inn i bildet om den djupe delinga mellom det moderne vestlige og urbefolkninga. Lokalbefolkninga vil derimot kunne utfordre ei slik lesing av utstillinga, og heller basere seg på eit skilje mellom det norske lokalsamfunnet og samane som er på utsida av dette. For folk frå kystområdet som ser på seg sjølv som samisk, vil utstillinga kunne manifestere hegemoniet til samane i innlandet av Finnmark.<sup>62</sup>

Folkloristen Stein R. Mathisen har også interessert seg for korleis samane blei framstilt på utstillingar. Han drøfter i artikkelen *Representasjoner av kulturell forskjell: Fortelling, makt og autoritet i utstillinger av samisk kultur*, om det innan rammene for etnografiske utstillingar i det heile er mogleg å formidle alternative versjonar til dei hegemoniske utstillingane om det samiske.<sup>63</sup> Artikkelen går historisk gjennom framstillinga av samane på museum frå den første kjente utstillinga i London i 1822, fram til vår eiga tid, og avsluttar med å studere utstillinga *Sápmi – en nasjon blir til*. Utstillinga *Sápmi* meiner han bryt med tidligare samiske utstillingar.<sup>64</sup> Mathisen konkluderer likevel med at han er usikker på om museumsutstillingar kan nyttast i eit post-kolonialt prosjekt og bryte med tradisjonen for å representere "dei andre":

"Bare framtiden kan vise om samtidas multikulturalitet, hybride identiter (sic), heterogene virkeligheter, og blandede etniske og kulturelle bakgrunn kan representeres innenfor museets utstillinger. Eller om det finnes andre arenaer som er bedre egnet til dette."<sup>65</sup>

Også masteroppgåva i arkeologi til André Nilsen, *Hva med sjøsamene? De etnopolitiske premissene for museumsutstillinger med samiske gjenstander*, frå 2009 er verdt å nemne her.

---

<sup>60</sup> Johansen, Losendahl & Ågotnes 2002: 13-14.

<sup>61</sup> Olsen, B 1999: 26.

<sup>62</sup> Olsen, K 2000: 152-153.

<sup>63</sup> Mathisen 2004b: 6.

<sup>64</sup> Mathisen 2004b: 21-22.

<sup>65</sup> Mathisen 2004b: 23.

Oppgåva ser på korleis sjøsamane blir framstilt på museum med samiske utstillingar.<sup>66</sup> Nilsens konklusjon etter å ha studert fire ulike museer med samiske utstillingar, er at det sjøsamiske blir gøymt bort, mens det er bilete av samane som reindrivere som vert stilt ut på utstillingane. Dette vert forklart med at samerørsla har fokusert på reindriftssamane sine rettigheter, mens sjøsamane har blitt satt til side.<sup>67</sup>

Samane er den norske minoriteten som det er gjort mest museumsforskning på. Det er gjort langt mindre forskning på korleis nye innvandringsgrupper eller dei fem nasjonale minoritetane vert framstilt på museum. Eit unntak er artikkelboka *Scandinavian museums and cultural diversity* som kom ut i 2008. Boka har artiklar om korleis urbefolkning, nasjonale minoritetar og nye innvandringsgrupper vert framstilt på museum i Skandinavia. Verdt å nemne er artikkelen *Kven culture and history in museum terms* av Lena Aarekol, som skildrar korleis dei moderne kvenske musea vart oppretta og korleis den kvenske kulturen og historia vart stilt ut.<sup>68</sup>

Forsking på framstillinga av romanifolket på museum er det svært lite av. Eit arbeid som er gjort om utstillinga *Latjo-Drom*, er Line Nordsveen sin masteroppgåve i kulturminneforvaltning frå 2010, *Latjo-Drom – en god reise? En analyse av holdningsendringer knyttet til Glomdalsmuseets utstilling om romanifolkets/taternes kultur og historie*. Denne studien analyserer utstillinga i ljøs av nyare museologisk teori og opp mot dei visjonane museet hadde for utstillinga.<sup>69</sup> Sjølv om denne oppgåva også peiker på etnopolitiske forhold i produksjonsprosessen, er oppgåva forankra i eit museumsfagleg perspektiv.

Som vist har det vert gjort noko forskning på korleis samane har blitt framstilt på museum, og utstillinga *Sápmi* har også blitt studert. Det framtrede med denne forskinga er at den har lagt stor vekt på dei etnopolitiske sidene ved samiske utstillingar, og i liten grad interessert seg for korleis museumsfaglege sider har verka inn. Denne oppgåva vil kunne tilføre noko nytt til dette feltet ved ikkje berre å fokusere på dei etnopolitiske premissane for dei samiske utstillingane, men også vurdere det museumsfaglege som ein potensielt viktig faktor i utstillinga, og å sjå på møtet mellom det museumsfaglege og etnopolitiske. Som vist har det vert gjort lite forskning på framstillinga av romanifolket på museum. Nordsveen sin oppgåve tar som nemnt utgangspunkt i museumsteori for å forstå utstillinga *Latjo-Drom*. Denne oppgåva skil seg frå Nordsveen ved eit større fokus på det etnopolitiske ved denne utstillinga.

---

<sup>66</sup> Nilsen 2009: 1.

<sup>67</sup> Nilsen 2009: 75 & 77-78.

<sup>68</sup> Aarekol 2008: 86-87.

<sup>69</sup> Nordsveen 2010: 9.

### 1.5.3 Forsking på bruk av historie

Dei siste åra har det i Noreg vore eit auka tal på forskarar frå ulike disipliner som har interessert seg for korleis historia vert nytta til ulike formål i samfunnet. Forsking på bruk av historie er eit svært tverrfagleg fagfelt.<sup>70</sup> Denne tverrfagligheiten har ført til at ein har fått eit vidt spekter av tilnærmingar til temaet, men samtidig er det lite som samlar fagfeltet.<sup>71</sup>

Folkloristen Anne Eriksen har vore sentral innan dette feltet, blant anna med boka *Historie, minne og myte*. Perspektivet ho nyttar i boka er korleis historia fungerer som eit kulturprodukt i samtida.<sup>72</sup> Historikaren Ola Svein Stugu har også markert seg på feltet med boka *Historie i bruk* der han gjev ein oversikt over ulike tilnærmingar og eksempel på bruk av historie i ulike samanhengar.<sup>73</sup>

Eit mykje studert felt innan bruk av historie, var korleis historia blei nytta i norsk nasjonalisme og nasjonsbygging.<sup>74</sup> Dei siste åra ser det derimot ut til at perspektivet har blitt utvida noko, og ein har valt å studere også andre politiske prosessar der identitet og legitimering er viktige element.<sup>75</sup> Dei siste 10 åra har nokre forskarar også valt å studere korleis dei etniske minoritetane i Noreg har nytta seg av historia, i samband med revitaliseringa av minoritetane sin kultur og den etnopolitiske mobiliseringa.<sup>76</sup>

Samtidig er det ikkje gjort noko forskning på bruk av romanifolket sin historie, og relativt lite om bruk av samane sin historie. Eit unntak for samisk historie er det 27. Nordnorske historieseminarer i 2002, som hadde temaet *Fortidsforestillinger: Bruk og misbruk av nordnorsk historie*. Innlegget til historikaren Bård A. Berg, med titelen *Forestillingen om en smaish nasjon*, som i ettertid blei publisert rapporten frå seminarer, omhandla bruk av samisk historie i politiske prosessar i samtida, og tar blant anna opp utstillinga *Sápmi –en nasjon blir til*, som eit eksempel på korleis forskarar nyttar historia i samisk nasjonsbygging.<sup>77</sup> Berg sitt syn på utstillinga vil bli drøfta nærare i kapitelet som tar for seg denne utstillinga.

---

<sup>70</sup> Det har komt bidrag frå fag som sosialantropologi (Thuen 2001), arkeologi (Olsen 2001), folkloristikk (Eriksen 1995, 1999), og historie (Stugu 2008).

<sup>71</sup> Det er blant anna lite geografisk eller institusjonel samling av forskning på bruk av historie. For eksempel høyrer forskarane nemnt over til på UiT, UiO og NTNU. Det eksisterer heller ikkje noko tidskrift som samlar fagfeltet på tvers av fagdisiplinar.

<sup>72</sup> Eriksen 1999: 10.

<sup>73</sup> Stugu 2008.

<sup>74</sup> Sjå Eriksen 1995: 58-72; Eriksen 1999: 43-54; Stugu 2008: 61-64.

<sup>75</sup> Sjå blant annet Einar Niemi sin artikkel *Nordnorske regionale strategier: Fortidsforestillinger og hjemkomstmyter* frå 2001. Niemi studerer her korleis fortidsforestillingar har verka inn på regionalismen i Nord-Noreg. Anne Eriksen har i artikkelen *Bygda vår – fra bygdebøkene's verden* frå 2002, vist korleis lokalhistoria kan vera eit viktig element i å skape lokal idenitet, men også kunne ha lokalpolitiske funksjonar.

<sup>76</sup> Sjå Ryymin 2004 og Selberg 2002.

<sup>77</sup> Berg 2004.

I forhold til dette fagfeltet kan denne oppgåva medverke til få studert korleis historia til dei etniske minoritetane i Noreg har vore nytta. Sidan det ikkje har vert forska på korleis romanifolket sin historie har blitt nytta, vil denne oppgåva medverke på eit felt der det enda ikkje har vert gjort noko forskning, samt få utvida forskinga på bruk av samane sin historie, som det så langt har blitt gjort lite forskning på.

## **1.6 Kjelder**

Ei heilt sentral kjelde i denne oppgåva er sjølvstilt museumsutstillingane. Eg besøkte utstillinga *Latjo-Drom* i september 2010 og utstillinga *Sápmi* i januar 2011. I tillegg til dei museale utstillingane, er det både for *Latjo-Drom* og *Sápmi – en nasjon blir til* produsert eit utstillingshefte og internettsider. For utstillinga *Sápmi* vart også eit nummer av det populærvitskaplege tidskriftet frå Tromsø Museum, *Ottar*, tileigna utstillinga med artiklar som omhandlar dei same temaene som utstillinga. Desse hefta og internettsidene har hjelpt i analysen av utstillingane. Men for å svare på kvifor ein har framstilt historia på eit bestemt vis og kva innverknad etnopolitiske og museumsfaglege forhold hadde på utstillingane, har det vert naudsynt å trekke inn også andre kjelder.

Det har blant anna vert naudsynt å studere kjelder som kan sei noko om prosessen med å produsera utstillingane, for å få kasta ljós over kva formål aktørane som har skapt utstillingane har hatt. Anne Eriksen skriv i sin bok *Museum: En kulturhistorie*, at musea tradisjonelt har lagt lite vekt på å dokumentere sin formidlingsverksemd.<sup>78</sup> Dette er eit problem som rammar også denne oppgåva, spesielt i forhold til utstillinga *Sápmi*. For utstillinga *Latjo-Drom* er situasjonen betre, etter som eg har fått tilgang til møtereferat frå møta mellom den oppretta referansegruppa og Glomdalsmuseet. Dette er ei god kjelde til å få kasta ljós over kva formål dei ulike aktørane har hatt med utstillinga, spesielt sidan møta gjerne var den primære arenaen der dei sentrale aktørane har kunne møtast.

Samtidig er det ikkje sikkert at aktørane sine formål kjem fram i kjelda. Eit moment ein må ha merksemd på, er at aktørane på slike møter, nødvendigvis ikkje klargjer kva dei ønskte å oppnå med å argumentere for ei type framstilling, framfor ei anna. Eit anna poeng er at aktørane som deltok på desse møta kan ha hatt motstridande interesser, der det å leggje fram sine mål med arbeidet, kan ha svekka deira moglegheit til å oppnå målet. I prosessar der det går føre seg maktkampar, kan aktørane finne det gunstig å skjule sine motiv. For å kunne tolke ei slik kjelde, vil det derfor vera naudsynt å vurdere diskusjonane på møta opp mot konteksten som dei ulike aktørane handla innanfor. Ved å vurdere kjelda i ljós av

---

<sup>78</sup> Eriksen 2009: 182.

konteksten kan ein nærme seg kva formål aktørane har hatt med det dei har argumentert for og i mot.<sup>79</sup>

I tillegg til møtereferat har eg nytta artikkelen *Glomdalsmuseet og romanifolket/taterne: Samarbeid, konflikt og prosess. En reise i museets erfaringslandskap*, skrive av fagleg ansvarlig for *Latjo-Drom* utstillinga, Mari Østhaug Møystad. Artikkelen omhandlar samarbeidet mellom Glomdalsmuseet og organisasjonane TL og LOR i arbeidet med utstillinga, og sto på trykk i publikasjonen *På sporet av den tapte samtid*, som var utgitt av Norsk Kulturråd.<sup>80</sup> Eg har også fått utført eit intervju med Mari Østhaug Møystad. Med dette intervjuet fekk eg mogelegheit til å spørje om forhold som går direkte på problemstillinga i denne oppgåva. Intervjuet har også gitt ein mogelegheit til å få utdjupa noko av det som ho tar opp i artikkelen.

For å få utdjupa synet til representantane for romanifolket som har delteke i arbeidet med utstillinga, har eg gått gjennom medlemsbladet til TL, *Fri som Fuglen*, for perioden 1997-2007. Arbeidet med denne utstillinga har vore viktig for TL, og deltakarane i referansegruppa har komme med innlegg i medlemsbladet, der dei informerer om framgangen i arbeidet, og gitt uttrykk for sitt syn på prosessen. Medlemsbladet *Fri som Fuglen* har vore ei god kjelde til å undersøke kva TL har ønskt å oppnå med utstillinga. Samtidig må medlemsblada vurderast ut frå sin kontekst og sjanger. Som medlemsblad for ein organisasjon er hovudoppgåva å kunne formidle organisasjonen sin relevans og arbeid for sine medlemmer. Tekstane i slike medlemsblad vil dermed gjerne ha ein spesiell positiv vinkling på TL og deira medlemmer. Dette er noko ein må ta høgde for når medlemsblad skal nyttast som kjelde. Her hadde det også vert ønskeleg å få studert medlemsbladet *Lorspeilet*, til organisasjonen LOR, men det lykkast ikkje i å få tilgang på dette.<sup>81</sup>

I følgje prosjektleiaren for utstillinga *Sápmi* og førsteamanuensis i antropologi ved Tromsø Museum, Terje Brantenberg, eksisterer det ikkje noko samling med referat frå arbeidet med denne utstillinga. Frå nokre møte blei det skrevet personlige referat, men ikkje godt nok gjennomført til at dei har ønska å gi tilgang til dette.<sup>82</sup> Derfor har det blitt utført intervju med nokre av dei sentrale aktørane i utviklinga av utstillinga. Dette gav eit innblikk i produksjonsprosessen.

Munnlege kjelder har samtidig nokre klare avgrensingar ein må vera seg medviten. Eit moment er hukommelsen til personane som vert intervjua. Desse vil ha innslag av gløymse

---

<sup>79</sup> Kjeldstadli 1999: 185.

<sup>80</sup> Møystad 2009.

<sup>81</sup> Nasjonalbiblioteket har ikkje dette i sitt arkiv og det lykkast heller ikkje å få tilgang gjennom LOR.

<sup>82</sup> E-post frå Terje Brantenberg, 02.09.2010.

og feilerindringar.<sup>83</sup> Knut Kjeldstadli har i artikkelen *Kildekritikk* henta element frå psykologien, kor det vert hevda at det eksisterer ein allmen trong for å minske motsetnader i sitt eige liv, og at ein vil kunne endre meiningar for å oppretthalda sitt sjølvbilete. Slike psykologiske prosessar vil dermed verka inn når ein gjenforteljer minner frå tidligare hendingar i sitt liv. Eit anna poeng er at fortida vert tolka i retning av samtida, slik at minna vert vendt for å vera meir i samsvar med samtida.<sup>84</sup> I tillegg til informantane sine avgrensingar i forhold til det å minnast, må ein spørje seg i kva grad informantane har mogelegheit til å gje eit godt bilde av prosessen. I dette tilfellet har informantane vert sentrale aktørar i prosessen, og det er grunn til å tru at dei har hatt god oversikt over hendingsforløpet. Eit forhold som ein også bør vera medviten i intervjusituasjonen er om informantane er velutdanna innan sine fagfelt, og at fagtradisjonane gjerne vil verke inn på korleis dei sjølv tolkar prosessen.<sup>85</sup>

I tillegg til intervju har eg nytta artikkelen *Museene, publikum og antropologien: Et Formidlingsprosjekt ved Tromsø Museum*, av professor i sosialantropologi Harald Eidheim, sosialantropolog og 1. konservator ved fageining for samisk etnografi på Tromsø Museum, Ivar Bjørklund og Terje Brantenberg, som alle var sentrale i arbeidet med utstillinga *Sápmi*. Artikkelen sto på trykk i *Norsk Antropologisk Tidsskrift* nr. 3 2002, og forfattarane skriv her om kva formål dei har hatt med utstillinga, og kva metode dei har nytta for å oppnå desse måla. Denne artikkelen vil kunne kaste ljós over kva mål ein har hatt med utstillinga og kva museumsfaglege og politiske idear som låg til grunn. Men også her må ein ta høgde for at forfattarane ønskja å posisjonere seg sjølv innafor faget antropologi som dei var ein del av.<sup>86</sup> Eg har også fått tilgang til ein rapport om utstillinga, skrevet av produsenten ved utviklinga av *Sápmi*, Ellen Marie Beck.<sup>87</sup> Denne rapporten gjev eit innblikk i produksjonen av utstillinga frå produsenten sitt perspektiv.

For utstillinga *Sápmi* kunne ein gjerne ha ønskt at kjeldesituasjonen var betre, spesielt i forhold til møtereferat frå prosessen. Samtidig er dei munnlege kjeldene og det skriftlege materialet frå aktørane tilstrekkeleg til å komme fram til svar på problemstillingane. Det er samtidig interessant at kjeldesituasjonen er så pass ulik for dei to utstillingane. At dei ved *Sápmi* ikkje organiserte referat frå møta, seier noko om at ein har hatt ein produksjon der ein ikkje har sett relevansen av å føre referat. På Glomdalsmuseet kan det derimot ha vert viktig å

---

<sup>83</sup> Kjeldstadli 1999: 196.

<sup>84</sup> Kjeldstadli 1981: 71-72.

<sup>85</sup> Kjeldstadli 1981: 78-79.

<sup>86</sup> Eidheim, Bjørklund & Brantenberg 2002: 124.

<sup>87</sup> *Noen erfaringer fra utstillingsproduksjonen "Sápmi -en nasjon blir til" -sett fra produsentens synsvinkel.* (2001) Av: Beck, Ellen Marie.

skrive referat for å kunne dokumentere kva som har blitt gjort og vedtatt, spesielt sidan det var fleire eksterne aktørar med i produksjonen av utstillinga.

I tillegg til utstillingane og arbeidet med dei, har det også vore naudsynt å studere kjeldematerial som omhandlar utstillingane i ein breiare etnopolitisk og museumsfagleg samanheng. Ei kjelde til dette er avisoppslag. Søk i avisdatabasen Atekst for norske aviser har gitt meg avisoppslag om utstillingane i avisene *Aftenposten*, *Klassekampen*, *Nordlys* og *Verdens Gang*. I tillegg har eg studert mikrofilm av avisene *Glåmdalen* og *Sagat*.<sup>88</sup>

Avisartiklar og avisinnlegg har vore ei god kjelde til å undersøkje om utstillingane har ført til ein breiare etnopolitisk debatt som har blitt flytta utanfor musea. For aktørar som er kritisk til framstillinga av historia på utstillingane, vil det å kontakte og uttrykke seg til aviser kunne vera ein rask og enkel måte å få uttrykt motstand mot utstillinga. Avisoppslag er ei god kjelde til kva etnopolitisk funksjon utstillingane har hatt.

Eit potensielt problem med å velje ut kjelder som omhandlar etniske grupper med eigne språk, er dei avgrensingane som mangel på språkkunnskapar kan skape. For denne oppgåva har ikkje dette skapt noko større problem. Begge desse utstillingane har nytta norsk som hovudspråk. I forhold til kjeldene rundt *Sápmi* har det blitt samla inn eit bredt utval av kjelder på norsk, at mangel på samiske språkkunnskapar ikkje har skapt noko større problem for oppgåva. Blant romanifolket og deira interesseorganisasjonar har den skriftlege kommunikasjonen i svært stor grad gått på norsk.<sup>89</sup>

## **1.7 Strukturen i oppgåva**

Etter dette innleiingskapitlet, der problemstillingar, metode og forskingslitteratur har blitt drøfta, vil det neste kapitlet i oppgåva omhandle den museumsfaglege og etnopolitiske konteksten som desse utstillingane gjekk inn i. Desse kontekstane er sentrale for representasjonsanalysen av utstillingane, og det vil i dette kapitlet bli formulert nokre arbeidsspørsmål for analysen. Vidare er det eit kapittel for utstillinga *Latjo-Drom* og eit for *Sápmi –en nasjon blir til*, der det vil bli kasta ljós over dei problemstillingane som er formulert i dette kapitlet. Til slutt er det eit avslutningskapittel som summerer opp korleis historia til romanifolket og samane har blitt framstilt ved desse utstillingane, i tillegg til ei samanlikning av framstillinga ved dei to utstillingane.

---

<sup>88</sup> *Sagat* og *Glåmdalen* er ikkje tilgjengelig i Atekst for den perioden som oppgåva omhandlar. *Glåmdalen* er ei lokal dagsavis som dekker Glåmdalsregionen. *Sagat* er ei samisk avis med hovudkontor i Lakselv. Avisa er i hovudsak norskspråklig og kom i denne perioden ut tre gonger i veka.

<sup>89</sup> TL sitt medlemsblad *Fri som fuglen* blir blant anna gitt ut på norsk.



## 2. Etnopolitiske og museumsfaglege forhold i Noreg

For å kunne kasta ljós over hovudproblemstillinga, er det naudsynt å få ei skisse over dei kontekstane som utstillingane var ein del av. Dette kapitlet handlar dermed om dei etnopolitiske og museumsfaglege kontekstane som utstillingane *Latjo-Drom* og *Sápmi –en nasjon blir til*, var ein del av. Ut frå desse kontekstane vil det kunne hentast relevante spørsmål som vil hjelpe i arbeidet med representasjonsanalysen av utstillingane. Gjennom kapitlet vil også dei sentrale aktørane i prosessen med å skape utstillingane bli introdusert.

### 2.1 Minoritetspolitikk og etnopolitikk i Noreg

For den vidare teksten er det naudsynt å gjere eit skilje mellom omgrepa *minoritetspolitikk* og *etnopolitikk*. Som nemnt i førre kapittel, viser etnopolitikk i denne oppgåva til politiske krav retta på bakgrunn av etnisitet. Minoritetspolitikk er derimot den politikken som staten fører overfor etniske minoritetar, urfolk og innvandrarak. Omgrepa heng samtidig saman, ved at etnopolitikk ofte vil vera retta mot staten, for å få den til å endra sin minoritetspolitikk. Samtidig vil statens minoritetspolitikk setje nokre viktige ramar for den etnopolitiske aktiviteten. Det er likevel viktig å oppretthalde eit analytisk skilje mellom omgrepa i denne oppgåva.

#### 2.1.1 Norsk minoritetspolitikk

Den norske politikken overfor etniske minoritetar har vore prega av skiftande målsettingar og ideologi. Frå 1814 og fram til rundt 1850 var politikken prega av ein romantisk oppfatning, der kvart folkeslag sine genuine trekk vart framheva, noko som også gav folkeslaga rett til ei viss utfolding.<sup>90</sup> Frå midten av 1800-talet skifta denne politikken i retning av ein kulturell og språklig assimilasjonspolitik, tett knytt til ein nasjonalisme som definerte Noreg som eit land med homogen folkesetnad.<sup>91</sup> Målsetjinga med assimilasjonspolitikken var at minoritetane skulle gje opp sin etniske identitet og bli kulturelt identitisk med majoritetssamfunnet. Utover på 1900-talet byrja tankar om rase å få innpass i Noreg, noko som verka inn på korleis ein såg på etniske minoritetar. Den ytste konsekvensen av ideologiane som nytta seg av rasekategorien, var at innbyggjarane vart delt inn i raser forankra i biologi, og raser var noko som ikkje så lett let seg forandre.<sup>92</sup> Den kulturelle assimilasjonspolitikken overfor romanifolket kom under kritikk frå personar som på 1930-talet omfamna ideane om raser, og

---

<sup>90</sup> Niemi 2003: 25.

<sup>91</sup> Niemi 2006: 407.

<sup>92</sup> Kjeldstadli 2003a: 321 & 325.

politikken vart i ein periode dreidd i retning av rasehygieniske løysningar som sterilisering.<sup>93</sup> Overfor samane var det kulturell og språklig assimilasjonspolitik som sto fast fram til etter andre verdskrig, sjølv om det i perioden var debatt om assimilasjon var den riktige politiske strategien.<sup>94</sup>

Romanifolket var kanskje den minoriteten i Noreg som måtte tåla hardest assimilasjon.<sup>95</sup> På 1900-talet fekk organisasjonen Norsk misjon blant hjemløse (Misjonen) særomsorg overfor romanifolket. Målet med denne særomsorga var å fjerne romanikulturen og å gjere gruppa norsk.<sup>96</sup> Å ta barn frå foreldre av romanislekt var eit mykje brukt middel til å få fjerna livsforma og kulturen til romanifolket.<sup>97</sup> På Svanviken arbeidsskoloni, drive av Misjonen, var målet å få romanifamiliar bufast og i arbeid, og på det viset få fjerna livsforma.<sup>98</sup>

Politikken overfor samane på 1800- og langt ut på 1900-talet gjekk under namnet fornorskingspolitikken. Den var ikkje like radikal som særomsorga overfor romanifolket, men også her var målet å gjere samane til nordmenn. Dette blei blant anna gjennomført i skulane, der lærarinstruksane frå 1880 påla skulane å fjerna alt samisk språk frå undervisninga.<sup>99</sup> Nordkalotten var lenge eit tryggleikspolitisk grenseområde, der frykta for russisk og finsk ekspansjon i Nord-Noreg også ga næring til den norske minoritetspolitikken i området.<sup>100</sup>

Frå 1945 og fram til 1960-talet vart spørsmålet om minoritetspolitikk i stor grad nedprioritert i forhold til gjenoppbygginga etter krigen. Den rådande tankegangen var at utviklinga av velferdssamfunnet ville føre til ein slutt på minoritetspolitiske spørsmål. I 1959 skjedde det likevel ei endring, då den regjeringsnedsette Samekomiteen kom med sin rapport. Komiteen la opp til ein politikk som ville innebere eit avgjerande brot med assimilasjonspolitikken, og la fram forslag om styrking av samisk språk i skulane, administrative tiltak for å tryggje det "samiske kjerneområdet" sin samiske karakter, samt oppretting av eit Norsk Sameråd.<sup>101</sup> Styresmaktene sentralt var positiv til rapporten, men den møtte motstand i Nord-Noreg, spesielt frå lokallag av Arbeidarpartiet. Rapporten vart grunnlaget for *Stortingsmelding nr. 21 (1962-1963)*. I følgje museumslektor Bjørn Aarseth, og forfattar av boka *Norsk Samepolitikk 1945-1990: Målsetting, Virkemidler og Resultater*,

---

<sup>93</sup> Haave 2000: 32-33.

<sup>94</sup> Niemi 2006: 414.

<sup>95</sup> Tjelmeland 2003: 126.

<sup>96</sup> Hvinden 2000: 15-16.

<sup>97</sup> Pettersen 2000: 97.

<sup>98</sup> Gotaas 2000: 239.

<sup>99</sup> Lorenz 1981: 80 & 88.

<sup>100</sup> Eriksen & Niemi 1981: 317 & 322.

<sup>101</sup> Aarseth 2006: 38-39.

var Stortingsmeldinga eit pragmatisk dokument der prinsippspørsmåla kom i bakgrunnen, men samtidig eit steg i retning av pluralistisk kulturpolitikk og eit brot med assimilasjonspolitikken.<sup>102</sup> Den påfølgjande debatten i Stortinget viste også at det var ein viss oppslutnad for å få eit skifte i politikken overfor samane.<sup>103</sup>

Vendinga i politikken overfor romanifolket kom då Sosialdepartementet oppretta Solheimsutvalget i 1976.<sup>104</sup> Utvalet anbefalte å avvikle særromsorgen overfor romanifolket, noko som blei gjort i løp av 1980-talet.<sup>105</sup> Noreg signerte *Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter* i 1995, mens ratifiseringa av konvensjonen først skjedde i 1999, noko som gav kvenene, skogfinnane, romanifolket, romfolket og jødane status som nasjonal minoritet.<sup>106</sup> Som ein oppfølging av denne ratifiseringa kom Kommunal og regionaldepartementet ut med *Stortingsmelding nr.15 (2000-2001) Nasjonale minoritetar i Norge – Om statlig politikk overfor jødar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar* som var den første heilskaplege gjennomgangen av politikken overfor minoritetane.<sup>107</sup> Ei rekke initiativ blei satt i gang i kjølevatnet av stortingsmeldinga, mange av dei knyt til kultur, utdanning og erstatning for tidligare minoritetspolitikk.<sup>108</sup>

Det var altså eit tydelig skifte i den norske politikken overfor romanifolket i den perioden denne oppgåva omhandlar, der politikken vart prega av gruppa sin status som nasjonal minoritet, samt ein støtte til romanifolket si organisering. Sosiolog og forfattar av boka *Taternes arbeid for oppreisning og anerkjennelse i Norge*, Rune Halvorsen, meiner dette skifte i politikk kan forklarast med at romanifolket ikkje lenger blei oppfatta som ein trussel mot storsamfunnet, i tillegg til at det kom eit ideologisk skifte, der ein tok omsyn til individuelle forskjellar i den offentlige forvaltninga.<sup>109</sup>

Utover 1980-talet skjedde det fleire viktige endringar i den norske politikken overfor samane. Som ein reaksjon på Alta-Kautokeino saka sette regjeringa i 1980 ned Samerettsutvalget og Samekulturutvalget. Samerettsutvalget si utreiing frå 1984 kom med forslag om ei eit samisk folkevalt organ, noko som blei følgt opp og førte til at Sametinget blei opna i 1989.<sup>110</sup> Samerettsutvalget foreslo også ei grunnlovsending i utredninga frå

---

<sup>102</sup> Aarseth 2006: 52 & 54.

<sup>103</sup> Niemi 2006: 416-417.

<sup>104</sup> Rokne 2010: 21 & 23-24.

<sup>105</sup> Tjelmeland 2003: 126.

<sup>106</sup> Niemi 2006: 424 & 429.

<sup>107</sup> *St.meld nr.15 2000-2001*: 4.

<sup>108</sup> Niemi 2006: 436.

<sup>109</sup> Halvorsen 2004: 46.

<sup>110</sup> Thuen 1995: 23.

1984.<sup>111</sup> Denne vart gjennomført i 1988 då § 110A vart lagt til grunnlova: ”Det paaligger Statens Myndigheter at lægge Forholdene til Rette for at den samiske Folkegruppe kan sikre og utvikle sit Sprog, sin Kultur og sit Samfundsliv”.<sup>112</sup> Det viktigaste resultatet av Samekulturutvalget var utredninga frå 1985 som førte til ei lovendring i 1990, der samisk og norsk språk blei likestilt.<sup>113</sup> Eit anna viktig politisk gjennombrot for samane kom i 1990 då Noreg ratifiserte *ILO konvensjon nr.169*.<sup>114</sup> I tillegg til å styrka samane sin juridiske posisjon, vart ratifiseringa av konvensjonen ein manifestasjon på samane sin status som eit urfolk.<sup>115</sup>

### 2.1.2 Etnopolitisk mobilisering blant samane

Dei første samiske organisasjonane vart skipa tidlig på 1900-talet.<sup>116</sup> Desse hadde ganske moderat oppslutnad, og det var først etter andre verdskrig, og spesielt utover på 1970-talet at den samiske etnopolitiske organiseringa skaut fart. I 1968 blei Norske Samers Riksforbund (NSR) skipa, som ein nasjonal samisk organisasjon, og tiltrakk seg i byrjinga høgt utdanna samar. I 1979 vart også Samenes Landsforbund (SLF) skipa og fekk spesielt oppslutnad langs kysten.<sup>117</sup> Den fleirnasjonale organiseringa av samane starta alt i 1956 med skipinga av Nordisk Sameråd, som tok namnet Samerådet i 1992, då samane på Kolahalvøya også vart med.<sup>118</sup> Eit nytt element på 1970-talet var at Nordisk Sameråd gjekk inn som ein av dei stiftande medlemne av Verdensrådet for urbefolkningar (WCIP), og gjorde dermed samerørsla til ein del av ei internasjonal rørsle for urfolk.<sup>119</sup>

Kampen for å verne Alta-Kautokeino vassdraget mot kraftutbygging, blei spesielt viktig for den etnopolitiske mobiliseringa av samane. Motstandarane mot utbygginga argumenterte med at ei oppdemming av vassdraget ville føre til skade på samisk reindrift i området, samt at samane som eit urfolk hadde rett til å bestemme over vassdraget.<sup>120</sup> Kampen for å verne elva nådde eit politisk toppunkt mellom 1979 og 1981, og utvikla seg frå å handle om naturvern, til i hovudsak å handle om reindriftssamane sin juridiske rett til å bestemme over beiteområde, samt samane sin status som eit urfolk.<sup>121</sup> Aksjonsformar som sivil ulydigheit og sveltestreik blei nytta, noko som var uvanlig i ein norsk politisk tradisjon.

---

<sup>111</sup> Thuen 1995: 48.

<sup>112</sup> §110A Kongeriget Norges Grundlov.

<sup>113</sup> St.meld nr.55 2000-2001: 21-22.

<sup>114</sup> *International Labour Organization (ILO) 1990: Konvensjon om urbefolkninger og stammefolk i selvstendigestater.*

<sup>115</sup> Niemi 2006: 421.

<sup>116</sup> Aarseth 2006: 8.

<sup>117</sup> Sillanpää 2002: 85.

<sup>118</sup> Heininen 2002: 227.

<sup>119</sup> Sillanpää 2002: 86.

<sup>120</sup> Thuen 1995: 45

<sup>121</sup> Thuen 2002: 282.

Spesielt fekk samane som gjekk til sveltestreik utanfor Stortinget i 1979, stor merksemd i media, og fekk formidla eit bilete av det ujamne maktforholdet mellom staten på den eine sida, og eit urfolk som kjempa for sine rettar på den andre.<sup>122</sup> Alta-Kautokeino saka vert sett på som eit stort vendepunkt i historia om samisk mobilisering. På tross av at vassdraget blei utbygd, førte kampen til ei auka revitalisering av samisk identitet, samt politiske og juridiske endringar.<sup>123</sup>

Utover på 1990-talet vart Sametinget ein svært viktig institusjon og arena for samepolitikk. Sametinget var først berre organisert som eit rådgivande organ for norske styresmakter, men etter kvart blei fleire forvaltningsområde som omhandla samisk forhold overført til Sametinget.<sup>124</sup> For å bli eit folkevalt organ vart det naudsynt å opprette eit manntal, der ein også sette krav for å kunne registrere seg: Definere seg sjølv som samisk, bruke samisk språk eller ha foreldre, besteforeldre eller oldeforeldre som har hatt samisk som morsmål.<sup>125</sup> Ved valet i 2001 var det registrert 9923 personar i samemanntalet, samt telt opp 6570 godkjente stemmer. Det var først og fremst i innlandstrøk og sentrale reindriftskommunar at det var høg registrering til manntalet, mens det var mindre oppslutnad langs kysten.<sup>126</sup> NSR som hadde hatt eit samisk parlamentarisk organ som sentral kampsak, vart før opninga til det første Sametinget omforma til også å verte eit politisk parti.<sup>127</sup>

I heile etterkrigstida har kampen over retten til land og vatn stått sentralt i den politiske debatten rundt samane. Etter at Noreg ratifiserte *ILO-konvensjon nr. 169* i 1990, har denne konvensjonen stått sentralt i debatten.<sup>128</sup> Det er i hovudsak artikkel 14 og 15 som omhandlar urfolk sine rettar til land, og konvensjonen gjer det klart at urfolk har ein spesiell rett til landområde dei tradisjonelt har nytta:

”Vedkommende folks rettigheter til eierskap og besittelse av de landområder der de tradisjonelt lever, skal anerkjennes. Når forholdene tilsier det, skal det også treffes tiltak for å sikre vedkommende folks rett til å bruke landområder der de ikke er de eneste som lever, men som de tradisjonelt har hatt tilgang til for sitt livsopphold og sin tradisjonelle virksomhet. I denne sammenheng skal det legges spesiell vekt på situasjonen for nomadiske folk og personer som driver flyttejordbruk.”<sup>129</sup>

Samerettsutvalget byrja i 1984 arbeidet med spørsmålet om samane sine rettsforhold i Finnmark. Utvalet sette ned arbeidsgrupper som arbeida fram tre utredningar som tente som bakgrunn for utvalet si drøfting og forslag i hovudutredninga *NOU 1997: 4 Naturgrunnlaget*

---

<sup>122</sup> Thuen 1995: 108 & 203.

<sup>123</sup> Erikson & Karppi 2002: 364.

<sup>124</sup> Bjerkli & Selle 2003: 56-57

<sup>125</sup> Magga 2002: 300.

<sup>126</sup> Mellingen 2004: 27 & 29.

<sup>127</sup> Mellingen 2004: 57.

<sup>128</sup> Skoghøy 1999: 81.

<sup>129</sup> *International Labour Organization (ILO) 1990: Konvensjon om urbefolkninger og stammefolk i selvstendigestater.*

for samisk kultur.<sup>130</sup> Samerettsutvalget foreslo at eigedomsretten til staten sin grunn i Finnmark, som utgjorde 96 % av arealet i fylket, skulle overføres til eit organ under namnet Finnmark grunnforvaltning, der halvparten av styremedlemene skulle oppnemnast av fylkestinget og den andre halvparten av Sametinget. Fleirtalet av utvalet meinte at opprettinga av dette organet ville få norsk lov til å samsvare med *ILO-konvensjon nr. 169* artikkel 14 nr 1.<sup>131</sup> Utgreininga til Samerettsutvalget vart grunnlaget for *Ot.prp. nr. 53 (2002-2003) Om lov om rettsforhold og forvaltning av grunn og naturressurser i Finnmark fylke (Finnmarksloven)*, som hadde som hovudformål at lova skulle avløyse striden rundt land og vatn, samt å gi forutsigbarheit i naturgrunnlaget for samisk kultur.<sup>132</sup> Finnmarksloven vart etter behandling i Stortinget kunngjort 17. juni 2005.<sup>133</sup>

Utvikling av samisk kultur var også eit felt som vart sett på som viktig utover 1990-talet og Sametinget fekk ansvaret for å fordele dei statlige midlane til samisk kultur.<sup>134</sup> Spesielt var samisk språk og retten til språkopplæring på skulen viktig, som *ILO-konvensjon nr. 169* også la vekt på.<sup>135</sup> I 1997 blei det innført samisk læreplan for skular i samiske områder, der både samisk språk og kultur er ein del av opplæringa.<sup>136</sup> Innføringa av samisk i grunnskulen var ei kontroversiell sak, spesielt på lokalt nivå, der fleire bygder har hatt splittande konflikter om det samiske sin plass i skulen.<sup>137</sup>

I ljøs av den etnopolitiske konteksten rundt *Sápmi –en nasjon blir til*, har eg formulert to spørsmål som vert nytta i representasjonsanalysen av utstillingane: 1. Bekreftar eller utfordrar elementa i utstillinga samane sin status som eit urfolk? 2. Kan elementa i utstillinga tolkast som argument i debatten om land og vatn? Resten av dette underkapitlet vil utdjupe og grunngje desse spørsmåla.

Som vist var statusen som urfolk ein viktig faktor for sametinget sin legitimitet, samt i argumentasjonen for rett til land og vatn. I ljøs av denne konteksten vert det derfor relevant å studere om elementa i utstillinga byggjer opp under samane sin status som urfolk, eller om den bryt med dette. Her vil den norske definisjonen av urfolk, slik den vert uttrykt i

---

<sup>130</sup> *Ot.prp nr. 53 2002-2003: Om lov om rettsforhold og forvaltning av grunn og naturressurser i Finnmark fylke (Finnmarksloven)*.

<sup>131</sup> *NOU 1997: 4 Naturgrunnlaget for samisk kultur*: 102-103 & 9.

<sup>132</sup> *Ot. Prp. nr.53 2002-2003: Om lov om rettsforhold og forvaltning av grunn og naturressurser i Finnmark fylke (Finnmarksloven)*: 7.

<sup>133</sup> *Lov 17. juni 2005 nr. 85: Om rettsforhold og forvaltning av grunn og naturressurser i Finnmark fylke (finnmarksloven)*.

<sup>134</sup> *Magga 2002*: 308.

<sup>135</sup> *International Labour Organization (ILO) 1990: Konvensjon om urbefolkninger og stammefolk i selvstendigestater*: Sjå artikkel 26-28.

<sup>136</sup> *Lehtola 2002*: 90.

<sup>137</sup> *Hovland 1999*: 166-167.

*Stortingsmelding nr. 55 (2000) Om Samepolitikken* kunne komme til nytte. Det vert i stortingsmeldinga vist til ILO-konvensjon nr.169 sin artikkel 1b:

”folk i selvstendige stater som er ansett som opprinnelige fordi de nedstammer fra de folk som bebodde landet eller en geografisk region som landet tilhører, på det tidspunkt da erobring eller kolonisering fant sted eller de nåværende statsgrenser ble fastlagt og som, uavhengig av sin rettslige stilling, har beholdt noen eller alle av sine egne sosiale, økonomiske, kulturelle og politiske institusjoner.”<sup>138</sup>

Ved å nytte denne definisjonen kan elementa i utstillinga vurderast opp mot denne, og ein kan få fram om utstillinga bekreftar samane sin opphavlege nedstamming til eit geografisk området i Noreg, eller om den har valt å ikkje formidle dette, eventuelt formidlar eit annan opphav for samane.

Samtidig kan urfolksomgrepet nyttast breiare enn slik det vert definert i ILO-konvensjonen. Eit aspekt med den norske samerørsla er at den vaks fram samtidig, og i samarbeid med den internasjonale urfolksrørsla, og då spesielt i samarbeid med WCIP. Den Canadiske urfolksleiaren, og første formannen i WCIP, George Manuel, lanserte på byrjinga av 1970-talet, omgrepet ”den fjerde verden”. Den fjerde verden var meint å vise til eit globalt fellesskap av urfolk, der det på tross av geografiske og politiske forskjellar, likevel var nokre delte verdiar og erfaringar, som gjorde urfolka i verda til eit fellesskap. Blant desse var sterk tilknytning til jorda, og at urfolka hadde tapt kontrollen over deira tradisjonelle land.<sup>139</sup> Den internasjonale organiseringa av urfolk var også ein viktig faktor for den samiske rørsla på 1980 og 1990-talet, ikkje berre for å gi legitimitet til rørsla, men også fordi den internasjonale organiseringa var ein viktig pådrivar for at *ILO-konvensjon nr. 169* blei utarbeida. Det vert derfor interessant om utstillinga også har med eit globalt perspektiv i defineringa av samane som eit urfolk, og ser på samane som del av eit globalt urfolksfellesskap.

Retten til land og vatn var kanskje den viktigaste enkeltsaka innan samisk etnopolitikk i perioden som utstillinga *Sápmi* vart laga og opna. Det kan derfor vera grunn til å tru at nokre av elementa i utstillinga kan tolkast som innlegg i denne debatten. Terje Brantenberg, Ivar Bjørklund og Harald Eidheim var viktige aktørar i utarbeidinga av utstillinga *Sápmi*, men også aktive i denne debatten om samane sin rett til land og vatn.<sup>140</sup> I representasjonanalysen vert det derfor interessant å studere elementa i utstillinga i ljøs av dei argumenta som desse tre aktørane har gitt uttrykk for i denne debatten. Sjølv om dei hadde fleire innlegg om denne saka, vel eg å sjå på argumentasjonen som dei gjev uttrykk for i ein

---

<sup>138</sup> *St.meld. nr. 55 (2000): 23.*

<sup>139</sup> Minde 2008: 59-60.

<sup>140</sup> Temaet land og vatn blir blant anna tatt opp i avisinnlegg av Brantenberg i lag med professor i historie, Henry Minde i *Aftenposten Morgen* 04.02.1994, av Brantenberg i *Nordlys* 24.11.1993, av Eidheim i *Nordlys* 20.12.2002 og av Eidheim, Brantenberg og Bjørklund i *Aftenposten Morgen* 23.11.2002.

kronikk i *Aftenposten* 23.11.2002, med namnet *Siste runde om samenes rett til land og vann?*. Årsaka til kvifor eg har valt denne kronikken er fordi den er forfatta av både Bjørklund, Brantenberg og Eidheim.

Kronikken var ein reaksjon på at regjeringa indikerte at sametinget berre ville få tre av fire representantar i forvaltningsorganet for land og vatn i Finnmark. Forfattarane argumenterer i mot at sametinget sine representantar skulle komme i mindretal, og det er i hovudsak tre argument som vert nytta i kronikken. Det første som vert peikt på er den nære historia:

”I de senere år er der skapt en utvikling mot en samlende etnisk selvforståelse i den samiske verden. Denne selvforståelsen bygger på en voksende bevissthet om et fellesskap som et eget folk med territoriell forankring og egne kulturelle uttrykk”<sup>141</sup>

Det andre argumentet viser til at Noreg har hatt eit engasjement for urfolk internasjonalt, men at det var eit gap mellom dei forventningane som det internasjonale engasjementet skapte og dei praktiske konsekvensane dette fekk i Noreg. Det siste argumentet viser til samiske folkeminne over tidligare statlege overgrep mot gruppa, som språkloven av 1880, jordsalgsinnstruksen av 1902 og Alta-Kautokeino saka. Forfattarane viser så til at Finnmarkslova kan komme til å gå inn som eit slikt minne: ”Samtidig vekkes også frykten for at man med den påtenkte Finnmarksloven av 2003 skal skrive inn et nytt årstall i den samiske «minneboken» over statens makt og urfolks avmakt.”<sup>142</sup>

Som ei utdjuing av spørsmålet om elementa i utstillinga kan tolkast som argument i debatten om land og vatn, blir argumenta frå denne kronikken nytta. Konkret vil gjenstandar, bilete eller tekst analyserast om dei individuelt, eller i relasjon til kvarandre, formidlar desse tre argumenta frå kronikken: 1. Utviklinga av ein samlande etnisk sjølvforståing, som eit eige folk med territorial forankring og eigne kulturelle uttrykk. 2, Gapet mellom den norske politikken internasjonalt og politikken overfor samane. 3, Sett den samtidige behandlinga om Finnmarksloven i relasjon til tidligare overgrep mot samane, som språkloven, jordsalgsinnstruksen eller Alta-Kautokeino vedtaket.

Det bør samtidig poengterast at det ikkje har vert uvanleg at akademikarar, gjerne utan samisk etnisk tilhørsle, har vert aktive i spørsmål innan samisk etnopolitikk. Mykje av den tidlige organiseringa for samiske rettar etter krigen, blant anna Nordisk Sameråd, skjedde blant det som har blitt kjent som samevenner, som var personar utan etnisk samisk tilknytning, men som var sympatisk innstilt til samane. Forskarar som arbeida med samiske spørsmål var

---

<sup>141</sup> *Aftenposten Morgen* 23.11.2002: 9.

<sup>142</sup> *Aftenposten Morgen* 23.11.2002: 9.



blant anna godt representert blant desse samevonnane.<sup>143</sup> Ved den auka samiske mobiliseringa utover 1970-talet og med Alta-Kautokeino-saka blei det også ein kraftig auke i forskning på samiske spørsmål, og mykje av forskinga var prega av at den tok standpunkt i dei pågåande politiske prosessane.<sup>144</sup> Bjørklund, Brantenberg og Eidheim sin kronikk og deltaking i samepolitiske spørsmål kan sjåast i ljøs av denne tradisjonen.

### **2.1.3 Etnopolitisk mobilisering blant romanifolket**

Frå 1990 og framover forsøkte enkelte innan romanifolket å organisere seg på bakgrunn av sin etnisitet. Rune Halvorsen har sidan 1990 registrert tretten namn på ulike organisasjonsforsøk blant romanifolket.<sup>145</sup> Forholdet mellom dei ulike organisasjonane har vore problematisk og ofte prega av konflikt.<sup>146</sup> For perioden som denne oppgåva omhandlar, var det TL og LOR som var dei to dominerande interesseorganisasjonane for romanifolket.

TL blei stifta 26. april 1995, og det vart på opningsmøte skissert at ein ønska å arbeide for oppreisning for overgrep, ein samlingsstad for å bevare romanifolket sin kultur, søke anerkjenning som etnisk minoritet og medverke til eit positivt sjølvbilde blant romanifolket.<sup>147</sup> TL har til tider hatt eit vanskeleg arbeid med å få organisert romanifolket. Fleire av romanislekt har uttrykt seg skeptisk til å stå fram med sin etniske identitet, og til å organisere romanifolket i organisasjonar. Spesielt blei TL utsett for motstand hausten 1997 og våren 1998, då regjeringa kom med forslag om å omtale romanifolket som ein nasjonal minoritet.<sup>148</sup> Også internt i TL har det i periodar vort problematiske forhold, og spesielt internt i styret. Geografisk avstand og sårbarheit i forhold til storsamfunnet har vort årsaker til manglande tillit internt i organisasjonen.<sup>149</sup>

I 1998 vedtok det nasjonale kyrkjemøtet ei unnskyldning overfor romanifolket, for dei overgrepa som Den norske kyrkja medverka til.<sup>150</sup> Sjølv om TL syntes unnskyldninga var for vag, utarbeida dei ein samarbeidsavtale med Den norske kyrkja i løpet av 1999.<sup>151</sup> Den vage unnskyldninga frå kyrkja blei samtidig ein avgjerande årsak til at romaniorganisasjonen LOR blei oppretta.<sup>152</sup>

---

<sup>143</sup> Jernsletten 1997: 283-285; Otnes 1970: 180-181.

<sup>144</sup> Niemi & Semb 2009.

<sup>145</sup> Halvorsen 2004: 61.

<sup>146</sup> Gotaas 2000: 409.

<sup>147</sup> Halvorsen 2004: 19-20.

<sup>148</sup> Halvorsen 2000: 212-214.

<sup>149</sup> Halvorsen 2004: 58-59.

<sup>150</sup> Kyrkjemøtet er det øverste representative organet i Den norske kyrkje.

<sup>151</sup> Halvorsen 2004: 79-80.

<sup>152</sup> Hvorfor ble LOR stiftet: <<http://www.lor.no/lor/Om+LOR/cid/14527/>> [nedlastet: 30. september 2010].

Etter som TL og LOR var deltakarane i referansegruppa på Glomdalsmuseet, vert dei to viktige etnopolitiske aktørar i denne oppgåva. På den eine sida kan det sjå ut som det var mykje problem og konflikt i organiseringa blant romanifolket, men samtidig har romanifolket oppnådd fleire etnopolitiske mål i perioden. Blant anna har både regjeringa og Den norske kyrkja bede om unnskyldning for overgrep mot romanifolket. Romanifolket blei gitt status som nasjonal minoritet, og ein fekk gjennom endringar i regelverket for billighetserstatning, slik at det vart enklare for personar av romanislekt å oppnå krava om individuell billighetserstatning på bakgrunn av tapt skulegang. Det blei også oppretta eit fond på 75 millionar kroner som ei oppreisning for overgrepa mot romanifolket.<sup>153</sup> Dette var saker som romaniorganisasjonane arbeide for i denne perioden.

Når ein ser over kva politiske saker som har vert sentrale for romanifolket, og som dei har fått gjennomslag for, er det tydeleg at mange av dei har ein viss samanheng med den tidligare politikken overfor gruppa. Rune Halvorsen skildrar korleis etnopolitiske aktørar innan romanifolket har framstilt sin historie som ei forteljing om elende og undertrykking, samt framstilt seg sjølv som eit offer. Dette medverka til at dei har kunne oppnå ein del politiske mål, samt moralsk og økonomisk stønad.<sup>154</sup> Å nytte offerstatus har på den eine sida ført til at romanifolket har oppnådd nokre viktige saker, men også gjort andre prosjekt vanskelege å oppnå. Det har blant anna vert viktig for romaniorganisasjonane å få ei meir positiv fokusering på gruppa, og å få definert kva kulturelle element som høyrte til romanikulturen. Å framstille historia som ei forteljing om elende og undertrykking har vert med på å gjere denne prosessen vanskelegare.<sup>155</sup>

Ved hjelp av denne konteksten har eg utarbeida desse arbeidsspørsmåla som skal nyttast i representasjonsanalysen: 1. Stadfestar eller utfordrar elementa i utstillinga romanifolket sin status som ein nasjonal minoritet? 2. Formidlar utstillinga eit offerbilete av romanifolket eller formidlar den eit positivt bilete av romanifolket?

Som vist i konteksten rundt romanifolket var tildelinga av statusen som nasjonal minoritet viktig for den politiske utviklinga, samt noko som organisasjonen TL arbeide for. Tildelinga av denne statusen var som vist også ei kontroversiell sak. Korleis utstillinga forholdt seg til denne minoritetsstatusen vert derfor interessant. For å undersøkje dette vil ein måtte undersøkje utstillingane opp mot den definisjonen som blei nytta på nasjonale minoritetar. Det var ratifiseringa av *Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av*

---

<sup>153</sup> Halvorsen 2004: 35-36 & 43.

<sup>154</sup> Halvorsen 2004: 73-74.

<sup>155</sup> Halvorsen 2004: 31-32.

*nasjonale minoriteter* som førte til at romanifolket vart definert som ein nasjonal minoritet. Samtidig hadde ikkje rammekonvensjon noko klar definisjon av omgrepet nasjonal minoritet. I *Stortingsproposisjon nr. 80 (1997-1998)*, som var Stortinget sin godkjenning av konvensjonen, vert det vist til eit krav om statsborgarskap samt at gruppa må ha hatt eit opphavleg eller langvarig tilknytning til staten sitt territorium. Det vert også vist til Europarådet sin parlamentarikerforsamling: ”og det har vært antydnet krav om at gruppen må kunne vise til minimum 100 års tilknytning til den aktuelle staten.”<sup>156</sup> Spørsmålet vert då om elementa i utstillinga bekreftar at romanifolket har hatt ein opphavleg eller langvarig tilknytning til Noreg, eventuelt om dette ikkje vert formidla, eller om elementa i utstillinga bryt med definisjonen som nasjonal minoritet.

Aktørar innan romanifolket har ofte vist til eit bilete av gruppa som eit offer, for å oppnå etnopolitiske mål. Dette bilete står samtidig i ein viss motsetnad til det positive sjølvbilete som fleire av romaniorganisasjonane har uttalt at dei ønskjer skal formidlast om gruppa. Det vert derfor interessant å studere i kva grad utstillinga *Latjo-Drom* formidlar eit offerbilete eller eit positivt bilete av gruppa. Sosiologen Chris Gilligan definerer i sin artikkel *Constant Crisis/ Permanent Process: Diminished Agency and Weak Structures in the Northern Ireland Peace Process* omgrepet offer:

“The 'victim' is the diminished agent *par excellence*. Victims are, by definition, passive objects who have been acted upon by other forces, not active agents. They are defined by the mark that has been made on them rather than the mark that they have made on the wider world. In as far as they are victims they are devoid of volition or intent..”<sup>157</sup>

I ljøs av denne definisjonen kan ein studere om romanifolket blir framstilt som passive og ikkje handlande aktørar i utstillinga, og at det slik blir formidla eit offerbilete. Dette offerbildet kan også utdjupast med å vurdere utstillinga på bakgrunn av den offerposisjonen som TL har vist til. Rune Halvorsen skriv at det blei vist til romanifolket som eit offer for overgrep og diskriminering, tap av ein normal barndom, samt kutting av kontakt med sine biologiske familie.<sup>158</sup> Magnus Andre Rokne skriv i si masteroppgåve i historie *Fremstillinger av romanifolket i Norge etter 1975 i utvalgte publikasjoner* at medlemsbladet til TL, *Fri som fuglen* som han har studert i tidsromet 1995-2006, var med på å byggje opp under bilete av romanifolket som eit offer, ved å trykkje ei rekke artiklar om overgrep overfor gruppa.<sup>159</sup>

---

<sup>156</sup> *St.prp nr.80 (1997-1998): Om samtykke til ratifikasjon av Europarådets rammekonvensjon av 1. februar 1995 om beskyttelse av nasjonale minoriteter.*

<sup>157</sup> Gilligan 2003: 30.

<sup>158</sup> Halvorsen 2004: 73.

<sup>159</sup> Rokne 2010: 82.

For å undersøkje om det eventuelt blir formidla eit meir positivt bilete av romanifolket kan Chris Gilligan sin definisjon igjen vera eit utgangspunkt, der spørsmålet vert om framstillinga av romanifolket bryt med definisjonen, altså om romanifolket vert framstilt som handlande aktørar som kunne påverke det samfunnet som dei levde i. Igjen vil eg utdjupe dette med det romaniorganisasjonen TL har vurderte som eit positivt bilete. I intervju med Halvorsen har representantar for TL vist til språk, klesdrakt, handverk, omførselshandel, musikk og familiesamhald som viktige element i ei positiv definering av romanifolket sine særeigenheiter.<sup>160</sup> Rokne viser også til at *Fri som fuglen* har lagt vekt på korleis språk, historie og musikk var positive element i romanikulturen.<sup>161</sup>

## **2.2 Utviklinga av museet i Noreg**

Museum blei utover 1800-talet ein etablert institusjon i Noreg då det vart oppretta museum i fleire norske byar. Fleire av desse musea var forløparar for universiteta som seinare blei danna, blant dei Tromsø Museum som vart grunnlagt i 1872 og som tidlig utvikla ein vitenskaplig profil.<sup>162</sup> Universitetet i Tromsø blei skipa i 1968, men museet gjekk først inn som ein del av universitetet i 1976.<sup>163</sup> Alt på 1870-talet blei det etablert ei samling med samisk etnografiske gjenstandar ved Tromsø Museum og i 1884 fekk Just K. Qvigstad vervet som styrar over samlinga. I 1949 blei samisk-etnografisk avdeling etablert på museet og Ørnulv Vorren blei tilsett som avdelingsstyrar.<sup>164</sup> Utstillinga *Samekulturen* opna ved Tromsø museum i 1973, og var utarbeida av samisk-etnografisk avdeling. Dette var ei permanent utstilling som har stått tilnærma uforandra sidan opninga i 1973, og var lenge den mest populære utstillinga ved Tromsø Museum.<sup>165</sup> Frå 1978 og fram til 1993 hadde Tromsø Museum også forvaltningsansvaret for den samiske delen av Lov om kulturminnevern i området nord for Saltfjellet.<sup>166</sup>

Musea var på 1800- og første del av 1900-talet også ein faktor i oppbygginga av ein nasjonal offentlegheit der nasjonale fellesverdiar sto i sentrum.<sup>167</sup> Spesielt gjaldt dette for folkemusea som etablerte seg frå 1890-åra og fram mot første verdskrig. Folkemusea var gjerne friluftsmuseum der gamle bygningar og folkekultur frå eldre tider sto sentralt. Folkekulturen vart igjen identifisert med bondekultur, som blei peikt på som eldst, mest ekte

---

<sup>160</sup> Halvorsen 2004: 29 & 31.

<sup>161</sup> Rokne 2010: 93-95.

<sup>162</sup> Vorren 1972a: 148.

<sup>163</sup> Simonsen & Vader 1998: 417.

<sup>164</sup> Vorren 1972b: 111-112.

<sup>165</sup> Mathisen 2004b: 14

<sup>166</sup> Bull & Vorren 1998: 24

<sup>167</sup> Eriksen 2009: 208.

og kjernen i nasjonalkulturen.<sup>168</sup> Blant anna blei Glomdalsmuseet skipa som eit folkemuseum i 1911, og det vart etter kvart eit gjennomført friluftsmuseum som i 1970 hadde 87 gamle bygningar på museet. Som ved dei fleste folkemusea i denne perioden var det enkeltpersonar sin innsats og allmenn oppslutnad, framfor offentlege midlar, som fekk Glomdalsmuseet til å gå rundt.<sup>169</sup>

Frå 1900 og fram til 1970-åra blei det etablert svært mange museum, ofte lokale og gjerne som folkemuseum. Etableringa av musea i denne perioden var avgjerande for museumslandskapet som eksisterer i dag.<sup>170</sup> I 1975 innførte staten ei tilskotsordning for halvoffentlege museum, noko som fekk stor innverknad på museumssektoren i Noreg, etter som musea for første gang fekk eit forutsigbart og solid økonomisk grunnlag for drifta. Dette førte også til at musea blei endra og profesjonalisert med eigne fagutdanningar som konservator og museumspedagog. Mange av dei nye konservatorane var utdanna etnologar, og interesserte seg i norsk materiell folkekultur frå førindustriell tid, noko som passa godt inn i folkemusea sin profil. Museumspedagogene la vekt på sambandet til skulesektoren og la ofte skulen sine læreplanar til grunn for kva som blei formidla.<sup>171</sup> Museumstenkinga endra seg også i Noreg etter 1975, og spesielt økomuseumsrørsla sette spørsmålsteikn ved kva funksjon musea skulle ha.<sup>172</sup> Få norske museum gjekk så langt som å definere seg sjølv som eit økomuseum, men ein del idear frå rørsla verka inn på museumsfeltet, blant anna forholdet mellom museet og omgjevnadane, der demokratisering, desentralisering og integrering vart viktige termar.<sup>173</sup>

I 1993 sette Kulturdepartementet ned eit utval som skulle utarbeide eit grunnlag for ein nasjonal museumspolitik. Utvalet sitt resultat vart *NOU 1996:7 Museum: Mangfald, minne, møtestad*. Utreiinga la vekt på at musea burde utviklast som dialoginstitusjonar, som var: ”stader der dialog inneber ein vekselverknad mellom spørsmål og svar, ein prosess som heile tida fører til motspørsmål og nye svar”.<sup>174</sup> For å bli dialoginstitusjonar måtte musea oppfylle to føresetnader: Dei måtte fornye og halda ved like eit samfunnsminne med materielle leivningar som kjernepunkt, samt bli ein møtestad:

---

<sup>168</sup> Eriksen 2009: 69 & 76-76.

<sup>169</sup> Skirbekk 1971: 27 & 52.

<sup>170</sup> Eriksen 2009: 91.

<sup>171</sup> Eriksen 2009: 104-105.

<sup>172</sup> Gjestrum 1988: 12-15.

<sup>173</sup> Eriksen 2009: 108-109

<sup>174</sup> *NOU 1996:7*: 254.

”Skal musea kunna skapa ein god dialog, må musea vera *møtestad* i vid meining av ordet for alle dei som søker kunnskap, opplevingar, intellektuelle og kjenslemessige utfordringar på det mangslungne feltet som omfattar materielle leivningar av alle slag.”<sup>175</sup>

Utredninga anbefalte også at Norsk museumsutvikling (NMU) blei vidareutvikla som den sentrale, statlige museumsinstansen. NOUen var eit viktig forarbeid for *Stortingsmelding nr. 22 (1999-2000) Kjelder til kunnskap og oppleving: Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet*, som var grunnlaget for det som har blitt kjent som Museumsreforma. Stortingsmeldinga fokuserte også på den fleirkulturelle utfordringa som musea sto overfor, og understreka at dei skulle vera ein arena for kunnskap og forståing, der alle skulle kunne utvikla positive haldningar til eigne og andre sine røter. Stortingsmeldinga nemner også arbeidet med *Latjo-Drom* utstillinga:

”Eit heilt forsømt område er taterane og deira kultursoge i Noreg. Prosjektet ved Glomdalsmuseet på Elverum som tek sikte på å byggja opp eit permanent dokumentasjons- og formidlingssenter for denne minoritetskulturen, er såleis eit både banebrytande og viktig tiltak.”<sup>176</sup>

Stortingsmeldinga gjaldt først og fremst museum som direkte eller indirekte var knyt til Kulturdepartementet sitt ansvarsfelt. Stortingsmeldinga hadde derfor ingen direkte relevans for Tromsø Museum som var eit universitetsmuseum og fekk sine driftsmidlar gjennom Kyrkje, utdanning og forskingsdepartementet.<sup>177</sup>

Med museumsreforma vart også ABM-utvikling – Kulturdepartementets samordningsorgan for arkiv, bibliotek og museum etablert 1. januar 2003. NMU gjekk inn i dette nye organet, og eit viktig mål var å få eit betre samarbeid og samordning mellom musea.<sup>178</sup> ABM-utvikling fekk ansvar for etablering og koordinering av nasjonale museumsnettverk som vart etablert etter tema, funksjonar eller metode. Det vart blant anna oppretta eit Nasjonalt museumsnettverk for minoritetar og kulturelt mangfald, som Glomdalsmuseet vart ein del av.<sup>179</sup>

For representasjonsanalysen av utstillinga *Latjo-Drom* vil eg nytte to arbeidsspørsmål som tar utgangspunkt i den museumsfaglege konteksten: 1. Formidlar elementa i utstillinga den fleirkulturelle sameksistensen mellom romanifolket og den norske majoriteten, eventuelt mellom romanifolket og andre etniske grupper? 2. Vidarefører elementa i utstillinga den tradisjonelle utstillingsforma på folkemuseum, der utstillinga formidlar seg ut mot eit

---

<sup>175</sup> *NOU 1996:7*: 255.

<sup>176</sup> *St.meld. nr.22 (1999-2000)*: 130.

<sup>177</sup> *St.meld. nr.22 (1999-2000)*: 105.

<sup>178</sup> *St.meld. nr.22 (1999-2000)*: 165 & 172.

<sup>179</sup> ABM-utvikling: <<http://www.abm-utvikling.no/museum/nasjonale-museumsnettverk/minoriteter-og-kulturelt-mangfold>> [nedlastet: 14.november 2010]

definert ”vi” fellesskap, eller forholder den seg til romanifolket som ei gruppe som vert sett på som ”dei” eller ”dei andre”?

*Stortingsmelding nr.22 (1999-2000)* fokuserte på den fleirkulturelle utfordringa som musea sto overfor, og det er frå denne samanhengen at eg har henta der første spørsmålet:

”Det bør i framtida vera eit hovudprinsipp at kulturelt mangfald òg skal syna att i arkiv-, bibliotek- og museumssamanheng. I visse høve kan det vera aktuelt med eigne institusjonar tufta på etnisitet, slik vi i stor grad har når det gjeld samane. Men det er også viktig å skipa tiltak og løysingar som gjev uttrykk for den fleirkulturelle sameksistensen.”<sup>180</sup>

At musea blei tileigna mål om å få fram det fleirkulturelle var ikkje noko som berre gjekk føre seg i Noreg, men var ein del av eit internasjonalt skifte i den museologiske tenkinga, der ein fekk eit auka fokus på musea si rolle i å fremje fleirkulturell forståing. I 2005 hadde den internasjonale museumsdagen, arrangert av The International Council of Museums, temaet *Museums Bridging Cultures*, der det blei satt fokus på mangfald og inkludering.<sup>181</sup>

Det er relativt tydeleg at utstillinga *Latjo-Drom* var tufta på ein bestemt etnisitet, knyt til romanifolket, og derfor går under det som i stortingsmeldinga blei sett på som ein eigen institusjon for denne etniske gruppa. Det er samtidig interessant å sjå om det innanfor desse rammene også blei gitt uttrykk for ein fleirkulturell sameksistens, og om elementa i utstillinga formidlar noko om romanifolket sin relasjon til andre etniske grupper. Mest truleg vil det då vera i relasjonen til den norske majoriteten.

I følge Anne Eriksen var eit viktig aspekt med folkemusea at dei viste fram kulturen og historia til eit fellesskap:

”Folkemuseumsparadigmet førte til en demokratisering av norsk museumsvirksomhet. Dette preget museenes innhold, som ikke lenger viste til abstrakte kunnskapstradisjoner innen naturvitenskap, teknologi eller annet, men til «vår» kultur og historie, definert ut fra et nasjonalt, regionalt eller lokalt fellesskap.”<sup>182</sup>

Det er derfor interessant å studere om elementa i utstillinga formidlar eit ”vi” fellesskap, slik folkemusea har hatt ein tradisjon for å gjøere i forhold til den norske, regionale eller lokale kulturen, eller om elementa eventuelt framstiller gruppa som ”dei”/”dei andre”.

I forhold til Tromsø Museum og utstillinga *Sápmi*, vil det også verte nytta to arbeidsspørsmåla til representasjonsanalysen: 1. Blir det i utstillinga gjort forsøk på å la samar komme til orde og kommentere forhold som er tematisert? 2. Formidlar elementa i utstillinga ein fleirkulturell sameksistens mellom samane og andre etniske grupper?

Det etnografiske museet som blei utvikla i Europa på 1800-talet, var ein sentral institusjon i den europeiske framstillinga av andre folk som primitive, og var med på å skape

---

<sup>180</sup> *St.meld nr.22 (1999-2000)*: 19.

<sup>181</sup> *ICOM news nr. 3 2005*: 9.

<sup>182</sup> Eriksen 2009: 89

eit skilje mellom europeiske statsberade folk, og andre etniske grupper. I Noreg blei samane utstilt på etnografiske museum, og det blei dermed skapt eit skilje mellom det siviliserte norske og det primitive samiske.<sup>183</sup> Tromsø Museum har også vert ein del av denne etnografiske sjangeren, noko blant anna Stein R. Mathisen har vist i sin analyse av utstillinga *Samekulturen*.<sup>184</sup> Frå slutten av 1900-talet kom denne typen museumsutstillingar under kritikk frå post-koloniale politiske og intellektuelle straumningar.<sup>185</sup> Mange etnografiske museum gjekk derfor vekk frå utstillingar som representerte andre grupper som primitive eller historielause, til å medverke i ulike etniske grupper si revitalisering. Dette skiftet førte også til at det oppsto nye idear om korleis utstillingane skulle utformast og etniske grupper skulle representerast. Eit nytt ideal var at gruppa som utstillinga omhandla, sjølv skulle komme til orde i utstillinga.<sup>186</sup> Eit slikt ideal står i klar kontrast til utstillingsforma ved dei eldre etnografiske utstillingane der dei folkegruppene som blei stilt ut sto fram som tause. Eit interessant spørsmål i møte med utstillinga *Sápmi* er om den har forholdt seg til dette idealet og forsøker å la samar komme til orde i utstillinga.

I *NOU 1996:7 Museum: Mangfald, minne, møtestad* vert det sett på som ei målsetjing at musea skulle skape respekt og toleranse for kulturelt mangfald:

”Å styrkja det fleirkulturelle innslaget i norske museum vil vera heilt i tråd med den overordna målsetjinga om at museum skal skapa respekt og toleranse for kulturelt mangfald. Eit grunnleggjande prinsipp bør vera at museum i dei områda der det fleirkulturelle kjem til uttrykk, har eit ansvar for å la denne dimensjonen koma fram i den faglege profilen for musea.”<sup>187</sup>

Sjølv om denne NOUen var meint som eit forarbeid til *Stortingsmelding nr.22 (1999-2000)*, som blei førande for musea under Kulturdepartementet, er det interessant å undersøkje om dette er noko som også har verka inn på miljøet ved Tromsø Museum, og om utstillinga *Sápmi* legg vekt på at samane har levd i eit fleirkulturelt samfunn, og i kva grad utstillinga eventuelt klarer å byggje opp om respekt og toleranse for dette mangfaldet. Sidan fokuset på det fleirkulturelle på museum også var ein del av ein internasjonal museumstrend, kan det vera grunnlag for å tru at også Tromsø Museum har blitt påverka av denne trenden.<sup>188</sup>

I tillegg til desse kontekstuelle spørsmåla som har blitt formulert her, vert det under analysen også relevant å studere korleis møtet mellom det etnopolitiske og museumsfaglege har utarta seg, og korleis dette møtet har verka inn på måten utstillingane har blitt utforma. Det kan tenkast at det har vore klare motsetnader mellom museumspolitiske og etnopolitiske

---

<sup>183</sup> Olsen B 1999: 164-165.

<sup>184</sup> Mathisen 2004b: 14-17.

<sup>185</sup> Olsen B 1999: 162.

<sup>186</sup> Pieterse 2005: 171-172.

<sup>187</sup> *NOU 1996:7*: 73.

<sup>188</sup> Sandel 2007: 2.



målsetjingar, og for representasjonsanalysen vert det då interessant å studere korleis desse har blitt løyst i sjølve utstillinga. Samtidig har det gjerne også vore felt der det etnopolitiske og museumsfaglege har hatt samanfallande interesser.

### 3. *Latjo-Drom*: Romanifolket sin historie på utstilling

Dette kapitlet er bygd opp av tre underkapittel: Det første omhandlar utviklinga av utstillinga *Latjo-Drom*, det andre er ein representasjonsanalyse av utstillinga og det tredje er ei drøfting av korleis utstillinga var ein arena for etnopolitikk, kva idear frå det museumsfagelege miljøet som verka inn på utstillinga og om møte mellom etnopolitiske og museumsfagelege aktørar.

#### 3.1 *Utviklinga av Latjo-Drom*

Arbeidet med utstillinga *Latjo-Drom* kan førast tilbake til at TL tok initiativet til å opprette ei museumsutstilling over romanifolket sin historie og kom i kontakt med Glomdalsmuseet (Sjå tidslinje over prosessen, Vedlegg 1. s.111). I 1997 blei det oppretta eit forprosjekt som var eit samarbeid mellom TL, Glomdalsmuseet, Hedemark fylkeskommune og NMU. Prosjektet hadde to mål: Å utarbeide planar for eit framtidig dokumentasjons- og formidlingscenter, samt dokumentasjon og innsamling av dei materielle og immaterielle sidene ved romanifolket sin kulturhistorie.<sup>189</sup>

Finansieringa av den nye museumsavdelinga var lenge eit problem, på tross av den politiske velviljen til prosjektet som ein kunne lese ut av *Stortingsmelding nr.22 1999-2000* og *Stortingsmelding nr.15 2000-2001*. I desember 2003 kom den økonomiske stønaden frå staten og bygginga av det nye utstillingsbygget kunne byrja våren 2004.<sup>190</sup> Tvil rundt den økonomiske situasjonen førte likevel til at arbeidet blei innstilt i tre månader, noko som førte til at utstillinga ikkje kunne opnast i 2005 som først planlagt, men blei utsett til våren 2006.<sup>191</sup>

Samarbeidet mellom Glomdalsmuseet og TL utvikla seg også etter kvart i ei meir problematisk retning. Då arbeidet frå forprosjektet skulle vidareførast, blei det oppretta ei referansegruppe for å sikre representasjon frå romanifolket. Etter at fleire andre romaniorganisasjonar hadde tatt kontakt med museet, inviterte Glomdalsmuseet fem organisasjonar til deltaking i referansegruppa i 2002, noko som førte til at TL trakk seg i protest. Etter tilråding frå Kommunal- og regionaldepartementet innførte Glomdalsmuseet krav om at organisasjonane som skulle delta i referansegruppa måtte ha rett til stønad frå departementet.<sup>192</sup> Dette førte til at det berre var TL som kunne delta i referansegruppa, fram til 2004 då LOR også levde opp til desse kriteria og blei ein del av gruppa.<sup>193</sup>

---

<sup>189</sup> Holmesland 1999: 12.

<sup>190</sup> Nordsveen 2010: 30.

<sup>191</sup> Årsmelding romaniavdelingen 2004. 20.02. 2005: 4.

<sup>192</sup> Møystad 2009: 90.

<sup>193</sup> Årsmelding romaniavdelingen 2004. 20.02. 2005: 2.

TL sin protest mot at andre romaniorganisasjonar blei invitert med i prosessen, må ein forstå på bakgrunn av det mangfaldige organisasjonslandskapet, der ulike organisasjonar ønskja å representere romanifolket. Rune Halvorsen har vist til at TL brukte mykje energi på å posisjonere seg sjølv i forhold til andre organisasjonar, og at forholdet mellom TL og andre organisasjonar ofte var prega av konflikt.<sup>194</sup> Då Glomdalsmuseet inviterte med andre romaniorganisasjonar, har nok TL følt sin posisjon i prosjektet som truga, og var villige til å gå så langt som til å trekkje seg for å kunne bli verande som romanifolket sin einaste representant for museet. Frå museet si side var nok handlinga eit forsøk på å gje prosjektet større representativitet. Eit mangfald av interesseorganisasjonar ville kunne gje ein større grad av eigenrepresentasjon enn om det berre var ein organisasjon som skulle representere minoriteten.

I 1998 blei det tilsett ein prosjektmedarbeidar på Glomdalsmuseet som var av romanislekt, og som var eit forsøk på å løysa problemet med innverknad frå romanifolket over utstillinga.<sup>195</sup> Men etter kvart skapte tilsettinga problem i samarbeidet mellom Glomdalsmuseet og TL. Ved tilsettinga satt medarbeidaren i TL sitt styre, og tilsettinga blei gjort etter godkjenning frå TL. Prosjektmedarbeidaren meldte seg etter ei tid ut av TL, noko som museet råda han til. Museet meinte at organisasjonstilknytninga var problematisk, og ønskja at medarbeidaren skulle kunne snakke på vegner av romanifolket, men samtidig uavhengig av TL.<sup>196</sup> Dette førte til at TL mista tillit til medarbeidaren.<sup>197</sup> Det som i utgangspunktet skulle vera eit forsøk på å gje romanifolket direkte innverknad på utstillinga, blei etter kvart eit problematisk forhold i samarbeidet mellom museet og TL.<sup>198</sup>

Våren 2003 hadde Glomdalsmuseet eit undervisningsopplegg om romanifolket for grunnskulen, som ikkje var ein del av prosjektet *Latjo-Drom*, og derfor ikkje blei drøfta i referansegruppa. Dette fekk likevel konsekvensar for samarbeidet mellom museet og TL. Oppegget var basert rundt to profesjonelle forteljarar som reiste rundt til skular og formidla kunnskap om romanifolket gjennom forteljing, song, musikk og visning av fotografi og gjenstandar.<sup>199</sup> Oppegget var ein del av ABM-utvikling sitt Brudd-prosjekt, som hadde som mål å stille ut vanskelege, ubehagelege, marginale og tabubelagte historier.<sup>200</sup> Etter at prosjektet var avvikla, kom TL med negative reaksjonar på dette prosjektet, og det blei

---

<sup>194</sup> Halvorsen 2004: 61.

<sup>195</sup> Møystad 2009: 92.

<sup>196</sup> Nordsveen 2010: 35.

<sup>197</sup> Brev frå TL til Glomdalsmuseet den 09.11. 2004 og 31.01. 2005.

<sup>198</sup> Møystad 2009: 92-93.

<sup>199</sup> Lahn 2006: 48-49.

<sup>200</sup> ABM-Utvikling: <<http://www.abm-utvikling.no/museum/formidling/brudd/presentasjon-av-prosjektene-i-brudd.html>> [nedlastet 28.november 2010]

organisert eit møte mellom TL og museet. I TL sitt medlemsblad, *Fri som fuglen*, nr. 3+4 2003, står eit referat frå møtet, samt nokre betraktningar om saka frå TL sin leiar. Sjølv om TL har nokre kritiske synspunkt på innhaldet i prosjektet, er hovudinnvendinga frå TL sin leiar at organisasjonen verken var blitt informert eller hadde hatt mogeligheit til å delta i prosjektet.<sup>201</sup> Reaksjonane frå TL må her forstås som eit ønskje om å kunne kontrollere kva som blei formidla om romanifolket sin historie og kultur. Sjølv om opplegget hadde eit positivt fokus på gruppa, og innehaldt element som TL såg på som viktige i formidling om romanifolket, ville ei direkte deltaking kunne illustrere organisasjonen sin relevans overfor sine medlemer.

Mari Østhaug Møystad blei tilsett som konservator og faglig ansvarlig for utstillinga våren 2004. På dette tidspunktet blei det frå TL si side gjeve uttrykk for manglande tillit til museet, og mange av TL sine medlemer gav uttrykk for sin misnøye med utviklinga av utstillingsprosjektet på TL sitt internetforum.<sup>202</sup> Det blei etter kvart retta krav frå TL om eigarforhold og betre kontroll over utstillinga. Etter som referansegruppa sitt mandat berre var gjeldande fram til utstillinga var ferdigstilt, var det også uløyste spørsmål om korleis samarbeidet skulle ordnast etter ferdigstillinga, og kva eigarforhold romaniorganisasjonane skulle ha til utstillinga. På møte i referansegruppa den 22. juni 2004 vert det slått fast at utstillinga skulle vera ein integrert del av Glomdalsmuseet, men det blei samtidig indikert at romanifolket ville kunne få disponere to sete i museet sitt framtidige representantskap. Det blei også understreka at det burde oppretthaldast ei rådgjevande faggruppe om innhaldet ved museet sin formidling om romanifolket, også etter opninga av utstillinga.<sup>203</sup> LOR og TL var ikkje heilt tilfreds med dette, og Kommunal- og regionaldepartementet stilte derfor med ein representant på møte i referansegruppa 13. desember 2004. Han gjorde greie for eigarskapsforholda til utstillinga, der det på nytt vart slått fast at utstillinga skulle organiserast som ei avdeling på Glomdalsmuseet.<sup>204</sup>

Rune Halvorsen meiner at TL sitt ønske om eigarskap i stor grad var meint symbolsk, og ikkje juridisk. Eigarskapskravet har vert eit krav om eigarskap til romanifolket sin kultur og historie.<sup>205</sup> Orsaking overfor romanifolket som sto i *Stortingsmelding nr.15 (2000-2001)*, der utstillinga blei nemnt som ei oppreising, skapte nok også forventningar om at dette var noko som tilhørde folket, og at interesseorganisasjonane derfor burde ha noko form for

---

<sup>201</sup> *Fri som Fuglen* nr. 3+4 2003: 6-8.

<sup>202</sup> Diskusjon om utstillinga på TL's heimeside [www.romanifolket.no](http://www.romanifolket.no), under emnet *Glomdalsmuseet's svik*. Oppretta 23.10.2004.

<sup>203</sup> Referat frå møte i referansegruppa 22.06.2004.

<sup>204</sup> Referat frå møte i referansegruppa 13.12.2004.

<sup>205</sup> Halvorsen 2004: 86.

eigarskap overfor utstillingane. Etter møtet med Glomdalsmuseet og Kommunal- og regionaldepartementet, informerte leiaren for TL sine medlemmer om utviklinga på TL sin internettside. Her argumenterte han for at romanifolket no hadde fått den reelle innverknaden over utstillinga. Dette kan underbygge argumentet om at det var eigarskap over innhald og framstilling i utstillinga som var det sentrale for TL, ikkje det juridiske og organisatoriske eigarskapet. Innlegg frå andre medlemmer på internettsidene tyder samtidig på at nokre av medlemane hadde andre forventningar til prosjektet, og framheva trongen for eit hus som kunne fungere som ein møteplass, og ikkje berre ei museumsutstilling.<sup>206</sup> Dette kan tyde på at det også internt i TL var ulike idear om kva ein ønska at dette prosjektet skulle handle om.

Utover 2004 blei det frå Glomdalsmuseet uttrykt uro rundt samarbeidet i referansegruppa. På eit møte i referansegruppa den 24. august 2004 blei det frå museet si side reist eit forslag om å finne ein ekstern konsulent som kunne hjelpe gruppa med desse problema. Dette forslaget blei avist frå TL og sett på som ei mistillitserklæring.<sup>207</sup> TL tok likevel initiativet til at Knut Fossetøl frå Arbeidsforskningsinstituttet kunne inneha denne rolla. Fossetøl deltok på dei vidare møta, og fungerte som ein rettleiar og meklar. Dette bidrog til eit forbetra samarbeidsklima i referansegruppa.<sup>208</sup>

26. januar 2005 blei TL, LOR og Glomdalsmuseet einige om ein ny samarbeidsavtale. Struktura på samarbeidet blei det same med den nye avtalen, men referansegruppa skifta namn til arbeidsgruppa. Gruppa sin funksjon og praktiske medverknad til utstillinga vert også tydeliggjort:

”4. Arbeidsgruppa sin funksjon er å drøfte, kvalitetssikre og godkjenne form, tema og innhald i utstillingen og i formidlinga, innanfor vanlige museumsetiske og museumsfaglege retningslinjer. Arbeidsgruppa bistår prosjektgruppa på museet med å skaffe gjenstander, bilder og annan dokumentasjon. Arbeidsgruppa kan komme med forslag som berører de ulike sidene ved avdelingens virksomhet. Museet skal legge til rette for og bidra til opplæringstiltak knyttet til denne virksomheten.”<sup>209</sup>

For i større grad å involvere personar av romanislekt, blei det organisert temagrupper. Målet med desse gruppene var at medlemmer i interesseorganisasjonane skulle kunne bli med i gruppene og medverke til arbeidet med utstillinga.<sup>210</sup> Dermed ville romanifolket medverke direkte i arbeidet med utstillinga, og samtidig medverke til at prosjektet blei fullført. I følge

---

<sup>206</sup> Diskusjon om utstillinga på TL's heimeside [www.romanifolket.no](http://www.romanifolket.no), under emna *Glomdalsmuseet's svik*. Oppretta 23.10.2004 og *Taternes sted på Glomdalsmuseet* Oppretta: 13.12.2004.

<sup>207</sup> Referat frå møte i referansegruppa 24.08.2004.

<sup>208</sup> Årsmelding romaniavdelingen 2004. 20.02.2005: 2.

<sup>209</sup> Samarbeidsavtale mellom LOR/RFL og Glomdalsmuseet. 26.01.2005.

<sup>210</sup> Brev frå Mari Østhaug Møystad angående temagrupper. 15.02.2005.

Møystad vart desse gruppene ein blanda suksess. Mens LOR sine medlemmer klarte å frambringe resultat, hadde ikkje TL noko konkret å vise til.<sup>211</sup>

Sjølv om Knut Fossetøl si deltaking i arbeidsgruppa gjorde samarbeidet lettare, kom det likevel til eit brot i samarbeidet mellom TL og Glomdalsmuseet i innspurten av arbeidet med utstillinga. Bakgrunnen for brotet var at TL ønskja å holde ei markering på Glomdalsmuseet i desember 2005, som var da utstillinga først var planlagt å opne. På møte i arbeidsgruppa den 9. november 2005 blei det semje mellom TL og Glomdalsmuseet om å arrangere ei kulturmarkering den 14. desember, der museet stilte 20 000 kroner til disposisjon for å dekke arrangementet.<sup>212</sup> I etterkant av møtet sendte TL ut ei avlysing, på grunn av manglande økonomisk støtte frå Glomdalsmuseet til å gjennomføre arrangementet. Etter som invitasjonane til arrangementet alt var sendt ut, ønskte ikkje museet å avlyse arrangementet.<sup>213</sup> TL reagerte kraftig på dette, og det blei over telefon framsett truslar mot museet. På bakgrunn av dette la museet samarbeidet med TL på is og avlyste arrangementet.<sup>214</sup>

Etter brotet tok TL på nytt raskt kontakt for å forsøka å gjenoppta samarbeidet. Arbeidet med utstillinga var på dette tidspunktet inne i ein avsluttande fase, og Glomdalsmuseet frykta at vidare samarbeid med TL kunne føre til meir konflikt og skapa problem med å få utstillinga ferdig.<sup>215</sup> TL tok så kontakt med Kultur- og kyrkjedepartementet for å få hjelp til samarbeidet med museet. Departementet kalla saman til eit møte mellom TL, Glomdalsmuseet, ABM-Utvikling, Kultur- og kyrkjedepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet den 8. mars 2006.<sup>216</sup> Departementa gav uttrykk for at dei forventa samarbeidsvilje frå Glomdalsmuseet og at det var viktig at samarbeidet med TL blei gjenopptatt. Museet stilte seg positiv til dette, og TL blei igjen med i samarbeidet og deltok på dei avsluttande møta i arbeidsgruppa.<sup>217</sup>

26. februar 2006 heldt TL årsmøte der det blei valt ny leiar og eit nytt styre. I det første nummeret av *Fri som Fuglen* som kom ut etter årsmøtet, skreiv den nye leiaren om forholdet til Glomdalsmuseet. Han informerte om at samarbeidet var gjenopptatt, men at det på møtet med Glomdalsmuseet, ABM-utvikling og Kultur- og kyrkjedepartementet, kom fram at museet ikkje var meint som ein kompensasjon eller oppreisning for romanifolket. Dermed meinte han at TL var blitt ført bak ljoset. Han tok også eit kraftig oppgjær med den førre

---

<sup>211</sup> Møystad 2009: 95.

<sup>212</sup> Referat frå møte i arbeidsgruppa 04.12.2005.

<sup>213</sup> Møystad 2009: 99.

<sup>214</sup> Brev frå Glomdalsmuseet til TL den 08.12.2005.

<sup>215</sup> Møystad 2009: 99.

<sup>216</sup> Brev frå Kultur- og kyrkjedepartementet til TL og Glomdalsmuseet. 28.02.2006.

<sup>217</sup> Møystad 2009: 100.

leiaren si rolle i prosessen, som han meinte hadde: ”vært med på å føre oss bak lyset i denne saken. han [sic] har bevisst vært med på å villeda både TL`s sitt styre og folket i sin helhet.”<sup>218</sup> Samtidig understrekar han at det nye styret ville spele med opne kort og ikkje gå bak ryggen til folket. Utviklinga av museumsutstillinga fekk innverknad på intern maktkamp og leiarskifte i TL, der den tidligare leiaren si deltaking i arbeidet med museet, vert nytta retorisk av den nye leiaren. Ved å ta avstand frå og distansere seg frå det tidligare styre og leiar, fekk den nye leiaren understreka brotet med det gamle styret, og dermed kunne han distansere seg frå handlingar som var gjort av organisasjonen under det gamle styret.

25. april blei museumsutstillinga *Latjo-Drom* opna av kronprins Haakon. Både kronprinsen, kulturministeren, museumstilsette og romaniorganisasjonane uttalte seg positivt om den nye utstillinga.<sup>219</sup> Relativt kort tid etter at *Latjo-Drom* vart opna, kom det oppslag i avisene *Verdens Gang*, *Klassekampen* og *Glåmdalen*, der ein kjent muskar av romanislekt kom med kraftig kritikk av utstillinga. Det blei blant anna hevda at utstillinga inneheldt feil, at den romantiserte livet til romanifolket og at romfolket var blanda inn i utstillinga. TL utalte at dei i stor grad var einig i kritikken og meinte at dei hadde blitt overkjørt i prosessen med utstillinga, mens LOR aviste at romanifolket har blitt overkjørt i prosessen og var ikkje einig i kritikken frå musikaren.<sup>220</sup> Trass i dette haldt samarbeidet mellom Glomdalsmuseet, LOR og TL fram også etter opninga, noko som blant anna resulterte i ei vandreutstilling som skulle komplettere museumsutstillinga. I tida etter opninga har både romaniorganisasjonane og museumstilsette gjeve uttrykk for eit forbetra samarbeid.<sup>221</sup>

### **3.2 Representasjonsanalyse av utstillinga *Latjo-Drom***

Utstillinga *Latjo-Drom* er ei permanent utstilling ved Glomdalsmuseet, og det blei bygd eit eige påbygg til Glomdalsmuseet for å få plass til denne utstillinga. Utstillingsbygget er eit stort og opent rom der skiljevegger deler inn utstillinga sine 12 forskjellige tema: Opprinnelse, Språk, Underveis, Arbeid og Håndverk, Familie, Barndom, Kulturminner, Kulturmøte, Musikk, Romanifolket/Taterne og Storsamfunnet, Religion og Romanifolket/Taterne i dag. Det er ingen klart utforma sti gjennom utstillinga, men den har eit naturleg startpunkt i temaet ”Opprinnelse” som er det første temaet ein møter, og eit naturleg slutt punkt med temaet ”Romanifolket/taterne i dag” som vert avslutta ved inngangen til utstillinga (Sjå kart

---

<sup>218</sup> *Fri som Fuglen* nr. 1 2006: 3.

<sup>219</sup> Sjå avisene *Østlendingen* den 25.04. 2006, 26.05. 2006 og 29.05. 2006, *Glåmdalen* den 25.04. 2006 og 26.04. 2006.

<sup>220</sup> Sjå *Glåmdalen* 09.05. 2006 og 10.05. 2006. *Verdens Gang* 25.05. 2006. *Klassekampen* 14.06. 2006.

<sup>221</sup> Sjå *Møystad* 2009: 101 og *Fri som Fuglen* nr.1 2007, nr.1 2008, nr.1 2009.

over utstillinga, Vedlegg 2. s. 112). Utstillingsrommet er relativt mørkt, med lite ljøs og mørke veggjar, men objekt og plansjar er markert med ljøs. Den dominerande utstillingsforma er tekst og bilete på plansjar, samt gjenstandar, der dei fleste er stilt ut i glassmonter. Nokre av gjenstandane er fysisk store og desse er blitt samla i sentrum av utstillingslokalet.

*Latjo-Drom* er ei stor utstilling med svært mange plansjar, bilete og gjenstandar, og analysen vil derfor måtte basere seg på eit utval av det som vert stilt ut. Dei kontekstuelle spørsmåla har hjelpt til å finne ut kva element som er interessante. Den vidare analysen av utstillinga vil bli gjort ved å gjennomgå dei ulike temaene.

### **3.2.1 Opprinnelse: status som nasjonal minoritet**

Det første som møter ein på utstillinga *Latjo-Drom*, er ein skiljevæggen som står vendt mot inngangen og har teksten “Norge har vært flerkulturelt i mange hundre år” med stor skrift. Ved å plassere denne teksten heilt i byrjinga og med stor skrift, vert det umogeleg å oversjå denne teksten. Det vert dermed tydeleg at ein har ønskja å medverke til å få det fleirkulturelle perspektivet inn på museum, som *Stortingsmelding nr. 22 (1999-2000)* la vekt på. Teksten viser også at utstillinga er skapt innan ei norsk nasjonal ramme, der det er relevant å understreke at Noreg var fleirkulturelt.

Etter denne innleiande teksten vert ein leda over til temaet ”Opprinnelse”, der det er sett opp plansjar med tekst og bilete som omhandlar romanifolket sitt opphav og innvandring til Noreg. Det vert vist til at den første gruppa med reisande som blei registrert i Skandinavia kom i 1505, og at ei ny gruppe kom i 1511, og at det truleg er denne som har kome til Noreg på omtrent same tid. Teksten viser også til at romanifolket og romfolket nok stammer frå den same gruppa, men det vert understreka at dei høyrer til to forskjellige etniske grupper, og at romfolket vanda inn i Noreg på slutten av 1800-talet, mens romanifolket har vore i landet sidan tidlig på 1500-talet. I frå innvandringa på 1500-talet og fram til i dag har romanifolket vert i samhandling med lokalbefolkninga og etablert egne kulturuttrykk.

Temaet ”Opprinnelse” viser romanifolket sin 500 år lange historie til Noreg, og får dermed fram at gruppa har hatt tilknytning til nasjonalstaten Noreg sitt territorium, frå før staten i det heile blei oppretta. Dermed vert det heilt frå starten slått fast at romanifolket lever opp til *Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter* sitt krav om opphavleg eller langvarig tilknytning til staten sitt territorium. Men temaet viser også at romanifolket, gjennom sin historiske tilknytning til Noreg, er ein anerkjend del av det norske. Ved å vise til innvandringa på byrjinga av 1500-talet, får ein 500 år med historie som er



relevant for å manifestere og legitimere romanifolket sin status som ein norsk nasjonal minoritet.

I tillegg til å markere statusen som nasjonal minoritet, byggjer temaet ”Opprinnelse” også opp under ei opphavsmyte blant romanifolket. Her kan Anthony D. Smith sin teori om opphavsmyster, som det har blitt greia ut for i innleiingskapitlet, hentast fram. Dette temaet byggjer opp under delmytane om opphav og om lokasjon og migrasjon, blant anna ved den første planksjen ein kjem til under temaet:

“Det hersker mange teorier rundt romanifolkets/taternes opprinnelse. Mens språket forteller om et opphav fra India, så forteller ulike sosiale fenomener gjennom 500 hundre år om en mer blandet bakgrunn.”

Det er også trykt eit kart over Europa med ei tidslinje, som viser tidspunkt og byer som ”det fremmede folket” er blitt registrert. Sjølv om utstillinga viser til at gruppa har hatt eit opphav i India, er det gruppa si reising i Europa, og spesielt innvandringa til Noreg som det vert fokusert på. Romanifolket sitt opphav vert dermed til dels plassert i India, og til dels knyt til innvandringa til Noreg, og at gruppa der utvikla eigne kulturtrykk i samhandling med lokalbefolkninga. Både ved dette temaet, og seinare tema vert romanifolket nært knyt til Noreg, og den historiske tilknytninga til landet vert framheva. Sjølv om denne framstillinga av romanifolket sitt opphav kan verke noko usamanhengande, etter som opphavet ikkje vert slått tydeleg fast, kan framstillinga likevel ha ein viktig funksjon i konstruksjonen av ei opphavsmyte. Smith skreiv at ikkje alle etniske fellesskap har fullt utarbeida myter om romlig opphav, men at det sentrale er at ein har nokre idear som det kan visast til.<sup>222</sup>

Måten utstillinga understrekar at rom og romani er to forskjellige etniske grupper er interessant. Sosialantropologen Fredrik Barth la vekt på at det som karakteriserer og definerer etniske grupper er å kunne setje opp grenser mot andre etniske grupper.<sup>223</sup> Når denne utstillinga viser til at romanifolket har hatt ei mykje lenger historie i Noreg enn det rom folket har hatt, og derfor har utvikla ein annan kultur, set ein her opp historiske grenser mot romfolket og får definert seg sjølv som noko anna enn denne gruppa. Skilnader i historia er det sentrale i den etniske grensa som vert teikna opp.

I intervju med fagleg ansvarleg for utstillinga, Mari Østhaug Møystad, svarer ho på spørsmål om det var motsetningar mellom dei museumsfaglege ideane ho hadde til utstillinga, og ideane som representantane for romanifolket har hatt:

”Men det har jo vært diskusjoner, blant annet det med at mange blant taterne mener at de ikke har noe felles med sigøynerne, det gjelder opprinnelse eller noe. Der har det vært en helt klar motsetning. Jeg sier at vi kan ikke bare fornekte historien, selv om vi i dag ikke ønsker å identifisere oss med en annen

---

<sup>222</sup> Smith 1999: 63.

<sup>223</sup> Barth 1996: 79.

gruppe.”<sup>224</sup>

At aktører frå romanifolket har vert kritisk til at utstillinga har tatt med at romanifolket stammer frå same gruppe som romfolket, kjem også fram i dei kritiske avisoppslag som kom i etterkant av at utstillinga hadde opna.<sup>225</sup> Den tidligare nemnde musikaren hevder overfor VG at utstillinga blander rom og romani: ”Sigøynere hører ikke med i kategorien tatere. Det er som å blande kvener og samer. Selv om de kommer fra samme distrikt, er det helt forskjellige folkeslag”.<sup>226</sup> Sjølv om utstillinga understrekar at det er snakk om to ulike etniske grupper, ser det ut til at aktører frå romanifolket ha vert bekymra for at det å nemne desse felleselementa i historia, vil kunne undergrave romanifolket som sjølvstendig etnisk gruppe og som nasjonal minoritet. Ved dette eksempelet ser ein at det har vore motsetnader mellom romani aktivistar sitt ønskje om å distansere seg frå romfolket, og eit museumsfaglege ideal om historisk objektivitet som dei museumsfaglege aktørane har hatt. Ut frå museumsutstillinga ser det ut til at museumsfaglege ideal ved dette tilfellet har blitt gjeve prioritet over etnopolitiske ønskjer.

Alt frå romanifolket kom til Norden på byrjinga av 1500-talet, har det utvikla seg ulike forestillingar om gruppa sitt opphav og innvandring blant majoritetssamfunnet.<sup>227</sup> Med organiseringa av romanifolket i eigne organisasjonar ut over 1990-talet blei dette eit spørsmål som også etnopolitiske aktører blant romanifolket har måtte forholde seg til. Romanifolket sitt slektskap til rom har det blitt lagt ulikt vekt på frå ulike aktører. Kva namn ein har nytta på gruppa, har til dels også vist til korleis ein ser på denne relasjonen, der namnet romanifolket i større grad viser til eit kulturelt slektskap med romfolket, enn det namnet tater gjør.<sup>228</sup>

Eit forhold i denne perioden, som også kan ha spela inn på korleis ein stilte seg til romfolket, er Sverige sin ratifikasjon av *Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter* i år 2000.<sup>229</sup> Også i Sverige hadde ein reisande grupper som kom til landet på 1500-talet, samt seinare innvandringsgrupper på 1800-talet, men i motsetnad til i Noreg, blei alle etterkomarane etter desse gruppene definert som minoriteten Romer.<sup>230</sup> TL og LOR kan i ljøs av dette ha hatt eit ønskje om å understreke romanifolket sin status som nasjonal minoritet og sjølvstendig etnisk gruppe, og hindre å bli knytt saman med romfolket.

At utstillinga understreker innvandringa til Noreg og at gruppa har utvikla sine eigne kulturuttrykk i samhandling med lokalbefolkninga, viser at denne utstillinga plasserer

---

<sup>224</sup> Intervju med Mari Østhaug Møystad 21.09.2010.

<sup>225</sup> Sjøå *Glåmdalen* 10.05.2006 og *Verdens Gang* 25.05.2006.

<sup>226</sup> *Verdens Gang* 25.05.2006.

<sup>227</sup> *Minken* 2007:86.

<sup>228</sup> Halvorsen 2004: 31.

<sup>229</sup> *Sveriges internationella överenskommelser 2000 Nr 2.*

<sup>230</sup> *SOU 2010: 55: 81.*

romanifolket inn i ei norsk ramme. Grappa vert på utstillinga eit norsk fenomen og forsøkt definert inn i det norske ved å fokusere på den historiske tilknytninga som grappa har hatt til landet. Eventuelt slektskap mellom romanifolket og ulike greiner av svenske romer vert ikkje nemnt på utstillinga, og dette forsterkar inntrykket av at romanifolket var og er ein del av Noreg.

Som vist i førre kapittel, så var det også motstand mot å gje romanifolket status som nasjonal minoritet i Noreg, og det blei organisert ei motrørsle blant romanifolket, som retta seg mot regjeringa sitt forslag om å nemne romanifolket som ei etnisk gruppe eller ein nasjonal minoritet. Det er derfor interessant at det ikkje vert formidla nokre motforestillingar mot det å definere romanifolket som ein nasjonal minoritet eller som ei etnisk gruppe, men at dette vert slått fast alt i byrjinga av utstillinga. Statusen som nasjonal minoritet vert på utstillinga noko naturleg og sjølvst, mens det politiske og potensielt kontroversielle ved ein slik kategori ikkje vert problematisert.

### **3.2.2 Språk: Språklege bevis på historisk kontinuitet**

Under temaet "Språk" vert opphavet til romani, romanifolket sitt språk lagt fram. I tillegg til plansjar med tekst, har ein her ein lydinstallasjon, der ein kan høyre ein song på romani. Songen er også skriva i romani med store bokstavar på veggen. I tekstane vert språket sitt opphav i India og påverknaden frå andre språk på veg til og gjennom Europa framstilt. Dette vert også underbygd av eit kart som skal vise kva veg språket tok frå India til Europa. Det vert vist til at romani blei snakka i Norden frå omkring 1500, og at norsk romani er etterkomaren etter det romanispråket som kom på 1500-talet. På ein plansje er det også vist til forskjellane mellom norsk romani, og språket til romfolket, romanés. Det vert vist til at begge språka høyrer til europeisk romani, men dei har hatt minst 600-700 år til å utvikla seg i forskjellige retningar. Ein plansje tar også opp diskusjonen om kva namn som bør nyttast på romanifolket, og korleis det har vert nytta mange namn med negative konnotasjonar, samt kvifor utstillinga vel å nytta namna romanifolket, taterne og de reisende.

I forhold til romanifolket sin status som ein nasjonal minoritet, er det spesielt interessant at det vert vist til at norsk romani er etterkomaren etter det romanispråket som kom til Norden for ca 500 år sidan. Dermed får ein vist fram ein språkleg kontinuitet som er med på å byggje opp om romanifolket sin 500 år lange historie i Noreg, som det også blei vist til under temaet "Opprinnelse". Språket vert her eit viktig bevis for romanifolket sin historie i landet, og dermed også noko som er med på å manifestere statusen som nasjonal minoritet.

At ein her også har ein tekst som viser forskjellane mellom romani og romanés, kan også tolkast som ein måte å teikne opp grenser mot romfolket. Ved å vise til grammatiske ulikskapar og ulike bruksområder, samt eit historisk brot på 600-700 år, får ein understreka forskjellane mellom folka, som alt var etablert under temaet "Opprinnelse".

Eit interessant aspekt med temaet språk, er korleis det er nytta forskjellige ord på romani i tekstane. I nokon grad vert dette også gjort under andre tema på utstillinga, og spesielt romani ordet "buro", som tyder bonde eller fastbuande, er eit ord som går igjen. Museumsconservatoren Henrietta Lidchi, har i teksten *The Poetics and the Politics of Exhibiting Other Cultures* vist til at etnografiske utstillingar ofte nyttar seg av termar frå den utstilte kulturen. Dette blir gjerne gjort for å gje dei utstilte "ei stemme" i utstillinga. Å nytta ord frå romani kan også ha vert eit forsøk på å få lesaren til å gå inn i omgrepsuniverset til romanifolket.<sup>231</sup> Å nytte ordet "buro" vert eit forsøk på å få dei besøkande til å sjå verda gjennom romanifolket sine auge, der majoritetssamfunnet blir sett på som "dei andre". Men det kan også ha vert eit forsøk på å vende seg til besøkande av romanislekt, som alt kjenner orda som vert nytta. Ved å nytte ord på romani kan ein ha forsøkt å sende signal til besøkande av romanislekt om at denne utstillinga vender seg spesielt til dei som gruppe.

### **3.2.3 Underveis: Reising som kjernen i romanifolket sin historie**

Temaet "Underveis" er spesielt dominerande på utstillinga. Det er her dei reint fysiske største gjenstandane er stilt ut og dette temaet tar størst fysisk plass i utstillingslokalet. Temaet er plassert midt i rommet, og står fram som eit sentrum i utstillinga. Av dei store gjenstandane som er stilt ut under temaet er det ein tilskjert hest med vogn, ei skøyte, ein leirplass med telt, trær, sykkel og bil, samt ei campingvogn. Ein film i svart kvitt utan lyd, der ulike former for reising er eit gjennomgangstema, vert vist på eit lerret. Ein lampe viser også ulike symbol på golvet, symbol som blei nytta av romanifolk til å kommunisere med kvarandre når dei var ute på reise.

Gjenstandane under dette temaet vert fysiske bevis på romanifolket si reisande historie. Spesielt gjev leirplassen eit bilete av autentisitet, der objekta er organisert på ein måte som skal vise korleis romanifolket sine leirplassar var. Plassen er bygd oppå eit grønt golv, og to bjørkestrær er plassert ut, begge deler for å gje eit bilete av at leirplassen er i naturen. Teltet, syklane, kista og dei andre gjenstandane i denne leirplassen ser gamle ut, og til saman viser dei til ein periode i romanifolket sin historie, då det å reiste rundt med bil og sykkel, og å slå opp telt var det vanlege. Går ein tilbake til Smith si liste over kjenneteikn for etniske

---

<sup>231</sup> Lidchi 1997: 175.

felleskap, var kollektive minner blant gruppa eit av kjenneteikna. Måten reising vert framstilt på i utstillinga, som eit positivt og historisk kulturtrekk ved gruppa, er noko som byggjer opp om kollektive minner rundt reisinga. Reisemåtar og leirplassar vert referansar som det for medlemmer av gruppa vert meiningsfullt å vise til.

Det har tidligare blitt vist til Anthony D. Smith sine delmytar som byggjer opp under ei opphavsmyte. Ei av desse delmytane viser til ein historisk gullalder, då den etniske gruppa på ein eller annan måte blomstra. Perioden definerer eit ideal frå fortida, som bør gjenskapast i moderne termar. Slike gullaldrar er også med på å skape idear om ein kollektiv skjebne, der medlemmer av fellesskapet er forventa at dei skal vera inspirert og forma av minnet frå perioden.<sup>232</sup> *Latjo-Drom* si svært positive og idealiserande framstilling av den historiske perioden då romanifolket dreiv med reising, kan tolkast som ein måte å byggje opp eller oppretthalde ei slik myte om ein gullalder i romanifolket sin historie. Dette vil igjen byggje opp om ei opphavsmyte blant gruppa, samt få vist fram nokre ideal frå fortida som kan verke som forbilde for handling i samtida.

Ein liknande framstillingsmetode som ved leirplassen, er nytta ved campingvogna, der ein gjennom vindauga kan sjå inn i ei innreia campingvogn, og slik får eit vindauge inn i romanifolket sin fortidige røyndom (Sjå bilete, Vedlegg 4. s. 114). Samtidig er gjenstandane inne i campingvogna også tilskrevet ei meining. Eit eksempel er gitaren som er plassert inne i campingvogna, og som vil kommunisere romanifolket sin tilknytning til musikk. Det å iscenesetje ein historisk røyndom, er noko som folkemusea har hatt ein lang tradisjon for. Dei gamle bygningane som var svært vanlige på folkemuseum blei ofte innreia med mest mogleg autentisk interiør, for å skape ein illusjon om å komme inn på liva til dei som levde i fortida.<sup>233</sup> Ein finn altså ein klar parallell mellom den utstillingsmetoden som vart nytta på dei eldre folkemusea og den som er nytta ved dette temaet. Som vist over, så bidrog denne delen av utstillinga til å byggje opp om den etniske identiteten blant romanifolket, gjennom å skape kollektive minner. Den faglege tradisjon på folkemuseum for å skape ei truverdig materiell framstilling av fortida, har her verka med å byggje opp om den identitetsprosessen som gjekk føre seg blant romanifolket.

I perioden med assimilasjonspolitikkk overfor romanifolket, var ein viktig del av legitimeringa for politikken å vise til den omreisande kulturen som romanifolket hadde. Det å reise rundt let seg ikkje sameine med det framveksande industrisamfunnet der lønsarbeid var

---

<sup>232</sup> Smith 1999: 263-264.

<sup>233</sup> Eriksen 2009: 184-185.

norma.<sup>234</sup> Også Norsk misjon blant hjemløse la sterk vekt på sjølve reisinga som eit problem i si framstilling av romanifolket.<sup>235</sup> Det er derfor interessant at utstillinga *Latjo-Drom* legg mykje vekt på det å reise og ulike måtar å reise på. På utstillinga vert derimot ikkje reisinga framstilt som eit problem eller noko negativt, men vert sett på som eit positivt element i romanifolket sin kultur. Plansjane som høyrer til temaet viser korleis det var ei utvikling innan reisinga til romanifolket. Mange av plansjane har personlege forteljingar som skildrar korleis det var å reise, og korleis reisinga vart organisert og utført. Det å gje meininga i element som tidligare blei sett på som noko negativt med ei gruppe, til noko positivt hos gruppa, er ein mykje brukt strategi blant undertrykte grupper i identitetspolitiske prosessar. Historikaren Teemu Ryymin viser i artikkelen *Creating Kvenness: identity building among the Artic Finns in northern Norway* korleis den kvenske minoriteten i Noreg har nytta seg av namnet "kven", som tidligare var eit ord lada med fordomar, men som kvenske aktivistar har klart å tilskriva ein positiv konnotasjon.<sup>236</sup> Ved å legge stor vekt på reisinga i utstillinga, og å framstille reisinga i positive termar, vil utstillinga vera med på å snu meininga i reisinga frå eit negativt trekk ved gruppa, til eit positivt kulturuttrykk.

Dei store gjenstandane som er stilt ut viser korleis romanifolket har tilpassa reisinga til ulike tider, med nye måtar å reise på. Hest med vogn og skøyta representerer måtane det blei reist på i eldre tid, mens bil og campingvogn viser meir moderne reiseformer. Dermed kjem det fram at det har vore kontinuitet i romanifolket sin historie. Det å reise er noko som held seg konstant, sjølv om måtane å reise på forandrar seg. Peter Aronsson, professor i historie, understrekar i si bok *Historiebruk – att använda det förflutna* at det å kunne vise til kontinuitet er eit heilt sentralt element i konstruksjonen av kollektive fellesskap.<sup>237</sup> Å kunne vise fram kontinuitet i romanifolket si reising vil dermed medverka på å skape ein felles identitet blant romanifolket.

Den dominerande posisjon som reising har på utstillinga, fører til at reising vert knyta nært til det å vera romani. På nettutstillinga og i boka om utstillinga vert det slått fast at: "Det som først og fremst karakteriserer romanifolket/taterner, er deres reisende livsform".<sup>238</sup> Samtidig var det i den perioden som utstillinga blei laga få av romanislekt som held på med reising gjennom store deler av året, slik som det historisk vert vist til på utstillinga. Mange av dei som var aktive i den etnopolitiske mobiliseringa, hadde først oppdaga sin bakgrunn frå

---

<sup>234</sup> Halvorsen 2004: 22-23.

<sup>235</sup> Rokne 2010: 29-30.

<sup>236</sup> Ryymin 2001: 56-57.

<sup>237</sup> Aronsson 2004: 62-63.

<sup>238</sup> *Latjo-drom: romanifolkets/taternes kultur og historie*. (2009) Bok tilhøyrande utstillinga *Latjo-Drom: romanifolkets/taternes kultur og historie*. Møystad, Mari Østhaug (red): 25.

romanifolket i voksen alder, og dermed aldri hatt erfaring med reisinga, som utstillinga meiner er det som først og fremst karakteriserer romanifolket.<sup>239</sup> Det er derfor interessant at romanifolket sin identitet i så stor grad vert knyt til reising.

Anthony D. Smith har nemnt eit eller fleire differensierte element av felles kultur som eit av kjenneteikna på etniske fellesskap.<sup>240</sup> For minoriteten kvenene har språket vore eit viktig felles kulturelement som har skilt dei frå majoritetssamfunnet i Noreg.<sup>241</sup> For romanifolket har det å vise til eit felles språk vore problematisk, fordi talet på personar som framleis har kunna nytta språket har vore avgrensa.<sup>242</sup> Halvorsen meiner at det mest openberre felles kjenneteiknet for romanifolket og det som gjer dei forskjellig frå majoritetssamfunnet, er assimilasjonspolitikken som gruppa var utsett for. Denne politikken førte samtidig til at grunnlaget for ein sjølvrepresentasjon som etnisk minoritet blei svekka.<sup>243</sup> Då den etnopolitiske mobiliseringa tok til blant romanifolket på 1990-talet var det eit ubesvart spørsmål kva det ville seia å vera romani. Det blei dermed naudsynt å sjå etter kulturelle element som tydeleg kunne framheve romanifolket som annleis og markere at dei var ei eiga etnisk gruppe. Den tidlige omreisande livsforma markerte seg då, etter som dette tydeleg ville markere forskjellane mellom romanifolket og majoritetssamfunnet, samtidig som reisinga hadde vore ein del av legitimeringa frå storsamfunnet for assimilasjonspolitikken. Ved å knytte romanikulturen til ein reisande tradisjon på utstillinga, har ein bygd opp under eit tydeleg etnisk særpreg som skilde romanifolket frå majoritetssamfunnet.

Den museumsfaglege tradisjonen med å samle inn og stille ut materiell kultur, har nok også spelt inn på temaet “Underveis” sin storleik og posisjon. Å samle inn og stille ut gjenstandar vert framleis sett på som kjernen i musea si verksemd.<sup>244</sup> Ved tema som språk, opphav og romanifolket i dag, har det gjerne vert vanskeleg å finne objekt som kan knytast til temaet. Eller sagt på ein annan måte: Det kan ha vert vanskeleg å finne gjenstandar som kan tilskrivast den meininga ein har ønska å formidle ved desse tema. Men med eit tema som omhandlar reising vil gjenstandar som blei nytta i sjølve reisinga, utpeike seg som naturlege gjenstandar å samle inn og stille ut. Utstillinga sitt fokus på reising har oppstått i eit samspel der interesseorganisasjonane sin trong for å byggje opp om den etniske identiteten, samt å skape ein tydelege etnisk markør for gruppa, har latt seg sameine med den museumsfaglege tradisjonen om å stille ut materielle gjenstandar, og spesielt tradisjonen frå folkemusea der

---

<sup>239</sup> Halvorsen 2004: 13, 29 & 52-53.

<sup>240</sup> Smith 1991: 21.

<sup>241</sup> Ryymin 2001: 58-59.

<sup>242</sup> *St.meld nr. 15 (2000-2001)*: 45.

<sup>243</sup> Halvorsen 2004: 32.

<sup>244</sup> Eriksen 2009: 13.

samansettinga av gjenstandar skulle skape eit bilete av autentisitet. Innsamlinga av desse gjenstandane var samtidig ressurs- og tidkrevjande. Spesielt blei det lagt ned mykje arbeid i å finne ei skøyte som kunne byggjast om til å representere dei skøytene som romanifolket pleidde å nytta.<sup>245</sup> Det store arbeidet som blei lagt ned i å samle inn og gjere gjenstandar klar for utstillinga, viser samtidig korleis aktørane har ønska å prioritere det reisande aspektet ved utstillinga.

### 3.2.4 Arbeid og håndverk: Romanifolket sin materielle historie

”Arbeid og Håndverk” er også eit omfattande tema på utstillinga, og det er her ein finn den største samlinga av utstilte gjenstandar. I motsetnad til ”Underveis” er det her små gjenstandar som er stilt ut i glassmonter. Ved sida av eller inne i glassmontera er det også sett opp plansjar med tekst. Under dette temaet er det ikkje personlege forteljingar, men beskrivande tekstar om kva arbeid som har vore karakteristisk for romanifolket som er det dominerande. Desse tekstane står i ein tydeleg relasjon til gjenstandane som er stilt ut.

Det er ei rad med ulike typar gjenstandar som er stilt ut, men noko av det som knyt dei saman, er at dei alle står fram som gamle. Svært mange av desse produkta vert i dag produsert industrielt, og ikkje som handarbeid. Den historiske dimensjonen ved gjenstandane vert også framheva av tekstane som står i relasjon til gjenstandane. Tekstane understrekar at dette var arbeid som romanifolket tidligare dreiv med. Dermed formidlar gjenstandane eit bilete av romanifolket som ei gruppe med ein eigen økonomisk tradisjon som går tilbake i tid, også til førindustriell tid. Henrietta Lidchi viser til at gjenstandar gjerne blir skildra som dokument eller bevis frå fortida.<sup>246</sup> Gjenstandane som her er utstilt står dermed fram som materielle bevis på romanifolket sin historiske tilknytning til Noreg. Gjenstandane formidlar at romanifolket har vore historisk til stades, og vert dermed materielle bevis for statusen som nasjonal minoritet, og ei utdjuping av den immateriell framstilling, som ein finn under tema som ”Språk” og ”Opphav”. Den materielle dimensjonen vil gjerne gje argumentet ein ekstra retorisk tyngde, spesielt sidan det innan sjangeren museumsutstilling ligg forventningar om å møte materielle gjenstandar.

Ved å stille ut desse gjenstandane som eksempel på romanifolket sitt arbeid, får ein også tilbakevist tidligare framstillingar av romanifolket, der gruppa blei framstilt som kriminelle og utan vilje til å arbeide.<sup>247</sup> Temaet får fram at romanifolket var produsentar av varer som det var etterspurnad etter i Noreg. Handverk var også noko som TL meinte var

---

<sup>245</sup> Årsmelding romaniavdelingen 2004. 20.02. 2005: 1.

<sup>246</sup> Lidchi 1997: 162.

<sup>247</sup> Rokne 2010: 48 & 64.



viktige i ei meir positiv framstilling av romanifolket. På ei plansje som er ei innleiing til temaet finn ein følgjande tekst:

“Siden slutten av 1880-tallet har de tradisjonelle yrkene for taterne primært vært knyttet til håndtering av hest, håndverk og salg. Industrialiseringen i forrige århundre førte til at mange tater måtte endre sin økonomiske tilpasning og finne nye måter å livnære seg på. Til tross for at økende industrialisering og sentralisering gjorde romanifolket/taternes virksomheter mer sårbare, så var de flinke til å tilpasse seg skiftende markedsbehov. I dag har romanifolket/taterne i likhet med andre nordmenn ulike yrker, men mange lever fremdeles av å handle og en god handel blir fortsatt høyt verdsatt.”

Det er spesielt to aspekt med dette sitatet som er interessant. Det eine er at det blir understreka at romanifolket tilpassar seg nye marknadsbehov, noko som dermed framhevar gruppa som aktive aktørar i møte med endra økonomiske forhold. Det andre er at gruppa yrkesmessig ikkje vert skilt ut frå majoritetssamfunnet i samtida, men at dei framleis har eit spesielt forhold til det å drive handel. Dermed får ein framheva kontinuiteten i romanifolket sin økonomiske verksemd, på tross av dei endringane som gruppa har gått gjennom i nær fortid. Sjølv om det arbeidet som er stilt ut på utstillinga ikkje lenger er representativt for romanifolket, består framleis handelen som eit særpreg.

Frå ein museumsfagleg ståstad kan det ha vore to argument for å velje arbeid og handtverk som eit eige tema. Det eine er folkemusea sin tradisjon for å stille ut ulike typar handverk, og innsamling og utstilling av handverk var dermed ein aktivitet Glomdalsmuseet alt var kjent med.<sup>248</sup> Det andre er at framstillinga av romanifolket sin økonomiske verksemd med handverk og handel skjer i relasjon til ”de fastboende”. Dermed får ein fram den fleirkulturelle sameksistensen mellom romanifolket og majoritetssamfunnet, og korleis gruppene var økonomisk avhengig av kvarandre. Temaet passer slik godt inn i *Stortingsmelding nr.22 (1999-2000)* si målsetjing om å fokusere på det fleirkulturelle.<sup>249</sup>

Under dette temaet er det også gjeve plass til ei tematisering av taterkniven. Her er det utstilt ei stor samling med knivar, og knivsamlinga var noko som museet brukte mykje arbeid og økonomiske resursar på å samle inn.<sup>250</sup> Over dei utstilte knivane er det sett opp plansjar med informasjon om produksjon, kvalitet og eksempel på dyktige knivmakere. Knivane som er utstilt fungerer som ein representasjon på romanifolket sin dugleik innan handverk, og kniven vert dermed viktig i ei positiv definering av romanifolket. I den etnopolitiske konteksten romanifolket fann seg i, med kulturell revitalisering, kan det ha vert ein trong for å gje eit bestemt objekt ein symbolsk viktig posisjon. Med den markante samlinga av knivar kan utstillinga ha vert med på å manifestere kniven sin særeigne symbolposisjon hos

---

<sup>248</sup> Eriksen 2009: 187.

<sup>249</sup> *St.meld nr.22 (1999-2000)*: 19.

<sup>250</sup> Årsmelding romaniavdelingen 2004. 20.02. 2005: 1.

romanifolket. At kronprins Haakon kutta bandet ved opninga av utstillinga med ein taterkniv, var også med på å byggje opp under kniven sin symbolske posisjon.<sup>251</sup>

Eit aspekt ved taterkniven som ikkje vert formidla på utstillinga, er korleis den tidligare har vore knyt til stereotype fordommar mot romanifolket, der kniven var eit uttrykk for noko valdeleg og aggressivt ved gruppa.<sup>252</sup> Dette aspektet er heilt borte frå utstillinga. Måten det tidligare fordomsfulle vert valt bort, mens ei positiv definering av kniven vert framheva, er igjen eit eksempel på korleis tidligare stereotype og negative framstillingar av romanifolket går gjennom ein prosess der meininga blir snudd, og det blir tileigna ein positiv verdi.

### **3.2.5 Kulturmøte: Fleirkulturell sameksistens**

Temaet “Kulturmøte” er den delen av utstillinga som i størst grad formidlar relasjonane mellom romanifolket og majoritetssamfunnet. Tekstane under temaet nyttar ikkje “norsk” eller “nordmann” som kategori, men ser på forholdet mellom romanifolket og “fastboende”. Spesielt vert det lagt vekt på forholdet mellom romanifolket og bøndene. Ved ikkje å nytte norsk som ein kategori i utstillinga skaper ein heller ikkje noko skilje mellom romanifolket og det norske. Å høyre til romanifolket står i ikkje motsetnad til det norske, og dermed kan også romanifolket kunne inkluderast inn i det norske.

Som ved mange av dei andre temaene er det også her brukt personlege forteljingar for å kaste ljøs over emnet. Forteljingane under dette temaet skil seg likevel ut ved at det ikkje er personar frå romanislekt som fortel, men ”fastboende” som kan fortelje om forholdet og møtet mellom romanifolket og resten av samfunnet. Forteljingane er prega av respekt og forståing, på tross av at romanifolket skilte seg ut med ein annleis kultur. Dette passar godt inn i formidlinga av den fleirkulturelle sameksistensen som *Stortingsmelding nr.22 (1999-2000)* var interessert i.

Temaet har også formidla gamle avisartiklar som omhandla romanifolket og kulturmøtet på plansjane. Artikkane er valt ut på bakgrunn av den positive vinklinga til kulturmøtet og forholdet mellom romanifolket og ”fastboende”, samt som eksempel på avisoppslag som gjekk i mot trenden av medieoppslag som bygde opp under fordommar. Også her er det tydeleg at artikkane kan lesast i forhold til dei museumspolitiske forholda, der eit viktig ideal var at den fleirkulturelle sameksistensen skulle formidlast. Det er også trykt ein medfølgjande tekst som introduserer avisartikkane, der det vert understreka at avisartikkane

---

<sup>251</sup> *ABM Mangfald –ein varig tilstand. Nr.3 2007: 27.*

<sup>252</sup> Sjå blant annet Eilert Sundt sine forteljingar om bruk av kniv i slagsmål mellom romanifolk i *Beretning om Fante –eller landstrykerfolket i Norge: s. 91, 139 -140 & 222.*

ikkje er eit representativt utval, men valt ut på bakgrunn av artikkelforfattaren sitt fokus på det positive kulturmøtet. Sjølv om desse artiklane er positive i sin omtale av romanifolket, vert ein samtidig minna på at den dominerande framstillinga av romanifolket i media var negativ og fordomsfull.<sup>253</sup>

At ein berre har eit positivt fokus på relasjonane mellom romanifolket og dei ”fastboende”, og ikkje tar opp konflikter i forholdet mellom gruppene, er eit interessant aspekt med dette temaet. Knut Kjeldstadli hevder i *Norsk innvandringshistorie. Bind 2: I nasjonalstatens tid 1814-1940*, at tjuveri og tigging forekom blant romanifolket, men at faktiske tilfelle av dette blei generalisert til stereotyper som ramma heile gruppa.<sup>254</sup> Forholdet mellom den stereotype framstillinga av romanifolket og faktiske tilfelle av stereotyp åtferd frå personer av romanislekt vert ikkje tatt opp i utstillinga. Ut frå den museumsfaglege konteksten har det å velje vekk dette forholdet passa inn med dei politiske målsetjingane om at musea skulle medverke til kulturell toleranse.<sup>255</sup> Å vise at stereotypiar og fordommar mot ei gruppe kan ha tatt utgangspunkt i handlingar gjort av personar frå gruppa, kan ha vert problematisk når ein har hatt målsetjingar om å formidle toleranse.

### 3.2.6 Kulturminner: Konstruksjon av minnestadar

Temaet ”Kulturminner” er relativt lite og består berre av nokre plansjar med tekst og bilete. Ved dette temaet vert det vist til at det finst få faste kulturminne på grunn av romanifolket sin reisande kultur, men at det finst ei rekke immaterielle kulturminne, knyta til dei plassane der dei pleidde å halde til når dei var ute og reiste.

For dette temaet kan det vera nyttig å introdusere historikaren Pierre Nora sitt omgrep om minnestadar (*Lieux de mémoire*). Slik Nora legg fram omgrepet i første bind av verket *Les Lieux de mémoire*, er ein minnestad ein stad i tre formar: materiell, symbolsk og funksjonell, og vert skapt i eit samspel mellom minne og historie.<sup>256</sup> Minnestadar kan vera svært ulike geografiske stadar eller objekt, men det som gjer dei til minnestadar er dei minna om fortida som blir framkalla ved å vera ved eller nytta ein minnestad. Desse minnestadane er nødvendige for å halde ved like nokre utvalte minner om fortida, minner som gjerne er heilt sentrale i ei gruppe sin identitet.<sup>257</sup>

---

<sup>253</sup> Eide 2007: 90.

<sup>254</sup> Kjeldstadli 2003b: 416.

<sup>255</sup> *St.meld nr.22 (1999-2000)*: 18-19 & 120.

<sup>256</sup> Nora 1996: 14.

<sup>257</sup> Nora 1996: 7.

Men for at noko skal kunne bli ein minnestad må det tilskrivast symbolsk verdi og historisk meining, slik at ein i møte med minnestaden vert minna på bestemte hendingar og forhold i fortida. I eit slikt perspektiv vert dette temaet interessant, fordi det vel ut nokre bestemte stadar som vert gjeve symbolsk verdi. Eit eksempel er Grindalsletta, som er ei slette i Elverum som blei nytta som teltplass av romanifolket. Gjennom den symbolske og historiske relevansen som sletta vert gjeve på utstillinga, vil det kunne føre til at folk frå romanifolket som besøker plassen, vil få ei kjensle av at ein finn seg på historisk grunn og framkallar minner knyta til romanfolket sine leirplassar og tidligare liv. Utstillinga vert dermed med på å byggje opp om minnestadar som vert relevante for romanifolket, og viktige i å halda ved like og byggje opp identiteten innan gruppa.

### **3.2.7 Familie og barndom: Ideal frå fortida**

”Familie” og ”Barndom” er to relativt små tema på utstillinga, som står fysisk nært kvarandre i utstillingslokalet. Temaet ”Barndom” har plansjar med tekst og bilete av barn. På plansjane står det først litt generelt om oppdragelse og skulegang hos romanifolket, før det kjem fleire personlege forteljingar om korleis barndomen var og korleis det var for barn av romanislekt å gå på skule. Temaet ”Familie” har i tillegg til plansjar, også utstilt nokre gjenstandar i glassmonter, blant anna eksempel på tradisjonell klesdrakt blant romanifolket, både for menn og kvinner. Temaet tar opp undertema som omhandlar ekteskap, klesdrakt, mattradisjonar og husarbeid.

Dei første plansjane om barndom blant romanifolket handlar om korleis forholdet var og er mellom vaksne og barn. Vidare vert det framsett mange personlege forteljingar, der ei av dei omhandlar oppdragelsen blant romanifolket. Forteljinga teiknar eit bilete der borna hadde respekt og disiplin overfor foreldra. Blant anna står det: "Jeg tror ikke det gjør noe å ta ungene fatt ordentlig. Vi lærte en gang for alle. I dag er det ingen oppdragelse, og læreren får kjeft hvis han prøver å oppdra barna". Med denne forteljinga vert det markert eit skilje mellom samtida sin form for barneoppdragelse (eller mangel på oppdragelse), som vert framstilt negativt, og den forma for barneoppdragelse som romanifolket tidligare utøvde. Ved å markere mangelen på oppdragelse i samtida, vert romanifolket si tidligare form for oppdragelse framheva som eit ideal. I utgangspunktet er det ikkje sikkert at romanifolket sin oppdragelse skilte seg særskilt ut, men på utstillinga vert det gjeve relevans for romanifolket, som ein særeigen oppdragelse som var vanleg hos gruppa. Slik kan historia fungere som eksempel og ideal for samtida. Ved å leggje vekt på ei alternativ form for oppdragelse for romanifolket, kan ein også få konstruert nye etniske grenser mot majoritetsamfunnet.

Temaet "Familie" er delt opp i ulike undertema. I utstillinga verkar dei ulike undertemaene som naturleg tilhøyrande eit tema om familie. Samtidig må desse undertemaene ha gjennomgått ein prosess av utveljing, der noko har blitt valt, og noko har blitt valt bort. Undertemaet om klesdrakt og mattradisjonar kan ha vert valt ut for å markere dei kulturelle forskjellane mellom romanifolket og majoritetsamfunnet i historia, og slik vera med på å legitimera romanifolket som ei etnisk gruppe.

I byrjinga av 1900-talet, då folkemusea vaks fram i Noreg var nasjonaldrakter noko som desse musea såg på som verdifulle gjenstandar som burde samlast inn og stillast ut. Det var leiaren for Etnografisk Museum i Oslo, Yngvar Nielsen, som starta arbeidet med å gje folkedrakter status som museumsobjekt, då han rundt 1880 byrja å samle inn og kjøpe folkedrakter. Folkedrakter fekk også tidleg ein viktig posisjon innan folkemusea då den første temporære utstillinga på Norsk Folkemuseum i 1903 hadde nasjonaldrakter som emne.<sup>258</sup> Som det første folkemuseet i Noreg var Norsk Folkemuseum viktig for utviklinga av folkemuseumsparadigme og ein inspirasjon for dei folkemusea som blei etablert utover 1900-talet.<sup>259</sup> Kunsthistorikar Astrid Oxaal meiner i si avhandling *Drakt og nasjonal identitet 1760-1917. Den sivile uniformen, folkedrakten og nasjonen*, at nasjonaldrakta blei tileigna ein antikvarisk verdi då dei blei samla inn i museumssamlingar. Drakta blei eit visuelt symbol på den nasjonale historia.<sup>260</sup> Klesdraktene som er stilt ut ved dette temaet, kan verke som eit symbol på romanifolket sin historie, slik nasjonaldraktene tidligare blei eit utstilt symbol på den norske historia. Men det å stille ut klesdrakter kan også ha vore eit forsøk på å få definert ei spesiell klesdrakt knyt til romanifolket. Klesdrakter kan fungera som ein markør for ei gruppe sin ulikskap frå andre og byggje opp under etniske grupper sine grenser mot andre etniske grupper.<sup>261</sup> Klesdrakter knyt til ein bestemt etnisitet, kan vera svært tydelege etniske markørar når dei blir nytta i det offentlege, og har blitt til viktige symbol i identitetsprosessar.

I *Fri som Fuglen* nr 1 2004 er det gjengitt tre innlegg frå TL sitt internettforum, der romanifolket sine klesdrakter blei diskutert. Det gjennomgåande i alle innlegga er at romanifolket ikkje har hatt noko felles klesdrakt. I det eine innlegget står det: "At vandriane [namn på romanifolket] hadde en egen holdning er ikkje å komme forbi, kvinnene likte gjerne lange vide skjørt gjerne farvrikt, men dette gir dem altså ingen egenartet "nasjonal" klesdrakt".<sup>262</sup> I eit av innlegga vert det hevda at det var nokre felles element blant

---

<sup>258</sup> Oxaal 2001: 202.

<sup>259</sup> Eriksen 2009: 79-80.

<sup>260</sup> Oxaal 2001: 200.

<sup>261</sup> Nash 1996: 26.

<sup>262</sup> *Fri som Fuglen* nr. 1 2004: 7.

romanifolket: ”Men kan ikke huske at det var en felles klesdrakt, men som bl.a karl har vært innom, så er det noen elementer som går igjen, som var ganske likt uavhengig av hvor de kom fra, eller hva slags slekt de tilhørte. (ringar- hattar- klokkekjeder- skaut/tørkle –osv)”.<sup>263</sup> Disse innlegga indikerer at det var ein del ulike meiningar internt blant romanifolket og i TL om det fantes noko felles klesdrakt for romanifolket. På utstillinga har ein likevel stilt ut eksempel på ein mannlig og ei kvinnelig romaniklesdrakt. Eksempelet med klesdrakt viser korleis nyansar og kontroversar rundt romanifolket sin materielle historie vert usynlige på utstillinga, men også korleis museumsutstillinga var med på å definere ei bestemt klesdrakt som vert knyt til gruppa. Denne klesdrakta blir tilskreve symbolsk verdi gjennom å bli stilt ut på museet, og kan dermed nyttast i identitetsprosessen og som ein etnisk markør.

### **3.2.8 Musikk: Historisk kontinuitet og identitet**

Under temaet "Musikk" er det sett opp plansjar som gjev ei historisk innføring i romanifolket sin musikktradisjon. Den historiske framstillinga legg vekt på romanifolket sin medverknad til folkemusikken, og korleis dei som reisande kunne bringe med seg musikken til ulike bygdesamfunn. Det vert også vist til at sjangrar som danseband og country fekk innverknad blant romanifolket ut over 1950- og 1960-talet. Til slutt har ein tatt med ein liten del om fire kjente musistar av romanislekt som er aktive i dag, under overskrifta ”navn i vår tid”.

Tekstane på plansjane viser tydeleg kontinuitet i romanifolket sin musikkhistorie, frå romanifolket sin musikktradisjon frå fortida til artistar som er aktive i dag. Dei fire artistane som er nemnt her er aktive innan relativt ulike musikk sjangrar som rock, danseband og folkemusikk. På utstillinga vert dei knyt saman på bakgrunn av sin etnisitet. Temaet inneheld også skjermar med høyretelefonar, der ein kan velje mellom 8 forskjellige songar av ulike artistar av romanislekt. Dei fire moderne artistane er også valt ut her, saman med fire eldre eksempel på romanimusikk. Artistane er valt ut som representantar for romanifolket sin musikktradisjon, og blandinga av eldre og moderne artistar knyter saman fortidig og samtidig musikk. Som tidligare nemnt er det å kunne vise til kontinuitet eit heilt sentralt element i konstruksjonen av kollektive fellesskap.<sup>264</sup> Temaet “Musikk”, der fortidig og samtidig musikk vert knyt saman gjennom felles etnisitet, vert dermed eit element i konstruksjonen av eit fellesskap blant romanifolket.

Men i tillegg til å skape eit internt fellesskap, formidlar også temaet eit tydeleg positivt bilete av romanifolket, der dei står fram som handlande aktørar både i historia og i samtida.

---

<sup>263</sup> *Fri som Fuglen* nr. 1 2004: 7.

<sup>264</sup> Aronsson 2004: 62-63.

Songane som ein kan velje å høyre på, vert bevis på at det var og er ein kulturproduksjon blant romanifolket. Musikk var også noko som TL ønska skulle framhevast som ein del av romanikulturen.<sup>265</sup>

### **3.2.9 Romanifolket/taterne og storsamfunnet: Overgrep og motstand**

”Romanifolket/taterne og storsamfunnet” er bygd opp av plansjar med relativt mykje tekst, saman med ein del bilete. Temaet kan i stor grad delast i to, der den første delen går historisk til verks og omhandlar politikken overfor romanifolket. Denne delen er kronologisk oppbygd og byrjar med politikken overfor gruppa alt frå reformasjonen. Det tar opp kyrkja sitt forhold til romanifolket, samt korleis romanifolket blei jaga frå mange bygder. Vidare går utstillinga over på politikken i nyare tid. Her vert forskjellige lover som var retta mot romanifolket, og konsekvensane dei fekk for folket tatt opp. Norsk misjon blant hjemløse og Svanviken arbeidskoloni har blitt gjeve eigne plansjar og får grundig gjennomgang.

I tekstane om politikken overfor romanifolket vert gruppa framstilt som eit folk der det er styresmaktene, kyrkja og Norsk misjon blant hjemløse som handlar overfor gruppa, mens romanifolket sjølv er passive. Romanifolket passar i denne framstillinga inn i Chris Gilligan sin definisjon på eit offer, etter som gruppa står fram som eit passivt objekt som det har blitt handla overfor.

Temaet ”Romanifolket/taterne og Storsamfunnet” fokuserer mykje på større institusjonar som staten, kyrkja og Norsk misjon blant hjemløse sin politikk, og i mindre grad på generelle fordomar eller rasisme som gruppa kan ha blitt møtt med. Dermed har ein tydeleg definert ut representantane for storsamfunnet, og fått plassert skulda for politikken på bestemte institusjonar. Dette er samtidig noko som retorisk kan nyttast av etnopolitiske aktørar i politiske prosessar der desse institusjonane er innblanda. Spesielt vert det lagt skuld på Norsk misjon blant hjemløse, der den eine skiljeveggen som er sett opp under temaet, har eit sitat av ein tidligare bestyrar ved Svanviken i store bokstavar: «Det vi gjør er bevisst å utrydde et folks egenart, deres språk, deres livsform». Ved å nytte eit slikt sitat, markerer ein at politikken overfor romanifolket både var bevisst, og at målet var å få utrydda romanifolket sin kultur.

Den andre delen av dette temaet er fire personlege forteljingar om politikken overfor romanifolket. Desse forteljingane har ein personleg form og dei kastar ljøs over fire ulike sider ved politikken: Oppvekst på Svanviken, oppvekst på barneheim, oppvekst i fosterheim og adopsjon. I desse personlege forteljingane er ikkje romanifolket berre passive objekt som

---

<sup>265</sup> Halvorsen 2004: 31.

det blei handla overfor. Forteljingane får fram at både forteljaren og personar i familien gjorde forsøk på å hindre politikken til Norsk misjon blant hjemløse og styresmaktene. I den eine forteljinga blei forteljaren sett på barneheim då han var sju år gammal. Barneheimen nekta mora hans tilgang, men onkelen hjelpte han med å halde kontakt med henne, og han rømte til saman tre gonger frå barneheimen. I denne forteljinga er personane av romanislekt handlande aktørar som forsøker å motarbeide dei tiltaka som vert sett i gang overfor dei.

Ser ein temaet under eitt, finn ein at dei elementa som Rune Halvorsen meiner ofte har vert nytta av etnopolitiske aktørar for å dra nytte av ein offerposisjon, tar stor plass i denne delen av utstillinga. Halvorsen skriv at det ofte blei vist til tap av normal barndom og kutting av kontakt med biologisk familie.<sup>266</sup> Dette er element som blir tatt opp i den historiske gjennomgangen, men er spesielt framtrudande i dei personlige forteljingane, der tap av normal barndom eller kutting av kontakt med biologisk familie er eit heilt sentralt element i dei fire forteljingane.

Denne delen av utstillinga er til dels gøymt bort i utstillingslokalet, ved at det er sett opp skiljevæggar, som fører til at ein går gjennom ein avskilt passasje dersom ein skal studere temaet (Sjå kart over utstillinga, Vedlegg 2. s. 112). At temaet til ein viss grad er gøymt bort på utstillinga, er i samsvar med dei politiske føringane det var lagt på utstillinga frå *Stortingsmelding nr.22 (1999-2000)* og *Stortingsmelding nr.15 (2000-2001)*, der det vert slått fast at hovudfokuset skulle vera på romanifolket sin kultur og historie, mens ein mindre del skulle omhandle storsamfunnet sine haldningar og tiltak overfor gruppa.<sup>267</sup> Dette samsvarer og med den visjon og verdiplattformen som blei utvikla av museet og arbeidsgruppa før opninga.<sup>268</sup> Spørsmålet om temaet sin storleik og posisjon på utstillinga var samtidig noko av det som det var kontroversar rundt. Blant anna er eit viktig moment i kritikken frå den tidligare nemnte musikaren, at overgrepa mot gruppa fekk for liten plass i utstillinga.<sup>269</sup>

Spørsmålet om korleis storsamfunnet sine overgrep mot romanifolket skulle framstillast på utstillinga, kan også knytast til kva posisjon ein har ønska at denne historia om overgrep skulle ha i det kollektive minne blant romanifolket. Som tidligare vist har det å vise til historiske overgrep, vore nyttig for aktørar frå romanifolket i politiske prosessar, spesielt i møte med norske styresmakter. Kva posisjon forteljinga om overgrep skulle ha på utstillinga, har dermed også handla om kva etnopolitisk strategi ein har ønska å leggje seg opp mot. Auka fokus på overgrep ville kunne gje etnopolitiske aktørar ein gunstig posisjon i møte med

---

<sup>266</sup> Halvorsen 2004: 73.

<sup>267</sup> *St.meld nr. 22 (1999-2000)*: 192; *St.meld nr. 15 (2000-2001)*: 65.

<sup>268</sup> Om *Latjo-Drom*: <<http://www.glomdal.museum.no/html/romani/latjo-drom/om.htm>>

<sup>269</sup> *Glåmdalen* 09.05.2006, *Klassekampen* 14.06.2006.



norske styresmakter, men samtidig ha ført til at forestillingar om gruppa som eit offer for assimileringpolitikk ville ha blitt styrka. Slike forestillingar ville igjen gjerne ha ein negativ effekt i den pågåande identitetsprosessen, der ei positiv definerings av identiteten som romani var heilt sentralt.

Sjølv om temaet ikkje har stilt ut gjenstandar, eksisterer det nok historiske gjenstandar som museet kunne ha samla inn, og som hadde formidla meining om temaet. På eit av bileta som er stilt ut, er det avbilda forskjellige våpen som bygdevevterane nytta. Bygdevevterane hadde som oppgåve å halde romanifolket unna bygdene. Bilete er tatt av våpen ved Hegra museum. Ein kan her spørje seg kvifor ein har valt å stille ut eit bilete av gjenstandane, og ikkje heller samle dei inn og stille ut dei fysiske gjenstandane. Ein årsak til dette kan vera at dei ulike mediuma, museumsobjekt og bilete, med ulik styrke vil formidla biletet av overgrep overfor romanifolket.

Uavhengig av dei ulike media sin styrke i forhold til formidling, er det også resurskrevjande å samle inn slike gjenstandar, kontra det å samle inn eit bilete av dei. Ei årsak til at slike gjenstandar ikkje har blitt samla inn kan derfor vera eit prioriteringssjorsmål, der ein heller har valt å bruka resursar på å samle inn gjenstandar under tema som «Underveis». Dette seier noko om at denne delen av utstillinga har blitt gjeve lågare prioritet enn andre deler av utstillinga. Det passer også godt overeins med *Stortingsmelding nr.15 (2000-2001)* sitt ønskje for museet: ”Den planlagde utstillinga skal fokusere på historia til romanifolket og deira eigen kultur, medan ein mindre del av utstillinga vil dreie seg om storsamfunnet sine holdningar til og tiltak overfor denne minoriteten.”<sup>270</sup>

### **3.2.10 Religion: Romanifolket som religiøs minoritet**

Eit eige tema er tileigna romanifolket sitt forhold til religion. Temaet består hovudsaklig av plansjar med tekst og bilete. Teksten viser til at mange frå romanifolket blei med i pinserørsla på 1950-talet, som var ei rørsle som sto utanfor styresmaktene sin kontroll, der song og musikk var viktig, noko som passa for romanifolket. Det er også tileigna to plansjar til to kristne leiarar av romanislekt.

Ved å fokusere på romanifolket sin tilknytning til pinserørsla og kjente kristne leiarar av romanislekt, har ein samtidig valt bort noko problematisk ved romanifolket sitt forhold til religion: Norsk misjon blant hjemløse, som hadde særomsorgen for romanifolket på 1900-talet, var ein kristen organisasjon der kristen tru var eit grunnlag for det arbeidet som organisasjonen utførte. Sentrale aktørar i Den norske kyrkja var også aktive i Misjonen og

---

<sup>270</sup> *St.meld nr. 15 (2000-2001)*: 65.

lokale meinigheiter støtta Misjonen sitt arbeid.<sup>271</sup> Forholdet til Den norske kyrkja var også problematisk hos romanifolket i nær fortid. Som tidligare nemnt var ein av dei utslagsgivande faktorane for at LOR blei oppretta, den vage unnskyldninga som Den norske kyrkja gav til romanifolket. Ved heller å fokusere på pinserørsla sin oppslutnad blant romanifolket har ein kunna velje bort det meir kontroversielle forholdet til Den norske kyrkja.

### 3.2.11 Romanifolket/taterne i dag: Samtid og fortid møtest

«Romanifolket/taterne i dag» er avslutninga på *Latjo-Drom*, og ender opp ved ut/inngangen til utstillinga. Ved denne delen får TL og LOR kvar sin plansje der dei får introdusere sin eigen organisasjon. På dei siste plansjane i utstillinga får fire personar av romanislekt komme til ordet gjennom ein tekst som omhandlar korleis det er å vera romani i dag. Ved sida av teksten er det hengt opp store portrettbilete av personane som skriv, og i motsetnad til dei personlege forteljingane tidligare i utstillinga, står desse personane fram med fullt namn.

Portretta av dei fire personane gjev eit tydeleg uttrykk for kontinuitet i romanifolket sin historie. Sjølv om tekstane her har tilhøyrande bilete og står med fullt namn, har tekstane ein likskap med dei personlege forteljingane som har vore stilt ut i utstillinga. Dermed vert desse tekstane sett i relasjon til tekstar som har omhandla historiske tema. Fleire av elementa som har vert omhandla i utstillinga, dukkar igjen opp i tekstane om korleis det er å vera romani i dag, og viser kva element frå historia som framleis er nytta blant romanifolket. I det eine portrettet står det: "Rastløsheten kjennetegner oss, vi vil stadig ut på reise. Barna mine har også dette i seg, denne rastløsheten." Her kjem det fram at reisinga, som det alt har vert gjeve ein grundig historisk innføring i, framleis er ein sentral del av det å vera romani, og kontinuiteten i reisinga blant romanifolket kjem til syne. Under ein av dei andre tekstane står det: "Gjennom musikken og språket lærte jeg tidlig om kulturen vår. Nå gjelder det å holde alt dette i hevd." Igjen vert det henta fram element som har blitt vist fram på utstillinga, og slått fast at dette er element som må takast vare på. Dette temaet vert dermed viktig i utstillinga, for å få vist korleis dei historiske elementa som har blitt tematisert, er relevant for romanifolket i dag.

Gjennom å nytte portrett med bilete og tekst, får ein også vist at romanifolket er synlige og medvetne aktørar som kan representere seg sjølv. Framstillinga av dagens romanifolk står dermed i skarp kontrast til tidligare framstillingar av romanifolket, der dei sto fram som passive offer for assimilasjonspolitikken. Tekstane under portretta gjev også eit bilete av at avdelinga på Glomdalsmuseet og organiseringa av romanifolket i

---

<sup>271</sup> Halvorsen 2004: 79.

interesseorganisasjonar er sentralt for at romanifolket sin kultur og historie skal kunne overleve.

### 3.2.12 Heilskapen i utstillinga *Latjo-Drom*: Ei mytisk historie

Eit markant trekk ved utstillinga *Latjo-Drom* er det positive bilete av romanifolket som den ønskjer å formidle. Elementa som TL hadde lagt vekt på som viktige i ei positiv definering av romanifolket, som språk, klesdrakt, handverk, omførselshandel, musikk og familiesamhald har fått god plass på utstillinga og vert formidla i ei positiv form. Ved å nytte personlege forteljingar i utstillinga står det fram som om det er romanifolket som her formidlar sin eigen kultur og historie. Dei personlege forteljingane, i lag med ei nedtoning av konflikhtar i relasjonane til majoritetssamfunnet, fører til at utstillinga i liten grad formidlar noko bilete av romanifolket som "dei andre", men heller gjer forsøk på å integrere gruppa i ein fleirkulturell norsk kategori, der nasjonale minoritetar også inngår i det norske.

Utstillinga verkar prega av tradisjonen frå folkemusea, der materielle objekt vert stilt ut for å representere kultur og historie. Tekstane i utstillinga står ofte i tydeleg relasjon til objekta og verkar inn på fortolkinga. Fleire plasser i utstillinga er det regisserte samlingar av gjenstandar, som ved teltplassen og campingvogna, der det tydeleg har vert eit ønskje om å formidle eit autentisk bilete av romanifolket sin fortid. Mange av bileta som er nytta i utstillinga viser til romanifolk i fortida. Slik står dei fram som dokumentasjon på romanifolket sin historie, og sender signal om at utstillinga er historisk korrekt. I sin heilskap står utstillinga fram som ei tradisjonell kulturhistorisk utstilling, der målet har vert å formidle ei folkegruppe sin kultur og historie gjennom materielle gjenstandar.

Utstillinga manglar noko tydeleg kronologisk struktur, og historiske hendingar og tidfesting er lite nytta. Den kan likevel lesast som eit forsøk på å konstruere ei opphavsmyte om romanifolket. Her er det igjen nyttig å hente fram Anthony D. Smith sin teori om opphavsmytar. Den første delmyta som Smith viser til er felles opphav og som vist vert det under temaet "Opprinnelse" og "Språk" vist til eit opphav i India, men dette blir samtidig nyansert med at gruppa utvikla seg til ei sjølvstendig gruppe i Noreg. Utstillinga byggjer dermed ikkje opp ei tydeleg delmyte som slår fast gruppa sitt opphav, men gjev nokre indikasjonar. I tillegg til ei myte om opphav viser Smith til ei del myte om lokasjon som gruppa historisk tilhøyrer, og som Smith meiner ofte har blitt konstruert som eit "heimland" blant nasjonalistar.<sup>272</sup> På utstillinga blir romanifolket sitt historiske forhold til Noreg framheva,

---

<sup>272</sup> Smith 1999: 64.

og gruppa blir slik plassert inn i den territoriale avgrensinga som dette gjer. Dermed framstiller samtidig utstillinga romanifolket som ein naturleg del av det norske.

Den tredje delmyta er aner mellom medlemmer av gruppa i dag, og ned gjennom generasjonane til gruppa sitt opphav. Det er her ikkje snakk om genealogiske aner, men symbolske i form av overføring av enkelte sentrale verdiar gjennom generasjonane.<sup>273</sup> Også dette finn ein att i deler av utstillinga, blant anna under temaet "Arbeid og håndverk", der handel vert framstilt som eit element som har halde seg stabilt innanfor gruppa, på tross av historiske omskiftingar. Som vist er temaet "Underveis" med på å byggje opp ei myte om ein historisk gullalder, der perioden med utstrakt reising vert henta fram og framstilt svært positivt. Ein del andre tema, som "Arbeid og håndverk" og "Musikk" byggjer ut dette bilete ved å vise det positive i musikken og arbeidet som blei utført i den same perioden. Denne konstruksjonen av ei gullaldermyte i romanifolket sin historie kjem tydeleg til syne ved at fleire tema byggjer opp under det, og ved at det store fleirtalet av dei utstilte objekta viser til denne historiske perioden.

Myta om forfall kjem først og fremst til syne under temaet "Romanifolket/taterne og storsamfunnet". Temaet understrekar at assimilasjonspolitikken var retta mot romanifolket sin kultur med reising, og vil dermed kunne forklare kvifor den idylliske perioden med reising forsvann. Sjølv om dette temaet til dels er gøymt bort på utstillinga, og tar mindre plass, har det ein viktig funksjon i danninga av ei opphavsmyte. Den siste delmyta Smith viser til er om nydanning. Her handlar det ikkje lenger om forhold i fortida, men om trong for kollektiv mobilisering i samtida for å kunne gjenopprette ein gullalder blant gruppa. Sentralt i denne delmyta er trongen for å komme tilbake til gruppa sine røter og kva som er autentisk for gruppa. Altså er det dei andre delmytane som definerer kva gruppa vil ha som mål.<sup>274</sup> På utstillinga er det temaet "Romanifolket/tatere i dag", spesielt portretta av dei fire romanifolka, som byggjer opp under ei slik myte. Under dette temaet formidles trongen for kollektiv mobilisering blant romanifolket, for å halde kulturen i hevd.

Sjølv om utstillinga manglar noko direkte narrativ struktur, byggjer den likevel opp ei opphavsmyte om romanifolket. Ei slik myte om felles fortid er sentralt i identitetsprosessar, og gjer det meiningsfullt for medlemmer av gruppa å definere seg som romani. Eit sentralt element i konstruksjonen av slike myter er prosessen med å velje ut, og eg skal i neste underkapitel ta opp museet sitt utgangspunkt for å delta i ein slik prosess.

---

<sup>273</sup> Smith 1999: 64-65.

<sup>274</sup> Smith 1999: 67-68.

### **3.3 Avslutning: Latjo-Drom som uttrykk for museumsidear og etnopolitikk**

Som vist over er det grunnlag for å hevde at utstillinga formidlar ei opphavsmyte om romanifolket, der enkelte element frå historia vert henta fram for å passe inn i ein heilheit som gjev svar på kven romanifolket er, ved å vise til kven dei var i fortida. I denne avsluttande delen vil det bli drøfta korleis denne utstillinga var ein del av samtidig etnopolitikk, korleis det museumsfaglege verka inn og korleis møte mellom museumsfaglege og etnopolitiske aktørar utvikla seg.

#### **3.3.1 Latjo-Drom og etnopolitikk**

Museumsutstillinga *Latjo-Drom* kan forståast på tre nivå i den etnopolitiske konteksten som romanifolket fann seg i. Det første nivået var det politiske målet om å få oppretta ei museumsutstilling over romanifolket sin kultur og historie, noko som TL sitt tidlige engasjement i prosessen viser. Dette var ein politisk kamp som lenge handla om å få økonomisk stønad frå staten til å byggje utstillinga, der TL og Glomdalsmuseet i stor grad førte denne kampen saman overfor sentrale styresmakter. Å få den økonomiske stønaden til utstillinga blei dermed ein politisk seier for både TL og Glomdalsmuseet.<sup>275</sup>

Det andre nivået var korleis utstillinga *Latjo-Drom* fungerte i eit utvida etnopolitisk felt, blant anna som eit viktig element i staten sin minoritetspolitikk. Staten sin politikk overfor romanifolket frå slutten av 1990-talet var prega av eit ønskje om moralsk oppgjær med den tidligare politikken overfor gruppa. I *Stortingsmelding nr.15 (2000-2001)* blei regjeringa sin stønad til utstillinga tydeleg plassert som eit element i denne politikken:

”Overgrepa mot romanifolket var særskilde grove og ramma ei etnisk gruppe hardt. Tiltak for å styrkje og fremme kulturen til romanifolket kan sjåast som ei form for kompensasjon for kontroll- og fornorskingspolitikken, særleg for dei verknadene denne politikken har hatt for å svekkje kulturen. Regjeringa vil derfor gjere framlegg om at det blir etablert eit senter for dokumentasjon og formidling av kulturen og historia til romanifolket. Senteret plasserast på Glomdalsmuseet på Elverum med sikte på byggjearbeid i 2002.”<sup>276</sup>

Stønaden til utstillinga har altså i hovudsak vert eit spørsmål om stønad til eit minoritetspolitisk tiltak, der ein har hatt forhåpningar om at ei slik museumsutstilling skulle kunne vera ein kompensasjon og kunne styrkje den kulturen som fornorskingspolitikken hadde svekka.

At regjeringa nytta stønad til prosjektet som ein del av ei oppreisning overfor romanifolket, gav prosjektet symbolsk og politisk tyngde. Dette kan forklare kvifor det var

---

<sup>275</sup> Sjå *Fri som Fuglen* nr. 8 2003 & nr. 9 2004; *Nationen* 18.11.2003.

<sup>276</sup> *St.meld nr. 15 (2000-2001)*: 14.

viktig for TL og LOR å delta i prosjektet og kvifor TL var svært avisande til at andre interesseorganisasjonar skulle kunne delta. Sidan museumsutstillinga var gjeve politisk prestisje av regjeringa, og målet var at utstillinga og museet skulle vera den mest omfattande utstillinga som omhandla romanifolket, var dette prosjektet det viktigaste arbeidet som blei gjort i perioden i forhold til romanifolket sin historie og kultur. Då TL og LOR deltok på dette prosjektet, sendte det signaler til personar av romanislekt at TL og LOR garanterte at det var romanifolket som no stilte ut sin eigen historie. Dermed fekk dei demonstrert sin eigen relevans, som garantistar for at romanifolket sin historie blei reielig framstilt.

Etter at TL blei stengt ute frå samarbeidet ein kort periode frå desember 2005 til mars 2006, blei det i *Fri som Fuglen* framstilt som om museet ikkje var meint som ei oppreisning og kompensasjon til romanifolket, samtidig som det blei framsett påstandar om at TL var blitt lurt i prosessen.<sup>277</sup> Etter brotet i samarbeidet og konflikten om eigarskap, var det gjerne naudsynt for TL å senke den symbolske verdien til utstillinga. Derfor var det også gunstig å støtte den kjente musikaren som kritiserte utstillinga i media, fordi det då sto fram som om TL kjempa ein kamp på vegner av romanifolket, mot både Glomdalsmuseet og styresmaktene. Som TL sin leiar utalte til *Klassekampen* om samarbeidet med utstillinga: ”Det har resultert i den samme overkjøringa av oss, bare i en annen form.”<sup>278</sup>

Det tredje nivået er korleis sjølve utstillinga har verka inn på den etnopolitiske utviklinga. Når noko eller nokon blir stilt ut på museum, vert det løfta fram, gjeve verdi og synleggjort.<sup>279</sup> I den etnopolitiske konteksten som romanifolket fann seg i, var ei slik synleggjering symbolsk viktig, og dermed var også innhaldet i utstillinga viktige symbol i romanifolket sin kulturelle revitalisering.

Som tidligare vist har utstillinga ei form som kan verke inn på utviklinga av etnisk identitet blant romanifolket. Utstillinga er med på å bygge opp kollektive minner og ei opphavsmyte, som i følge Anthony D. Smith er sentralt i utviklinga av etniske fellesskap.<sup>280</sup> Den utfordrar også tidligare stereotype framstillingar og gjev romanifolket sin historie eit positivt innhald. *Latjo-Drom* står i opposisjon til tidligare offerframstillingar av gruppa, og framstiller romanifolket som handlande aktørar i historia. Rune Halvorsen skriv i boka *Taternes arbeid for oppreisning og anerkjennelse i Norge* at: ”Et sentralt element i dagens sosiale bevegelse blant taterne er dermed spørsmålet om hva det vil si å være tater i dag og

---

<sup>277</sup> *Fri som Fuglen* nr. 1 & nr. 2 2006.

<sup>278</sup> *Klassekampen* 14.06.2006.

<sup>279</sup> Eriksen 2009: 198.

<sup>280</sup> Smith 1991: 21.

hvem de har vært opp gjennom historien”.<sup>281</sup> Dette er det utstillinga *Latjo-Drom* ønskjer å gje svar på, og utstillinga går dermed inn i heilt sentrale spørsmål i den etnopolitiske rørsla blant romanifolket.

### 3.3.2 Minoritetsutstilling og museum

I tillegg til LOR og TL var sjølv sagt Glomdalsmuseet heilt sentral i prosessen. Museet hadde sine museumspolitiske føringar gjennom Kulturdepartementet og *Stortingsmelding nr. 22 (1999-2000)*. I tillegg var det eit museumsfagleg klima som påverka museet, der blant anna ABM-utvikling spela ei viktig rolle. Ei viktig politisk målsetjing for musea i denne perioden var som nemnt målet om at det historiske og kulturelle mangfaldet skulle komme til syne, og Glomdalsmuseet sitt arbeid med denne utstillinga blei sett på som ei medverking til dette prosjektet.<sup>282</sup> Det var samtidig få politiske føringar på korleis dette arbeidet skulle utførast i praksis på musea. Glomdalsmuseet la seg i prosessen opp mot idear om minoritetsmedverknad, der den gruppa som skulle stillast ut på museet, sjølv skulle vera med i arbeidet på utstillinga. Dette blei forsøkt løyst både ved å tilsette ein person av romanislekt som prosjektmedarbeidar, oppretta ei arbeidsgruppe med representantar frå romaniorganisasjonane og ved forsøk på å direkte involvere romaniorganisasjonane i arbeidet til utstillinga. Denne forma for medverknad passa også godt overeins med *Stortingsmelding nr. 22 (1999-2000)*, der det blei lagt vekt på at musea skulle halde dialog med omverda og hadde ei rolle i demokratiseringa av samfunnet.<sup>283</sup>

At Glomdalsmuseet hadde lagt seg så nært opp til minoritetsmedverknad, ser ikkje ut til å ha hatt konsensus blant dei tilsette på Glomdalsmuseet. Ansvarleg for Glomdalsmuseet sitt Brudd-prosjekt om romanifolket, Tore Lahn, skreiv om prosjektet i ABM-Utvikling sin rapport om Brudd:

”Vi forstår at taterne nå er i en lignende situasjon som «vi» var i, i nasjonsbyggingens og museumsbyggingens barndom – utstilling og formidling har et politisk siktemål – den skal skape en spesiell positiv holdning, skape stolthet og samhold osv. – Men er vi ikke egentlig kritiske til en slik målsetting? Og: virker en slik museumspolitik i dag, når vi samtidig prøver å lage utstillinger og opplegg som skal stille spørsmål, provosere, og utfordre til selvstendig og kritisk tenkning?”<sup>284</sup>

Fagleg ansvarlig for *Latjo-Drom*, Mari Østhaug Møystad, ser derimot annleis på det i sin artikkel *Glomdalsmuseet og romanifolket/taterne: Samarbeid, konflikt og prosess. En reise i museets erfaringslandskap*:

---

<sup>281</sup> Halvorsen 2004: 30.

<sup>282</sup> Møystad 2009: 88-89.

<sup>283</sup> *St.meld nr. 22 (1999-2000)*: 129.

<sup>284</sup> Lahn 2006: 51.

”Hvis museene skal fungere som endringsaktører og gi rom for minoritetenes medvirkning, må de også være villige til å gi slipp på makt og være åpne for nye måter å organisere arbeidet på. Til syvende og sist må museene være villige til å gjøre endringer, også i egne rekker.”<sup>285</sup>

Trass i noko ulikt syn på romanifolket sin medverknad på museumsarbeidet, og resultatet av dette, har ideen om medverknad på utstillinga stått fast gjennom heile prosessen. Interesseorganisasjonane sin medverknad på arbeidet med utstillinga var nok sterkare forankra i prosjektet sine minoritetspolitiske rammer, slik det kom til uttrykk i *Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001)*, enn museumsfaglege strøymingar i samtida.

Sjølv om utstillinga *Latjo-Drom* kan settast inn i ein lang museumsfagleg tradisjon der materielle objekt blei stilt ut til å representere kultur og historie, gjekk denne utstillingsforma i mot ein del museumsfaglege trendar i denne perioden. Blant anna organiserte ABM-Utvikling prosjektet Brudd, der ein ønskja å formidle vanskelege, marginale og kontroversielle tema på ein kritisk måte. Som nemnt var Glomdalsmuseet aktiv i Brudd prosjektet gjennom eit undervisningsopplegg om romanifolket, men var noko som også skapte problem i samarbeidet mellom TL og museet. Etter som museet hadde lagt seg nært opp til ideen om minoritetsmedverknad, kan det sjå ut til at ein samtidig valde vekk nokre samtidige strøymingar på museumsfeltet, der museet skulle vera meir sjølvkritisk til kva og korleis det formidla fortida.

### 3.3.3 Museumstradisjonar og etnopolitikk

Eit interessant aspekt med utstillinga *Latjo-Drom*, er korleis aktørar med etnopolitiske mål, har fremja desse innan eit museum, som hadde ein fagleg tradisjon og politiske føringar som dei museumstilsette måtte forholde seg til. Har museet sine tradisjonar og faglege idear opna opp for at romanifolket kunne nytte museet til å utvikle eit sterkare etnisk fellesskap og sikre politiske rettar på bakgrunn av sin etnisitet? Som vist medverkar utstillinga til å konstruere det Antony D. Smith definerer som ei opphavsmyte. Ein viktig del i konstruksjonen av slike myter, er å forenkle fortida og utelate det motsetningsfylte.<sup>286</sup> Fortida må altså gå gjennom ein prosess av utveljing. Noko vert valt ut for å gå inn i den historiske myta, mens andre element vert valt bort. Spørsmålet om å velje ut er også sentralt hos musea, der spørsmålet om kva gjenstandar som skal samlast inn og stillast ut, var og er eit av dei grunnleggjande spørsmåla som alle musea må forhalde seg til.<sup>287</sup> Blant folkemusea var denne utveljingsprosessen lenge styrt av at folkemusea deltok i den nasjonale identitetsbygginga, der gjenstandar som kunne

---

<sup>285</sup> Møystad 2009: 101.

<sup>286</sup> Stugu 2008: 40.

<sup>287</sup> Eriksen 2009: 117.



knyttast til tradisjonelle bygdemiljø blei samla inn og stilt ut, mens det urbane blei valt bort.<sup>288</sup> Ein slik folkemuseumstradisjon kan seiast å ha blitt vidareført ved at aktørar frå romanifolket no nyttar arenaen til å velje ut historiske element som kan medverke i deira identitetsprosess.

Ved at det alt eksisterte ein tradisjon og sjangerforventningar om at musea skal velje ut noko og gje det verdi, let dette seg foreine med å skape ei utstilling som medverka i ein pågåande identitetsprosess. Museumsutstillinga sin logikk om å velje ut enkelte element frå eit stort mangfald, har ved utstillinga *Latjo-Drom* lete seg foreine med trongen for å velje ut element i konstruksjonen av ei opphavsmyte om romanifolket. Det var samtidig deler av romanifolket sin historie som det var intern ueinigheit om. Spørsmålet om forholdet til romfolket og spørsmålet om assimilasjonspolitikken sin posisjon i romanifolket sin historie, var element der ulike aktørar hadde ulike meiningar. I ei museumsutstilling av denne typen var det lite rom til å reflektere ueinigheiter, og det blir dermed gjerne eitt syn som vil vinne gjennom og blir stilt ut. Dermed vert utstillingsprosessen ein kamp om kva element som skal vere med i opphavsmyta om romanifolket, og kampen vil ha eit tydeleg resultat ved at eit av syna blir stilt ut, mens eit anna syn blir valt bort. Konsekvensane av ein slik prosess vil blant anna vera at ein får ein institusjon som tydeleg definerer romanifolket sin historie, men også at nokre aktørar vinn fram med sitt syn og er med på å definere kven romanifolket var og dermed også kven dei er i dag. Dette kan forklare TL og LOR sine handlingar i møte med museet, der det blei retta krav om medverknad og eigarskap, samt TL sine kraftige protester mot medverknad frå andre romaniorganisasjonar.

På den andre sida kan ein spørje korleis Glomdalsmuseet har forholdt seg til at etnopolitiske aktørar aktivt har gått inn i prosessen med å utvikle utstillinga. I perioden som utstillinga blei skipa, framheva museumspolitisk og museologisk litteratur at musea skulle vera for alle.<sup>289</sup> Samtidig hadde denne utstillinga ei tydeleg etnisk definert ramme. Korleis forholdt museet seg til ideen om at utstillingar skal venda seg til eit vidt publikum, samtidig som denne utstillinga har blitt knyta så nært til ei etnisk gruppe? Sidan utstillinga formidlar ei opphavsmyte blant romanifolket, vender den seg spesielt til medlemmer av gruppa. Samtidig har utstillinga også ei anna side, der den legg vekt på det fleirkulturelle i det norske samfunnet, og framstiller romanifolket innan ei norsk nasjonal ramme. Samansetninga av utstillinga kan tolkast i retning av at ein har forsøkt å differensiere publikum, der medlemmer av romanifolket skal kunne få bekrefta og utvikla eigen identitet, mens besøkande som ikkje har tilhøyrse til

---

<sup>288</sup> Pedersen 2003: 37.

<sup>289</sup> Eriksen 2009: 219.

gruppa får utfordra eventuelle fordomar og negative stereotypiar. Utstillinga framstiller romanifolket som noko kulturelt annleis, men samtidig som ein del av det norske.

Desse ulike formidlingsmåla står ikkje fram som konkurrerande, men heller som komplementære. For eksempel byggjer gjenstandane under temaet "Underveis", opp eit bilete av ei svunnen gullalder i romanifolket sin historie, som igjen har ein viktig funksjon i konstruksjonen av ei opphavsmyte. Dette temaet står på same tid i opposisjon til tidligare framstillingar av romanifolket si reising som eit samfunnsproblem.

Det kan likevel stillast eit spørsmål til om ikkje ei mytisk framstillinga av romanifolket sin historie også vil kunne føre til at enkelte stereotypiar av gruppa blir vidareført hos majoritetssamfunnet. Opphavsmyta gjev eit eintydig bilete av romanifolket sin historie og kultur, og reduserer ei mangfaldig fortid til noko som kan framstillast gjennom gjenstandar, bilete og tekst på ei utstilling. Dersom eit slikt syn skulle verte gjeldande i majoritetssamfunnet, ville romanifolket fort bli definert av bestemte kulturelle praksisar som vert henta ut frå ei mytisk historie. Sjølv om etnopolitiske aktørar frå romanifolket har vert med på å skape opphavsmyta, og stereotypiane er prega av meir positive konnotasjonar enn tidligare bilete av romanifolket, kan dei potensielt framleis verke hemmande for romanifolk som vert møtt med slike forestillingar av majoritetssamfunnet. Denne motsetninga i framstilling kan indikere at etnopolitisk trong for å konstruere ei mytisk historie, gjennom prosessen med utstillinga har hatt høgare prioritet enn det museumspolitiske målet om å auka den fleirkulturelle forståinga.

## **4. Sápmi -en nasjon blir til: Den samiske nasjon på utstilling**

Det første underkapitlet om utstillinga *Sápmi* ser på korleis utstillinga blei utvikla og produsert. Det andre underkapitlet er ein representasjonsanalyse av utstillinga, og til slutt vil dei etnopolitiske og museumsfaglege sidene ved utstillinga bli drøfta. Dermed vil det bli kasta ljós over hovudproblemstillinga i denne oppgåva, om korleis samane sin historie har blitt framstilt ved *Sápmi*, og kvifor denne framstillinga har blitt valt. I dette kapitlet vil det også bli henta eksempel frå utstillinga *Latjo-Drom* for å kunne samanlikne element i utstillingane.

### **4.1 Utviklinga av Sápmi -en nasjon blir til**

Ideen om å lage ei museumsutstilling ved Tromsø Museum som skulle omhandle samane sin etnopolitiske mobilisering i etterkrigstida, blei først lansert av Harald Eidheim rundt 1996, som hadde ein professor 2-stilling ved museet. Han framsette denne ideen for avdeling for samisk etnografi ved Tromsø Museum, der Terje Brantenberg og Ivar Bjørklund tidleg blei med i arbeidet på prosjektet. Desse tre var sentrale aktørar i prosessen med denne utstillinga. For å kunne gå vidare med ideen blei det sendt ein søknad til Norges forskingsråd om økonomisk stønad. Forskingsrådet innvilga denne søknaden og gav 1,8 millionar kroner, etter som dei hadde opna for at prosjekt som medverka til forskingsformidling skulle kunne ta i mot stønad. Sidan den tidlige forskinga til desse tre aktørane var eit grunnlag for utstillingsprosjektet, var dette noko som Forskingsrådet kunne gje stønad til.<sup>290</sup> Etter å ha mottatt økonomisk stønad frå Forskingsrådet måtte ein skaffe ytterligare økonomiske midlar, i tillegg til plass på museet der utstillinga skulle kunne plasserast. Det blei derfor naudsynt å kome i dialog med leiinga på Tromsø Museum. Ved først å skaffe økonomiske midlar til utstillinga frå eksterne aktørar, før ein tok kontakt med leiinga i museet, var ein ei ukjent og utradisjonell framgangsmåte på Tromsø Museum.<sup>291</sup>

Eit av problema som prosjektet blei møtt med då dei gjekk i dialog med museet, var korleis ein skulle finne areal i museumsbygget der utstillinga kunne plasserast. Tromsø Museum var delt inn i ulike avdelingar, der det var ei norm at kvar avdeling hadde si eiga basisutstilling. Arealet som var tileigna utstillingar, var på dette tidspunktet nytta fullt ut, og

---

<sup>290</sup> At aktørane sin tidlige forskning er lagt til grunn finn ein også at i utstillinga. Det er blant anna klare likskapar mellom framstillinga ved deler av utstillinga og Ivar Bjørklund si bygdebok *Fjordfolket i Kvænangen: Fra samisk samfunn til norsk utkant 1550 – 1980*.

<sup>291</sup> Intervju med Ivar Bjørklund 20.01.2011.

avdeling for samisk etnografi hadde alt utstillinga *Samekulturen* som hørde til deira avdeling. Etter ein lengre dialog med leiinga på museet, blei det klart at den eine basisutstillinga ved museet kunne rivast for å gje plass til dette prosjektet. Dermed hadde ein fått på plass dei grunnleggjande forholda som ein trengte for å sette i gang arbeidet med å utvikle utstillinga.

Då areal og økonomiske forhold var avklart blei det organisert ei rekkje møter for å få planlagt kven som skulle delta på prosjektet, og korleis det skulle utformast. Tidleg i prosessen blei det satt i gang arbeid med å skaffe prosjektet ein produsent og ein formgjevar. Ellen Marie Beck som hadde vore tilsett på Tromsø Museum i 20 år, blei tidleg gjeve posisjonen som produsent for utstillinga.<sup>292</sup> Arbeidet med å skaffe ein formgjevar blei meir utfordrande, men i januar 1999 tok Göran Carlsson på seg oppgåva som formgjevar for prosjektet.<sup>293</sup> Carlsson hadde lang erfaring med å utforme utstillingar og hadde saman med Per-Uno Årgren gjeve ut ei bok om utforming av museumsutstillingar.<sup>294</sup> I forhold til samiske spørsmål var både formgjevar og produsent utan noko spesiell kompetanse.

Prosjektet blei delt i grupper for å organisere arbeidet. Det blei oppretta ei faggruppe som skulle stå for det faglege innhaldet og besto av leiar Ivar Bjørklund, Terje Brantenberg, Harald Eidheim, Johan Albert Kalstad og Dikka Storm. Kalstad og Storm var i periodar borte frå arbeidet. Grunntanken i prosjektet var at den samiske mobiliseringa etter krigen skulle framstillast som ei forteljing, og mykje av arbeidet i gruppa gjekk ut på å velje ut det som blei sett på som sentralt i denne historia. Det blei også oppnemnt ei prosjektgruppe, der Terje Brantenberg var prosjektleiar, Ellen Marie Beck var produksjonsleiar og Ivar Bjørklund deltok som ansvarleg for faggruppa. Sjølv om dette i utgangspunktet var separate grupper, var det til dels flytande overgangar mellom dei. I tillegg blei det oppretta ei produksjonsgruppe der Ellen Marie Beck var leiar, og dei sto for bygging av utstillinga.

Eit heilt sentralt arbeid som blei gjort i samarbeid mellom prosjektgruppa, faggruppa og formgjevaren, var korleis forteljinga om den samiske mobiliseringa etter krigen skulle la seg fortelje gjennom ei museumsutstilling. Mykje av diskusjonane omhandla korleis det skriftlige manuset som faggruppa arbeide på skulle la seg omforma og visualiserast til ei museumsutstilling. I desse diskusjonane kom aktørane sin ulike bakgrunn tydeleg til syne. Aktørane i faggruppa hadde i hovudsaklig samfunnsvitskapleg forskingsbakgrunn, og hadde problem med å frigjere seg frå det tekstbaserte manuset og å velje bort element som det ikkje

---

<sup>292</sup> Intervju med Ellen Marie Beck 20.01.2011.

<sup>293</sup> *Noen erfaringer fra utstillingsproduksjonen "Sápmi -en nasjon blir til" -sett fra produsentens synsvinkel.* (2001) Av: Beck, Ellen Marie.

<sup>294</sup> Carlsson & Ågren 1982.

var plass til i ei visuell framstilling.<sup>295</sup> Faggruppa hadde i utgangspunktet sett for seg at utstillinga skulle kunne dekke ein større heilskap i den samiske mobiliseringa etter krigen, og det blei dermed mykje som ein etter kvart innsåg at måtte veljast bort. For formgjevaren var det vanskeleg å finne gode visuelle løysingar på det tekstlege materialet, i tillegg til at det var vanskeleg å finne ei form som klarte å framstille ein historisk prosess innan rammene av ei museumsutstilling. Etter mykje drøfting mellom dei ulike aktørane kom ein etter kvart fram til visuelle løysingar til utstillinga som aktørane kunne leve med, sjølv om faggruppa nok måtte gje opp element som dei i utgangspunktet meinte var viktige, og formgjevaren måtte tillate element han meinte ikkje var gode visualiseringar.<sup>296</sup>

Innsamlinga av gjenstandar og bilete som skulle nyttast på utstillinga, blei ei utfordring og kravde meir tid og arbeid enn det som det først var tiltenkt. Dette hadde nok samanheng med at utstillingsprosjektet *Sápmi* skilte seg ut i forhold til mange andre museumsutstillingar. Det vanlege utgangspunktet for å lage ei museumsutstilling ved eit universitetsmuseum, var at ein hadde ei samling med gjenstandar som ein ønskja å lage ei utstilling rundt. Ved utstillinga *Sápmi* måtte ein derimot samle inn gjenstandar som kunne visualisere den tiltenkte utstillinga. Det måtte dermed gjerast eit omfattande arbeid for å samle inn både gjenstandar og bilete. I dette arbeidet kom faggruppa si lange fartstid innan forskning på samiske forhold til nytte, og spesielt hadde Johan Albert Karlstad mange gjenstandar i sitt eige som kunne nyttast på utstillinga.

Frå formgjevaren blei tilsett på prosjektet i januar 1999, var det spørsmåla rundt visualisering som sto i sentrum for arbeidet og diskusjonane. At det blei nytta så pass mykje tid på diskusjonar rundt utstillinga, førte til at sjølv produksjonen av utstillinga fekk avgrensa med tid til å få utstillinga ferdig til 1. oktober 2000, som var den planlagde opningsdatoen. Det blei derfor ein svært hektisk bygging for produksjonsgruppa. Dei fekk overleverte skisser og synspunkt frå formgjevar, men måtte samstundes forholde seg til problemstillingar av estetisk, teknisk og til tider faglig karakter, som oppsto under bygginga av utstillinga. På tross av dette klarte ein å gjere utstillinga ferdig til den planlagde opninga.<sup>297</sup>

At pådrivarane bak utstillinga var tilsette akademikarar på museet, som også var politisk aktive i debattar om det samiske, står i kontrast til *Latjo-Drom*. Arbeidet med å skape desse to utstillingane har gått gjennom to ulike prosessar, og det er spesielt på to punkt dei skil seg ut: Ved Tromsø Museum var pådrivarane for å skape utstillinga ikkje-samiske

---

<sup>295</sup> Intervju med Ivar Bjørklund 20.01.2011.

<sup>296</sup> Intervju med Ivar Bjørklund 20.01.2011; Intervju med Ellen Marie Beck 20.01.2011.

<sup>297</sup> *Noen erfaringer fra utstillingsproduksjonen "Sápmi -en nasjon blir til" -sett fra produsentens synsvinkel.* (2001) Av: Beck, Ellen Marie.

akademikarar, som hadde vore aktive i debattar om samisk etnopolitikk. På Glomdalsmuseet var det derimot etnopolitiske interesseorganisasjonar, som var initiativtakar og hadde politiske motiv med arbeidet og utstillinga. Det andre som skil prosessane er at arbeidet med Tromsø Museum i stor grad skjedde innanfor museet, med unntak av at det blei henta inn ein ekstern formgjevar, mens det på Glomdalsmuseet var ei rekkje eksterne aktørar med i prosessen. Forutan interesseorganisasjonane TL og LOR, var også NMU (som blei til ABM-Utvikling), Kommunal- og regionaldepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet på ulike tidspunkt involvert i prosessen (jamfør side 37-42, og vedlegg 1 side 111).

## **4.2 Representasjonsanalyse av utstillinga *Sápmi –en nasjon blir til***

Utstillinga *Sápmi –en nasjon blir til* er ei av dei permanente utstillingane ved Tromsø Museum. Utstillinga er delt inn i fire forskjellige rom, der det første rommet ein møter i utstillinga skil seg tydeleg frå dei tre andre romma, ved at det ikkje har noko overskrift og at temaet ikkje direkte byggjer opp under den forteljinga som resten av utstillinga formidlar. Dette rommet vert derfor sett på som eit introduksjonsrom. Dei tre andre romma er delt etter ein kronologisk struktur og med overskriftene ”Alt for Norge” som omhandlar perioden 1945 til 1960-talet, ”Vis Samisk Ånd” frå 1960 til 1980 og ”En nasjon står frem” frå 1980 til 2000. Det er dermed ei naturleg rute gjennom utstillinga der ein byrjar med introduksjonsrommet og endar opp med ”En nasjon står frem”. Romma har ein oval form og er innreia slik at det som blir stilt ut er plassert langs med veggane (Sjå kart over utstillinga. Vedlegg 3. s. 113). To av dei tre forteljingsromma har ein sirkelforma benk som dannar eit sentrum i rommet. Utstillingsforma er først og fremst gjenstandar og bilete, samt nokre skjermar og datamaskiner med video. Gjenstandane er ikkje framstilt i den tradisjonelle etnografiske forma, der gjenstandar er stilt ut i monter og formidlar noko typiske om kulturen. Gjenstandane, bileta og filmane er derimot valt ut til å byggje opp under den forteljinga som utstillinga forsøker å formidle. Fortolkande tekstar som står i relasjon til gjenstandane og bileta er i liten grad nytta, men der ein finn tekstar, så står dei på både norsk, engelsk og samisk. Analysen vil bli gjennomført ved å analysere dei ulike romma kvar for seg, før ein til slutt ser på heilskapen i utstillinga.

### **4.2.1 Introduksjonsrom: Den mangfaldige sammen**

Det første ein møter ved utstillinga er to plansjar. På den eine plansjen er det skriva utstillinga sitt namn samt eit bilete av ei jente i kofte og med eit samisk flagg. Den andre plansjen har overskrifta ”Sápmi” og viser eit kart over Norge, Sverige, Finland og nordvestlige deler av

Russland. Området Sápmi har blitt markert i raudt over kartet. Under overskrifta finn ein teksten "Sápmi er samenes navn på sitt eget land og sin egen nasjon. En nasjon uten statsgrenser, men med et felles språk, en felles historie og en felles kultur. I Sápmi bor det minst 50.000 sameer."

Ved å nytte dette kartet og ein forklarande tekst til namnet Sápmi heilt i byrjinga av utstillinga, slår ein fast eit sentralt forhold på utstillinga: At samane er ein statslaus nasjon. Som det vil bli vist seinare i oppgåva, er eit heilt sentralt element i utstillinga å vise utviklinga av denne nasjonen. Denne teksten kan slik vurderast som ein påstand eller grunnlag som resten av utstillinga byggjer opp under og forsøker å stadfeste. Framstillinga av samane som eit nasjonalt fellesskap, har samtidig politiske sider ved seg, ved at etnopolitiske mål kan legitimerast ved å vise til det eksisterande samiske nasjonale fellesskap og den samiske nasjon, som dermed også bør gje samane politiske rettar som eit nasjonalt fellesskap. Kartet og teksten formidlar dermed også eit implisitt politisk budskap, men det politiske i denne framstillinga kjem ikkje til syne på utstillinga. Formuleringa i teksten får nasjonen til å stå fram som eit ubestridelig faktum, heller enn ei framstilling med politiske implikasjonar.

Formuleringa i teksten, om at samane har eit felles språk, historie og kultur, er ei framstilling som kan problematiserast og nyanserast. Blant anna uttalte både produsent Ellen Marie Beck og Ivar Bjørklund at den historiske utviklinga av sameørsla i Noreg var høgst ulik den i Sverige, Finland og Russland, og at ein derfor valte å avgrense utstillinga til den norske sameørsla.<sup>298</sup> Årsaka til at ein likevel har valt å ha ei slik formulering har nok med at ein har valt å skulle forklare det samiske nasjonale fellesskap, og dermed vore nøydte til å framstille element som språk, historie og kultur som homogent, for å leve opp til eit nasjonalt ideal. Valet av den nasjonale framstillinga vil bli drøfta nærare i slutten av kapitlet.

Kartet som viser Sápmi sin geografiske plassering, knyter samane til eit bestemt geografisk område. I følgje Anthony D. Smith var det å kunne knyte den etniske gruppa til eit bestemt territorium med historisk meining, ein av delmytane som bygde opp under ei opphavsmyte.<sup>299</sup> Her vert det ikkje vist til noko historisk som knyter saman området og samane, men berre slått fast kor Sápmi geografisk er plassert. Den geografiske framstillinga har samtidig ein interessant parallell mot utstillinga *Latjo-Drom*, der romanifolket vert knytt til Noreg, men utan at det vert gjeve noko meir bestemt geografisk avgrensing (jamfør side 46). At samane vert knytt til eit bestemt geografisk området, mens romanifolket ikkje vert gjeve noko meir bestemt geografisk avgrensing enn Noreg, kan vurderast i ljøs av at gruppene fant

---

<sup>298</sup> Intervju med Ellen Marie Beck 20.01.2011; Intervju med Ivar Bjørklund 20.01.2011.

<sup>299</sup> Smith 1999: 63-64.

seg i ulike etnopolitiske samanhengar. Som nemnt var debatten om samisk rett til land og vatn sentral i perioden. Ein føresetnad for å kunne krevje rettar til geografiske områder på bakgrunn av etnisitet, er at den etniske gruppa vert knyt til eit bestemt geografisk område. Dette kan forklare kvifor ein i byrjinga av utstillinga nyttar eit kart der ein viser kva område samane er knyt til. Dei politiske måla som romaniorganisasjonane arbeidde for, handla derimot ikkje om rettar til bestemte landområder, og det var dermed heller ikkje noko politisk trong for å knyte gruppa mot eit bestemt geografisk område.

Frå desse plansjane blir ein leia over til introduksjonsrommet, kor det er stilt ut elleve store portrett. Under kvart av bileta er det eit lite monter der det er plassert ein gjenstand. Montera er merka med namn, yrke og bustad, samt eit lite samisk flagg. Merkinga med stad og yrke viser at det er gjort eit utval av samar med ulik geografisk og yrkesmessig bakgrunn. Gjenstandane som er stilt ut under portretta har ingen tilhøyrande tekst eller teikn som forklarar deira relasjon til personen på bilete. Under prosessen med å skape utstillinga blei alle personane som det blei tatt bilete av, også spurt om dei kunne medverke med ein gjenstand som reflekterte deira samiske identitet, og fleirtalet av gjenstandane som er stilt ut i montera er levert inn av den personen som det er tatt portrettbilete av.<sup>300</sup> Dette er samtidig noko som ikkje kjem fram i utstillinga.

Stein R. Mathisen har i den tidlegare nemnte artikkelen *Representasjoner av kulturell forskjell: Forteljning, makt og autoritet i utstillinger av samisk kultur*, understreka korleis dette introduksjonsrommet står i kontrast til den eldre utstillinga *Samekulturen*. Mens ein i utstillinga *Samekulturen* hadde anonymiserte dokker, har ein på *Sápmi* bilete der individet kjem i sentrum. Han meiner også at rommet står i kontrast til fokuset på reindrifta: ”Der den ”gamle” sameutstillingen fokuserte på reindriftskulturen og fortid som det ”typisk samiske”, retter den nye utstillingen seg inn mot det sammensatte og heterogene i den samtidige samekulturen”.<sup>301</sup> I følgje Terje Brantenberg var det også tanken bak introduksjonsrommet at det skulle vera ein tydeleg kommentar til den eldre utstillinga.<sup>302</sup>

Introduksjonsrommet sin klare kommentar til den eldre samiske utstillinga på Tromsø Museum, viser at *Sápmi –en nasjon blir til* har forholdt seg til den etnografiske tradisjonen som museet var ein del av. Ved å vise det heterogene og mangfaldige hos samane, har ein fått formidla at denne utstillinga representerer eit tydeleg brot med den eldre utstillinga som fokuserte på reindrifta som det homogene i samisk kultur. Introduksjonsrommet kan slik

---

<sup>300</sup> Intervju med Ellen Marie Beck 20.01.2011.

<sup>301</sup> Mathisen 2004b: 21.

<sup>302</sup> Samtale med Terje Brantenberg på Tromsø Museum 19.01.2011.



tolkast som ei posisjonering i forhold til ein museumsfagleg tradisjon som museet var ein del av. Som vist i kapittel to, hadde den etnografiske tradisjonen også klare politiske implikasjonar og eit brot med den eldre etnografiske utstillinga, markerer dermed også eit politisk skifte der samisk kultur ikkje lenger berre blei redusert til reindrift.

Ved at personane på bileta i liten grad har samiske symbol, eller står fram på måtar som kan knytast til noko typisk samisk, fører det til at ein som publikumar vil kunne undre seg over kva relasjon det er mellom desse personane og det samiske. At det er utstilt gjenstandar som ofte står i ein uklar og mangetydig relasjon til portrettbileta, er noko som gjerne vil forsterka undring og refleksjon hos publikum. Ved å bli konfrontert med spørsmålet om kva relasjon det er mellom individet på biletet, gjenstanden og det samiske, vekker ein kanskje til live refleksjonar om kva det er å vera samisk i dag. Rommet kan samtidig framstå som eit sjangerbrot i forhold til den etnografiske museumssjangeren, der det vert forventa at ein skal få studere gjenstandar som vert oppfatta som typisk samiske.

Ved at det er lite som markerer personane på portretta sin samiske etnisitet og ved at framstillinga legg opp til refleksjon blant publikum, kan dette rommet også ha vert eit forsøk på å skape kulturell toleranse og sameksistens. Rommet kan ikkje berre tolkast som ein kommentar mot utstillinga *Samekulturen*, men som ein kommentar mot den dominerande representasjonen av samar i norsk offentlegheit, der reindrift blei framstilt som det definerande for det samiske.<sup>303</sup> Ved at berre eit av portrettbileta direkte kan knytast til reindrifta, verkar dette rommet som ein motvekt mot representasjonar som knyter det samiske mot reindrifta. Å vera ei motvekt er også noko som aktørane i faggruppa var opptatt av. Som dei skriv i forordet til utstillingskatalogen:

”Et problem med denne offentlige fortellingen, er at den utelukker et stort flertall av det samiske folk. I dag deltar de aller fleste samer – kanskje 95 % - i det vanlige differensierte yrkesliv i Norge. Disse mangler det nordmenn flest oppfatter som samisk kulturkompetanse, nemlig rein, kofte, telt – ja kanskje til og med det samiske språk. De fremstår dermed som «fornorsket» i motsetning til de reindriftssamene som framstår som «ekte samer» [...] Museumsprosjektet «Sápmi – en nasjon blir til» er ment som et korrektiv til denne offentlige fortellingen om samene.”<sup>304</sup>

Ved å korrigere ei stereotyp og ein-sidedig representasjon av samane, kan utstillinga tolkast som eit forsøk på å skape kulturell toleranse, og slik medverke i til det fleirkulturelle museumsprosjektet, som blant anna *NOU 1996:7 Museum: Mangfald, minne, møtestad*, la vekt på i denne perioden.

---

<sup>303</sup> Simonsen 2007: 36.

<sup>304</sup> *Sápmi: en nasjon blir til : fremveksten av samenes nasjonale fellesskap*. (2000) Av: Bjørklund, Ivar. Utstillingskatalog til utstillinga Sapmi –en nasjon blir til: 2.

Sosialantropologen Britt Kramvig har i artikkelen *I kategoriernes vold* vist korleis mange personar busett i bygder langs kysten av Finnmark på 1990-talet, hadde problem med å forholde seg til identitetsdikotomien same/norsk. Ein samisk kategori nært knyt til reindrift og ein etnopolitisk debatt knyt mot rettar til land og vatn, har ikkje latt seg sameine med den røynda som mange menneske langs kysten var ein del av.<sup>305</sup> Når utstillinga *Sápmi* viser portrett av samar, der ein av personane på portretta er bonde og ein er fiskar, næringar som var vanlege langs kysten av Nord-Noreg, samt ei rekkje andre ulike yrker som ikkje er knyt mot reindrift, kan rommet også tolkast som eit forsøk på å utvide den etniske kategorien same, til betre å inkorporere den røynda som personar langs kysten levde i. Ein mogeleg konsekvens av å utvide den etniske kategorien, vil vera auka samisk identifisering i kystområda, noko som også ville auke legitimiteten til samiske institusjonar, og då spesielt Sametinget, der registrering i det samiske manntalet og å nytta stemmeretten var sentralt for Sametinget sin legitimitet.<sup>306</sup>

Det kan verke paradoksalt at ei utstilling som ønskjer å vise det samiske nasjonale fellesskapet, og framveksten av dette, samtidig gjev stor plass til mangfaldet blant vanlege samar. Som vist blei samane framstilt som eit nasjonalt fellesskap med ei felles historie, språk og kultur på den innleiande plansjen. Denne framstillinga av samane som eit homogent nasjonalt fellesskap står i kontrast til det mangfaldet ein møter ved portretta. Anne Eriksen skriver i boka *Museum: En kulturhistorie* at då musea i Noreg verkeleg byrja å ta del i nasjonsbygginga frå slutten av 1800-talet, blei gjenstandar som var uttrykk for eit nasjonalt særpreg samla inn og stilt ut.<sup>307</sup> I portretta er det derimot lite som kan tolkast som noko særeiget samisk.

Portretta som ein finn utstilt her, har ein interessant likskap med portretta av romanifolk som ein finn stilt ut ved *Latjo-Drom* under temaet «Romanifolket/taterne i dag» (jamfør side 61). Det er gjort eit differensiert utval i forhold til kjønn og alder ved portretta både på *Sápmi* og *Latjo-Drom*, og personane på bileta er ikkje omgjeve med symbol som markerer deira etnisitet, med unntak av eit par bilete på *Sápmi* der enkelte element på bileta kan tolkast som symbol på noko samisk. Ved at ein har valt portrettbilete, og at personane står fram med fullt namn, formidlar det ein nærleik til minoritetane som er stilt ut og står i kontrast til eldre etnografiske framstillingar av samar, blant dei utstillinga *Samekulturen*, der det er ei tydeleg avgrensing mellom den verda ein finn i dioramaene og den verda som publikum finn

---

<sup>305</sup> Kramvig 1999: 123-124.

<sup>306</sup> Mellingen 2004: 25.

<sup>307</sup> Eriksen 2009: 212.

seg i.<sup>308</sup> Dermed byggjer ikkje portretta opp eit bilete av minoritetane som noko framand, men formidlar eit bilete av at "dei er som oss", på trass i sin etnisitet. På eit felt skil likevel utstillingane seg i portrettframstillinga. På *Latjo-Drom* er det trykt ein tilhøyrande tekst skriven av personen på biletet. Tekstane inneheld etnopolitiske budskap og vil vende fortolkinga av portrettet i ei bestemt retning. På *Sápmi* har ein ingen slik tekst, men derimot utstilte gjenstandar. Gjenstandane fører som tidlegare nemnt til at ein som publikumar stiller seg undrande til portretta, og vil kunne innta ein reflekterande haldning i møte med portrettet.

#### 4.2.2 Alt for Norge: Visualisert fornorskingspolitikk

Frå dette introduksjonsrommet må ein gjennom ein passasje for å komme inn i neste rom, som har overskrifta "Alt for Norge". Ved denne passasjen har ein stilt ut eit vegskilt frå Kåfjord kommune. Skiltet har Kåfjord sitt våpenskjold og Kåfjord kommune skriven i norsk og samisk, men det samiske namnet er skutt på og er uleselig. Under skiltet er det trykt ein kort introduksjonstekst til utstilling: "Dette er en utstilling om norske samers strev med å utvikle det samiske nasjonale fellesskap etter krigen". Denne teksten markerer distansen mellom introduksjonsrommet og resten av utstillinga, ved at teksten er plassert her, og ikkje heilt i byrjinga av museumsutstillinga. Teksten viser også at ein har valt å fokusere på ein avgrensa del av det geografiske området Sápmi, men det blir samtidig ikkje gjeve noko tydeleg grunngeving for kvifor ein har valt denne avgrensinga.

Ved at dette vegskiltet er stilt ut heilt i byrjinga av utstillinga, og over ein introduksjonstekst, sender det nokre signal om det som kjem i den påfølgjande utstillinga, og at denne utstillinga går inn i eit politisk kontroversielt felt. Samtidig gjev skiltet nokre konnotasjonar av maktkampen i dei samiske områda, der det samiske står fram som undertrykt i forhold til det norske. Det vert dermed tydeleg at det samiske nasjonale fellesskapet ikkje vaks fram i eit vakuum, men i tett relasjon til ein norsk majoritet. Eit interessant aspekt med dette skiltet, er korleis det har skifta mening og samanheng ved å ha blitt stilt ut i utstillinga. Sosialantropologen Arild Hovland skriv i artikkelen *Ikke bare land og vann*, at spørsmålet om det samiske og det norske i Kåfjord, i stor grad har vore ein kamp om heimstad og identitet, der symbolske markeringar som vegskilt, har av nokre blitt tolka som ein trussel mot deira tyding av staden.<sup>309</sup> På utstillinga kjem ikkje denne lokale konteksten som vegskiltet var ein del av fram. Utstillinga gjev derimot skiltet ei ny mening, der det symboliserer forholdet mellom det norske og det samiske i etterkrigstida.

---

<sup>308</sup> Mathisen 2004b: 16.

<sup>309</sup> Hovland 1999: 183-184.

Frå denne innleiinga går ein over til den første vegg på utstillinga, som omhandlar nedbrenninga av Finnmark og Nord-Troms under den tyske evakueringa hausten 1944, samt gjenoppbygginga etter krigen. Dette er visualisert ved bilete frå før og etter brenninga, bilete av gjenoppbygginga, samt eit kart over området som blei brent. Det er også stilt ut husteikningar som blei nytta under gjenoppbygginga. Vegg på motsett side omhandlar fornorskinga av samiske barn gjennom skulevesenet. Dette er visualisert gjennom skulebøker, barneteikningar og bilete av samiske elevar på skulen. Ein del av utstillinga ser ut som ei tavle, og har med handskrift skrevet: "Skolens undervisning foregaar i det norske sprog". Under handskrifta er det ein film som viser samiske barn som skriv norsk på ei tavle. Mellom dei to veggane er det plassert ei datamaskin, der ein kan velje intervju av forskjellige samar. Samane som er intervjuet har erfart denne perioden, og spørsmåla omhandlar i hovudsak forhold frå perioden, med unntak av eit par spørsmål som tar opp moderne samiske politikk.

På den andre sida av rommet, møter ein ei lita plansje som har stilt ut aviser frå Nordland, Troms og Finnmark frå denne perioden. Ser ein grundig på desse avisene, ser ein at det samiske er heilt borte frå avisene. Over avisene er det plassert ei tidslinje som viser at perioden som vert omhandla er mellom 1945 og 1960. Frå denne plansjen kjem ein til ein vegg med overskrifta "Velferdsstaten" i store bokstavar. Den eine sida av denne vegg tar for seg det auka fokuset på helse, og innverknaden for samane, visualisert gjennom bilete og nokre gjenstandar som kan knytast til helsestell. Midt på tar vegg ein sylinderform, og det er klistra opp propagandaplakatar blant anna frå Arbeidarpartiet, med slagord som "Bygg landet". På den andre sida av sylindern er det dagliglivet i denne perioden som er tematisert. I eit monter er det eit stort bilete av noko som ser ut som ein typisk heim frå etterkrigstida, samt utstilt ein gammal radio. Under dette er det eit mindre monter med overskrifta "Fra komager til gummistøvler". Her er det utstilt eit par komager inne i monteret, mens det på utsida er plassert eit par gummistøvlar. På vegg på motsett side vert ein møtt med overskrifta "Samer vil ikke være samer". Under overskrifta er det ein installasjon som skal visualisere folketeljningane i Kvænangen i 1930 og 1950. Ved sidan av installasjonen er det også eit sirkelforma monter. I monteret er det ein skjerm som viser eit filmklipp, samt forskjellige gjenstandar som viser dei eksotiske framstillingane av samane frå denne perioden.

Installasjonen som viser til folketeljningane frå Kvænangen i 1930 og 1950 har ei utstillingsteknisk interessant form: Ei samling med menneskeaktige figurar er plassert rundt på ei sylindelforma plate. Alle figurane held opp ein lapp der det enten står same, kven eller er eit norsk flagg. Nede på plata står det "folketelling Kvænangen 1930". Nokre få figurer held opp lappar med kven på, mens det mellom same og norsk flagg er relativt jamt. Dersom

ein så trykker på ein knapp under installasjonen, snur plata seg rundt. Baksida av lappane kjem då til syne, og eit stort fleirtal av figurane held no opp lappar med norske flagg på, mens berre nokre få figurar held opp lapp med same. Under figurane står det då ”folketelling Kvænangen 1950”. Denne installasjonen formidlar to interessante forhold. For det første viser den at samane har levd i områder der fleire etniske grupper levde saman, og at Kvænangen var ein fleirkulturell kommune rundt 1930. Installasjonen viser samtidig også konsekvensane av moderniseringa og fornorskingspolitikken som resten av dette utstillingsrommet omhandlar. Dermed får installasjonen fram korleis dei hendingane og prosessane som har blitt tematisert i dette rommet, fekk konkrete konsekvensar for det samiske fellesskapet.

Datamaskina med videointervju av forskjellige samar gjev framstillinga i rommet nokre ekstra aspekt. Eit poeng er at intervjuar fører til at samane sjølv kjem til orde i utstillinga. Dermed får ein fram ein nærleik til den gruppa som utstillinga omhandlar. Ved at fleire intervjuobjekt snakkar samisk, forsterkar ein bilete av nærleik og sender signal om at utstillinga har blitt skapt på samiske premisser. Men intervjuar personifiserer også fornorskingspolitikken som er tematisert i dette rommet. Ved å la personar fortelje om sine erfaringar frå fornorskinga, blant anna gjennom møte med skulen, vil det gjerne gje publikum eit styrka og kjenslefyllt bilete av fornorskingspolitikken sine konsekvensar. Intervjuobjekta blir vitnar til fornorskinga, og dermed også dokumentasjon på desse historisk forholda.

Framstillinga av moderniseringa og fornorskinga ved dette utstillingsrommet har nokre liksskapar til delmyta som Anthony D. Smith omtalte som myte om forfall. Fornorskingspolitikk og modernisering vert ei forklaring på kvifor det samiske fellesskapet blei redusert og kvifor samiske skikkar og kultur blei valt bort. Dermed vert det også ei forklaring på kvifor det var ein trong for å organisere og arbeide med samepolitiske saker. Dette er temaet i det neste utstillingsrommet. Smith skriv at myta om forfall byggjer vidare på delmyta om ein gullalder, der myta om forfall skal forklare korleis gullalderen kom til ein ende.<sup>310</sup> På utstillinga vert det samtidig ikkje vist til noko historisk gullalder blant samane. Det nærmaste ein kjem er installasjonen som viser folketeljingane i Kvænangen, der det kjem fram at ein større del av innbyggjarane i kommunen såg på seg sjølv som samiske i 1930 enn i 1950, og som dermed viser til ei fortid der det samiske var utbredt.

Om ein studerer heilskapen i dette rommet, vert det tydeleg formidla at det samiske i denne perioden blei pressa vekk og undertykt gjennom moderniseringa av Nord-Norge og gjennom fornorskingspolitikken. Moderniseringsprosessen som kjem til syne på utstillinga

---

<sup>310</sup> Smith 1999: 67.

gjennom ei tematisering av velferdsstaten, helsetiltak og gjenreisinga av Troms og Finnmark, er bygd på norsk språk og kultur. Dette førte til at personar med samisk tilknytning ikkje lenger ønskja å tilhøyre det samiske, noko som installasjonen med folketeljningane i Kvæningen viser. Moderniseringa vert også knyt til Arbeidarpartiet (Ap) gjennom propagandaplakatar frå Ap. Dette er noko som historikaren, og tidligare leiar for Ap sitt samepolitiske råd, Bård A. Berg har vert kritisk til i det nemnte innlegget *Forestillingen om en samisk nasjon*. Berg meiner at:

”Men i utstillingen framstilles de to viktigste samepolitiske grupperingene – NSR og Arbeiderpartiet – som henholdsvis helter og skurker i fortellingen om hvordan «den samiske nasjon» ble til. Tromsø Museum tar faktisk stilling i en intern samisk politisk diskurs.”<sup>311</sup>

I sitatet frå Berg ligg det eit implisitt argument om at når utstillinga knyter Ap til moderniseringa og fornorskingspolitikken, og slik framstiller dei som skurkar, vil dette også verke inn på Ap i den samepolitiske diskursen, der NSR og Ap var dei største partia. Gjennom å basere utstillinga rundt ei forteljing som viser utviklinga av samane sin nasjon, vil den nære tilknytninga mellom Ap og fornorskingspolitikken også verke delegitimerande for Ap sin politikk innan institusjonar som blei eit resultat av denne utviklinga, som blant anna Sametinget.

I mitt intervju med Ivar Bjørklund, kommenterte han på denne kritikken frå Berg:

”Problemet er bare at du kan ikke forstå framveksten av det samiske politiske prosjekt uten å forstå den norske nasjonalpolitiske, for ikke å si partipolitiske bakgrunn. Den partipolitiske bakgrunn, eller ideologiske bakgrunn for den samepolitiske aktiviteten var jo fornorskingspolitikken. Det var jo fornorskingspolitikken som de samiske aktivistene reagerte mere på utover 1970-tallet. Og den fornorskingspolitikken blei jo formulert og aktivisert av et sosialdemokratisk parti som heite Arbeiderpartiet. Det ligger i denne sosialdemokratiske forståelsen av likhet og fellesskap, det er jo der problemet ligg. Det er jo ikke slik at dette er et rasistisk parti, eller at det er et parti som vil ta livet av samer, men selve ideen om likhet og fellesskap blei problematisk, og begynte å gå på tomgang. Så det at det ikke skulle være rom for økonomisk ulikhet, ble etter hvert også tolka som at det ikke skulle være rom for kulturell ulikhet.”<sup>312</sup>

Bjørklund sitt svar på Berg sin kritikk er å vise til ei bestemt fortolking av historia der fornorskinga er knyt Ap. Som vist i kapitel to, så har Bjørklund grunnlag for å knyte fornorskingspolitikken til framveksten av velferdsstaten og Ap sin posisjon etter krigen. Samtidig kan utstillinga sin framstilling og Bjørklund sine historiske slutningar også problematiserast og nyanserast. Det kan blant anna innvendast at fornorskingspolitikken alt var byrja i Noreg frå midten av 1800-talet, og at grunnlaget for denne politikken også var norsk nasjonsbygging og sikkerheitspolitikk i grenseområda mot Russland og Finland.<sup>313</sup> Det kan også stilles spørsmål til om ideen om kulturell likskap sto så sterkt i Ap som det blir hevda av Bjørklund. Det var i perioden også Ap-politikarar som var positivt innstilt til at

---

<sup>311</sup> Berg 2004: 109.

<sup>312</sup> Intervju med Ivar Bjørklund 20.01.2011.

<sup>313</sup> Pedersen 2002: 171; Niemi & Salvesen 1987: 69-70.

samane skilte seg kulturelt. I samband med Samekomiteen sin rapport og den sterke motstanden som rapporten møtte i Finnmark, spesielt frå lokale partilag frå Ap, blei det 27. april 1960 stilt spørsmål om den framtidige politikken overfor samane til kyrkje- og undervisningsminister Helge Sivertsen frå Arbeidarpartiet, der han svarte at: ”Det gjelder en rett for den samiske befolkningen til å bevare og utvikle sitt kulturelle særpreg og få gode økonomiske muligheter. Og det gjelder også – og det er en viktig side av spørsmålet – å ta vare på og øke de verdier samekulturen tilfører vårt samlede kulturmiljø”.<sup>314</sup> Dette viser at det kan vera grunnlag for å hevde at det ikkje var noko konsensus innan Ap om at det ikkje skulle vera rom for kulturell ulikskap.

Poenget med å vise til problematiske sider i framstilling av moderniseringa og fornorskingspolitikken er ikkje at framstillinga er historisk feil, men at det er gjort medvetne val av faggruppa for å framstille historia på eit bestemt vis. Eit spørsmål som då oppstår er om det har vore sjangeren museumsutstilling, med sine avgrensingar for korleis historiske prosessar og hendingar kan framstillast som har ført til dette valet, eller har det vore eit politisk motivert val. På spørsmål om det under arbeidet med utstillinga blei diskutert i kva grad museumsarenaen burde nyttast i ein intern samisk diskurs svarer Bjørklund at:

”Nei det ble ikke diskutert. For hvorfor skulle ikke museumsarenaen også brukes til politiske diskusjoner. Det er jo et pluss med denne utstillinga at for første gang, så har man liksom laget en utstilling som har et politisk, et kontroversielt potensial i seg. Altså noe som folk må forholde seg til i politisk forstand.”<sup>315</sup>

Svaret indikerer at politiske avvegingar har spela inn på korleis ein har valt å framstille det historiske.

Debatten om land og vatn, og det pågåande utgreiingsarbeidet om Finnmarksloven, var som tidligare nemnt ein heilt sentral debatt i perioden. Ap var eit sentralt parti i denne debatten, og det var semje i partiet om at det burde opprettast eit eige forvaltningsorgan for Finnmark. Samtidig var det sprikande meiningar internt i partiet om styringsmodellen. Mens Ap si sametingsgruppe gjekk inn for ei ordning med fire styremedlemer valt av sametinget og fire medlemer valt av fylkeskommunen, gjekk Finnmark Ap inn for eit styre med ni personar, der Sametinget berre fikk velje ut tre av desse.<sup>316</sup> Også frå sentralt hald i Ap kom det indikasjonar på at partiet var skeptisk til samiske særrettar til grunnen i Finnmark.<sup>317</sup> Eidheim, Bjørklund og Brantenberg argumenterte sterkt imot at Sametinget skulle få eit mindretal av styremedlemane i forvaltningsorganet som skulle styre eigeiendomen i Finnmark, blant anna i

---

<sup>314</sup> Aarseth 2006: 42.

<sup>315</sup> Intervju med Ivar Bjørklund 20.01.2011.

<sup>316</sup> Mellingen 2004: 106-107.

<sup>317</sup> Berg 2001: 44-45.

kronikken *Siste runde om samenes rett til land og vann?*.<sup>318</sup> Kronikken viser at det var politiske motsetnader mellom desse aktørane og deler av Ap i debatten om Finnmarksloven i tida under og etter arbeidet med utstillinga.

I den etnopolitiske debatten om land og vatn var det for aktørane i faggruppa ein politiske motivasjon i å vise til Ap sin medverknad i fornorskingspolitikken, fordi det også ville vera med på å undergrava partiet sin legitimitet i debatten om land og vatn. Som vist kunne denne framstillinga ha vore nyansert med fokus på sikkerheitspolitikken på Nordkalotten eller intern usemje om samepolitikken i Ap, men dette ville nødvendigvis ikkje gje den same retoriske verknaden i debatten. Det tyder på at etnopolitiske prioriteringar har stått sterkt i forhold til kva element frå fortida som har blitt tatt med i framstillinga, og kva som har blitt valt bort.

Samtidig skal det også merkast at sidan utstillinga er forma som ei forteljing, har det blitt lagt nokre rammer for utstillinga som gjerne har hindra meir nyanserte framstillingar. Som ei forteljing er utstillinga også forma etter eit plott, med ei byrjing, ein midtdel og ein slutt. Ei forteljing må ha tydelege element som viser årsakene og verkingane av det som forteljinga omhandlar.<sup>319</sup> Ved å velje ein slik utstillingsstruktur fører det også til at element som skal nyttast i utstillinga i hovudsak må medverke til plottet i forteljinga som skal formidlast. Nyanseringar av historiske utviklingar kan i ein slik samanheng skape problem i forteljinga ved at årsaksamenhengane vert utydelege for publikum. Som tidligare nemnt så skil ei forteljing, formidla gjennom ein tekst, seg frå ei forteljing formidla gjennom ei utstilling ved at ein tekst kan nytta språklege verkemiddel. Ved ei tekstbasert forteljing kan ein nytte språklege verkemiddel til å markere at det var ulike faktorar og nyansar i ei historisk utvikling, utan at det treng å undergrave plottet i forteljinga. Denne type nyanseringar er vanskelegare å formidla gjennom ei utstilling, ved at teiknmaterialet ein har til rådighet vanskeleg kan konkretisera gradsforskjellar i ei forklaring. Dette er noko ein ser ved framstillinga i dette rommet, der det er vanskeleg å tolke om fornorsking i skulen hadde meir å seia for at det samiske blei valt bort, enn nedbrenninga og gjenoppbygginga av Nord-Troms og Finnmark. Framstillinga av moderniseringa, fornorskingspolitikken og Ap har dermed også blitt påverka av dei rammene som det å nytte ei forteljing gjev for museumsutstillingar.

---

<sup>318</sup> *Aftenposten Morgen* 23.11.2002: 9.

<sup>319</sup> Eriksen & Selberg 2006: 168.



### 4.2.3 Vis Samisk Ånd: Den samiske rørsla veks fram

Det neste rommet ein kjem inn i har overskrifta “Vis Samisk Ånd”, og her er det den politiske og kulturelle oppblomstringa blant samane som er tematisert. Den første veggen ein møter i dette rommet har ei plansje som går rett inn på den politiske kampen blant samane. Plansjen er delt med eit tynt gap, som markerer dei politiske motsetnadane mellom organisasjonane NSR og SLF. Ved sida av denne veggen kjem ein til ei ny datamaskin med intervju. Desse intervjuar handlar i hovudsak om den politiske mobiliseringa i perioden. Over maskina er det også utstilt eit forslag til samisk flagg frå 1977. Den neste veggen har tematisert den samiske kulturelle oppblomstringa i perioden. Dette blir blant anna visualisert med det første samiske kartet over Nordkalotten, eit monter med samisk kunsthandverk, samiske musikkplater og bilete frå samiske kulturarrangement.

Den neste veggen ein kjem til har tematisert korleis samiske stadnamn var eit viktig felt i kampen for det samiske. Dette blir visualisert med eit gammalt kart over Billefjord i Porsanger, der det berre er norske stadnamn, og eit nytt kart som har med samiske og kvenske stadnamn. Det politisk kontroversielle ved stadnamn er også vist med at ein underskriftskampanje mot samiske stadnamn stilt ut. Ved sida av stadnamna er den auka interessa for den samiske kofta tematisert. Her er det stilt ut fire gamle bilete av samar i kofter, med eit monter midt i mellom bileta. I monteret er det plassert ei symaskin og utstyr til å lage kofter, hefter som omhandlar bruk og produksjon av kofter, samt teikningar over koftemønster. Vidare kjem ein til ei lita plansje som viser ulike radikale tendensar i verda som også samerørsla var inspirert av. Igjen har ein ei tidslinje som viser at rommet omhandlar perioden 1960 til 1980. Den neste veggen viser verdien av ulike medium for den samiske revitaliseringa. Her blir det blant anna vist til dei samiske sendingane på radio, oppstarten av samiske aviser og utgivingar av samisk litteratur. På denne veggen blir også Samekomiteen av 1956 tematisert. I eit eige monter er komiteen sin innstilling, og bak dette er det to plansjar som tematiserer to samar som var medlemmer av komiteen.

Den første plansjen ein kjem til i rommet, som viser dei historiske motsetningane mellom NSR og SLF, får fram at utviklinga av det samiske fellesskapet ikkje skjedde utan at det også var interne politiske motsetningar og at forskjellige aktørar har hatt ulike idear om kva det å vera same skulle bety. Utvalet av samepolitiske saker som er valt ut for å demonstrere motsetnadane er spørsmålet om Sametinget, bruk av samisk flagg, Alta-aksjonen som samesak, samerettsutredninga og samisk nasjonaldag. Alle desse sakene var NSR for, mens

SLF var i mot. Utstillinga får dermed fram at det også var samisk motstand mot mange av dei sakene som i dag blir sett på som ein sjølvstøtt del av det samiske.

Sjølv om alle desse spørsmåla var viktige innan samerørsla, er det interessant at det berre har blitt valt ut saker som NSR har arbeidd for, og i større eller mindre grad har fått gjennomslag for, mens SLF var mot desse sakene. På den eine sida får ein då fram at SLF blei skipa som ein reaksjon på radikaliseringa i NSR, men samtidig står NSR fram som den progressive aktøren innan samerørsla, mens SLF står fram som ein organisasjon som var mot det samiske. Sjølv om SLF var i mot mange av dei sentrale samepolitiske sakene på 1980 og 1990-talet, hadde organisasjonen også meiningar om kva det samiske skulle innehalde og ønskja blant anna utvikling av samisk språk og kultur.<sup>320</sup> Ein viktig forskjell mellom NSR og SLF var eit underliggjande ideologisk spørsmål om kva det å vera samisk skulle vera, der NSR arbeida for at samane skulle få status som eit urfolk og bygde opp under det nasjonale fellesskapet, mens SLF ønskja at samane skulle vera ein kulturell minoritet innan den norske nasjonen. Desse ideologiske forskjellane på organisasjonane kjem til dels til syne gjennom at ein har sitert formålsparagrafane til organisasjonane.

Bruken av bilete ved denne plansjen er også med på å framstille organisasjonane på bestemte måtar. To bilete er stilt ut til å representere NSR, der det eine viser ei avstemming ved eit politisk møte og eit mindre bilete er av Ole Henrik Magga, tidligare sametingspresident og leiar av NSR, og Kong Harald under opninga av Sametinget. For SLF har ein stilt ut eit bilete frå eit lokallagsmøte i SLF, frå det som ser ut til å vera ein privat heim, samt eit mindre bilete frå eit landsmøte. Göran Carlsson som var formgjevar for utstillinga skal ha kommentert at bileta av NSR og SLF hadde ein visuell ubalanse, og at bilete frå lokallagsmøtet i SLF sto fram negativt. Faggruppa som hadde funne fram til bileta, var derimot fornøyd med dei, fordi dei meinte bileta fekk fram ulikskap i rekruteringsgrunnlaget til organisasjonane, der SLF spesielt rekrutterte blant sjøsamane i Finnmark.<sup>321</sup> Dette er eit interessant eksempel på korleis aktørane som kjente til den etnopolitiske konteksten og historia meinte ein type visuell framstilling gav eit godt bilete av eit historisk forhold, mens det frå formgjevaren sitt ståsted ikkje gjekk over eins med ideen om at det skulle vera ein form for balanse i museumsutstillingar, spesielt når politiske forhold blei tematisert.

Framstillinga av samiske interesseorganisasjonar og interne samiske usemjer står i klar kontrast til utstillinga *Latjo-Drom*, der slike forhold ikkje er problematisert. Ved *Latjo-Drom* får interesseorganisasjonane TL og LOR ei plansje kvar til å presentere seg sjølv under

---

<sup>320</sup> Mellingen 2004: 51.

<sup>321</sup> E-post frå Terje Brantenberg 13.04.2011.

temaet ”Romanifolket/taterne i dag”. Forutan dette er det ingen tematisering av romanifolket som politiske aktørar, eller korleis romanifolket i dag oppnådde dei rettar og det fellesskapet som dei har. Noko av det som mest tydeleg skil framstillingane ved desse to utstillingane, er at samane på *Sápmi* står fram ikkje berre som eit kulturelt fellesskap, men som eit fellesskap som blei skapt gjennom politisk mobilisering, og at samane dermed også er eit politisk fellesskap. På *Latjo-Drom* er det derimot kulturen, og då ideala frå den fortidige omreisande kulturen, som er det som definerer romanifolket. Desse kontrastane viser korleis begge perspektiva er val som er gjort av produsentane, og som skaper bestemte bilete av samane og romanifolket.

Ved videointervjua på datamaskina som er satt opp, kjem fleire ulike representantar for ulike samiske politiske fraksjonar og organisasjonar til orde. Blant dei som er intervjuet er Hans Eriksen, som var tidligare leiar for SLF. Han får med dette intervjuet greie ut om bakgrunnen for SLF og kva syn dei hadde i ulike samepolitiske spørsmål. Intervjua gjev dermed sentrale aktørar frå organisasjonane som har blitt tematisert på plansjen, eit høve til sjølv å utrykke sine meiningar om temaet. Videointervjua verkar utfyllande i forhold til framstillinga på plansjen, etter som ein med intervjuet får innsikt i grunnlaget for SLF sine standpunkt. Til saman er det valt ut sju ulike personar som på ulikt vis var aktiv i den samiske rørsla, og som hadde ulike idear om kva den politiske kampen om det samiske handla om.

Gjennom å nytte videointervju med ulike etnopolitiske aktørar, vert videoane ein arena på utstillinga der ulike aktørar kunne argumentere for sin politikk og gje sin fortolking av samane sin historie i etterkrigstida, innanfor nokre rammer som var like for alle dei intervjuet aktørane. Utstillingsprodusentane har her opna opp for ulike perspektiv og formidlar ikkje meiningar som er bestemt av produsentane sitt syn. Samtidig må det merkast at også her har produsentane ei viss makt over framstillinga, ved at det er dei som har valt ut intervjuobjekt og spørsmåla i intervjuet, og det er dei som har klippa og redigert videointervjua. Videointervjua står likevel som ein kontrast til tradisjonelle etnografiske utstillingar, der produsentane i stor grad nytta etnografiske objekt som skulle konnotere bestemte meiningar og ikkje gav rom for aktørar frå den utstilte kulturen å utrykke meiningar.<sup>322</sup>

Ved veggen som omhandlar samiske medium, blir også Samekomiteen av 1956 tematisert. Her har ein plassert komiteens innstilling i eit lite monter framfor to plansjar. Den eine plansjen handlar om Hans Opstad som var samisk Ap-politikkar og medlem av komiteen. På plansjen som omtaler han står det: ”Som Arbeiderparti-politiker ville han finne politiske

---

<sup>322</sup> Lidchi 1997: 179.

løsninger på samiske problemer - men det måtte være norske løsninger.” Den andre plansjen omhandlar Per Fokstad som også var same og medlem av komiteen. Fokstad blir ikkje omtalt, men derimot sitert: ”Også vi same har en ubestridelig menneskelig rett til å få leve som egen folkegruppe med sitt nasjonale særpreg innenfor rammen av det norske samfunnet. Vi mener likeledes at vi har en uavviselig historisk rett til våre kjerneområder.” Også her får utstillinga fram at det var intern usemje om samiske spørsmål blant samane ved at representantane som er valt ut frå Samekomiteen står fram som motsetningar.

Framstillinga ved desse plansjane har ein klar likskap til plansjane om NSR og SLF, ved at både organisasjonane og personane står fram dikotomisk. NSR og Fokstad representerer det progressive samiske som argumenterer for særrettar til land og vatn samt ei nasjonal kulturell oppblomstring, mens SLF og Opstad representerer det reaksjonære som arbeider for at det samiske skal vera ein del av det norske. Ved å velje desse to representantane som vert framstilt med klare motsetningar, forsvinn det samtidig nyansar frå den historiske prosessen. Spesielt interessant er det korleis Opstad vert framheva som Ap-politikkar, og korleis det vert sett likskapsteikn mellom Ap og det norske. Sjølv om Opstad var samisk og opptatt av samiske spørsmål, representerer han i lag med Ap norske løysingar på spørsmål om det samiske. Ein kan spørje kvifor Opstad og Ap representerer norske, og ikkje sosialdemokratiske løysingar, men utstillinga går ikkje noko nærare inn på kva det er som gjør Opstad og Ap sine løysingar til norske løysingar, men slår det derimot fast som eit faktum.

I sitatet argumenterer Fokstad for at samane har rett til særpreg som ei nasjonal folkegruppe, og ein historisk rett til dei samiske kjerneområda. Ved å nytte nettopp dette sitatet, får ein også fram at debatten om samane sine rett, og då spesielt retten til land og vatn har vore ein debatt med lang kontinuitet og var sentral alt blant pionerane innan samisk etnopolitikk. At Fokstad og hans argumenter for samane sine rett til land og vatn blir henta fram på utstillinga, kan sjåast i relasjon til debatten om Finnmarkslova som gjekk føre seg under utviklinga av utstillinga. I ein slik kontekst vil tidlige aktørar sin argumentasjon for land og vatn verke som eit argument i debatten om samane sine rett til grunnen i Finnmark.

Formålet med dette rommet var å vise den samiske oppblomstringa i etterkrigstida, og då spesielt i perioden 1960 til 1980. Utstillinga får fram at dette hadde både ein kulturell og ein politisk dimensjon og at desse dimensjonane hang saman. Mens rommet ”Alt for Norge” gav ei naudsynt bakgrunnshistorie, er det den samiske mobiliseringa som i følge Brantenberg var motivasjonen for å lage utstillinga:

”Vi ønsket å gi en presentasjon av framveksten av den kulturelle og politiske mobilisering blant samene i vår tid, med vekt på forholdene i Norge etter siste verdenskrig – en bevegelse som fortsatt er lite kjent blant folk flest. Vi ville korrigere bildet ved å gi en framstilling av at det mangfoldet av samisk virksomhet og kulturstyringer vi ser i dag, er resultat av en lang og vanskelig prosess.”<sup>323</sup>

Fleire utstilte element ved dette rommet har fått fram at prosessen innan den samiske rørsla var vanskeleg, blant dei plansjane om NSR og SLF, plansjane om Fokstad og Opstad, samt protestlista om samiske stadnamn. Samtidig kan alle aktørane som blir omtala ved desse vanskelege sidene ved mobiliseringa, plasserast inn i kategorien for eller i mot det samiske. Nyansar i denne prosessen, blant anna at den ikkje berre var prega av ei for/mot dikotomi, men også ulike meiningar og synspunkt på kva det samiske skulle innehalde, er noko som ikkje kjem tydeleg fram i dette rommet.

Ein konsekvens av ei slik dikotomisk framstillingsform, er at nokre historiske aktørar står fram positivt fordi dei vert sett opp mot ein anti-samisk kontrast. NSR er altså ein av dei som vert henta fram som ein viktig forkjempar for samane sine rettar, og vert satt opp mot den anti-samiske organisasjonen SLF. Som ein sentral organisasjon og parti på Sametinget, skaper slike framstillingar også politisk legitimitet og retoriske reiskap til NSR i dei politiske samanhengane som organisasjonen fant seg i.<sup>324</sup> Museumsutstillinga som har stått fast på Tromsø Museum sidan 2000, har fungert som ein manifestasjon på NSR si historiske rolle innan samerørsla.

Å få definert NSR som den progressive organisasjonen innan samerørsla i perioden med samisk revitalisering vil også kunne fungere legitimerande i NSR sitt samtidige samepolitiske arbeid. I følgje historikaren Ottar Dahl i hans bok *Problemer i Historiens Teori* er: ”Den enkleste form for historisk-politisk argumentasjon går ut på å vise at aktuelle bevegelsar, partier, eller personar har spilt en ærefull rolle i fortiden, eller at motstandere har en tilsvarende negativt belastet fortid.”<sup>325</sup> Slik kan framstillinga av NSR ved dette rommet også tolkast som eit historisk-politisk argument og noko som organisasjonen kan dra nytte av i samtidige politiske prosessar. Ap vert derimot tileigna ei belasta fortid, som også lar seg nytte i samtidige politiske prosessar. Spesielt verknadsfullt vil denne type argumentasjon vera i prosessar der både NSR og Ap er aktive aktørar, etter som det lett vil kunne framstillast ein kontinuitet mellom dei politiske konfliktane NSR og Ap hadde under den samiske nasjonale oppvakninga og dei samtidige politiske konfliktar.

Eit anna aspekt med heilskapen i det som vert formidla ved dette rommet, er korleis det er samisk handling som står i sentrum. Samane står fram som handlande aktørar, der dei

---

<sup>323</sup> *Museumsnytt* nr.4 2005: 19.

<sup>324</sup> *Stugu* 2008: 9.

<sup>325</sup> *Dahl* 1986: 107.

aktiviserer seg innan kulturelle felt som musikk, litteratur og kunst. Det fellesskapet som her veks fram er altså eit resultat av samisk handling, og ikkje av prosessar som skjedde eksternt og utanfor samisk kontroll. Ei lita plansje i rommet, der ein har hengt opp politiske plakatar, blant anna av den argentinske revolusjonsleiaren Che Guevara, gjev indikasjonar på at den samiske rørsla også var ein del av radikale strøimmingar internasjonalt. Det forandrar samtidig ikkje på biletet av samane som drivkrafta i si eiga kulturelle og politiske oppblomstring

#### **4.2.4 En nasjon står fram: Den samiske nasjon og retten til land og vatn**

Det siste rommet på utstillinga har ei litt anna form enn dei to føregåande romma, ved at det første ein møter i rommet er ein tjukk vegg som står midt i rommet. På veggen er det eit stort bilete av ei kvinne som vifter med eit samisk flagg i ei 17. mai feiring i Oslo. Under biletet har ein overskrifta for rommet "En nasjon står fram", og under der att paragraf 110A frå grunnlova: "Det paaligger Statens Myndigheter at lægge Forholdene til Rette for at den samiske Folkegruppe kan sikre og utvikle sit Sprog, sin Kultur og sit Samfundsliv."

Ei av dei korte veggane har ei plansje der det er hengt opp avisutklipp om samiske forhold frå etter at utstillinga opna. Her er det også ei tidslinje som viser at rommet omhandlar perioden 1980 til 2000. Den neste veggen ein kjem til omhandlar Alta-saka og veggen er dekkja av eit bakgrunnsbilete frå Ifjordvidda i Porsanger . Over dette bakgrunnsbiletet finn ein blant anna ein skjerm som viser ein bildeserie frå Alta-saka. Over skjermen heng det ein jernklave, og på kvar si side av skjermen er det to store bilete frå Alta-saka. Over bileta er teksten "ALTA – et miljøspørsmål som ble en urfolkssak" trykt. Frå Alta-saka kjem ein over til ein vegg som omhandlar samane sine rettar til naturressursane. Heile denne veggen er dekt av eit bakgrunnsbilete frå Porsanger som viser havet i forgrunnen og noko land i bakgrunnen. Framfor dette biletet er det ei tynn plansje med skrifta: "Hvem skal bestemme over ressursene? Det utredes - og utredes". Over teksten er det eit bilete frå ein rettssak og under teksten har ein stabla alle dei norske utreiingane om samiske rettar frå 1980 og fram til 2000. På kvar si side av denne plansjen er det til saman fire montre, der samane sine rettar til fiske, vasskraft, utmark og gruvedrift vert tematisert. Dette blir gjort med eit bilete i bakgrunnen som viser ein fisketrålar, Alta-demninga, utmark i Finnmark og ei gruve. Framfor bileta er det så plassert ein gjenstand som kan relaterast til den naturressursen som det omhandlar.

Ved sida av veggen som omhandlar naturressursar er det plassert ei ny datamaskin med videointervju. I desse intervjuar er det samiske rettar til land og vatn, samt spørsmål om det

samiske og samisk identitet i nær fortid og samtid som det blir kasta ljøs over.<sup>326</sup> Den siste veggjen i dette rommet har utstilt ei rekkje store bilete av ulike aktivitetar som kan knytast til det moderne samiske samfunnet.

Veggjen som ein møter når ein går inn i dette rommet, med overskrifta "En nasjon står fram" og eit tydeleg samisk flagg på biletet, viser resultatet av den forteljinga som utstillinga har omhandla: Det samiske nasjonale fellesskapet. Den samiske paragrafen i grunnlova som er sitert, bør her sjåast i relasjon til biletet, som er tatt på 17. mai i Oslo. 17. mai er ei markering av den norske Grunnlova, og ved at § 110 A er trykt rett under biletet, kan dagen også tolkast som ei markering av at samane sitt fellesskap er sikra i Grunnlova. Veggjen markerer slik at Noreg ikkje berre er fleirkulturelt, men at staten Noreg inneheld to nasjonar, og ut frå biletet kan det tolkast som om den samiske nasjon har funnet sin plass saman med det norske.

At ein har valt å tematisere Alta-saka i det siste rommet, som omhandlar det samiske nasjonale fellesskapet, gjev eit bilete av saka som ei svært viktig hending for den samiske rørsla og framveksten av dette fellesskapet. Dei to store bileta som er nytta, viser korleis saka endra seg frå eit miljøspørsmål til eit spørsmål om urfolks rettar. Det eine biletet viser aksjonistar som har skriva "Elva skal leve!" i snøen, og det andre biletet er av aksjonistar med eit banner der det står "Vi kom først" (Sjå bilete. Vedlegg 5. s. 115). For å få ei nærare forståing av Alta-saka må ein sjå gjennom biletserien på dataskjermen. Her har ein ei kronologisk framvising av bilete frå konflikten, der det kjem opp mindre tekstar mellom bileta. Desse forklarar utviklinga av konflikten. Biletserien formidlar Alta-saka i frå aktivistane sitt perspektiv, ved at bileta i stor grad er frå ulike protestar og tekstane får fram den politiske konteksten som protestane fant seg i.

Når ein kjem over på veggjen som omhandlar samane sine rettar til naturressursar, ser ein at desse to veggane står i relasjon til kvarandre, ved at begge er dekt av eit bakgrunnsbilete, der det eine viser ei vidde og det andre havet. Begge veggane kan slik forståast som ei tematisering av konflikten rundt samane sine rettar til land og vatn. Som vist i kapittel to, så var Alta-saka ein viktig faktor for at det blei satt i gang utgreiingar om samane sine rettar, men det er ikkje noko med desse veggane som formidlar at det eine følgde det andre i tid. For å kunne sjå relasjonen mellom desse veggane trengs det dermed ein god del forkunnskapar om temaet hos publikum.

---

<sup>326</sup> Under mitt besøk på *Sápmi* utstillinga 19. januar 2011 var denne datamaskina midlertidig fjerna for vedlikehold. Eg har likevel fått stuert intervjuet ved at dei er lagt ut på nettutstillinga *Sápmi –en nasjon blir til*: <http://sapmi.uit.no/>.

Eit interessant aspekt med veggen om samane sine rettar til naturressursar, er korleis den er ein tydeleg kommentar til den pågåande debatten om samane sine rettar til land og vatn, og då spesielt Finnmarksloven. Plansjen spør først om kven som skal bestemme over ressursane, for så sjølv å svare med "Det utredes – og utredes". Samtidig er utgreiingane visualisert gjennom stabelen med offentlige utgreiingar. I denne framstillinga ligg det dermed eit argument om at staten ikkje klarer å komme fram til ei avgjersle rundt samane sine rettar, men produserer i staden tidkrevjande utgreiingar. Det same argumentet finn ein att i kronikken *Siste runde om samenes rett til land og vann?* av Eidheim, Bjørklund og Brantenberg, der dei meiner at styresmaktene sitt tjue år lange utredningsarbeid, utan at det var blitt noko prinsipiell avklaring om samane sine rettar til land og vatn, medverka til den opprivande debatten i samtida.<sup>327</sup> Biletet frå ein rettsak som er trykt over teksten, kan også tolkast som eit argument i denne debatten. På biletet sit ein person i samisk kofte vendt mot to dommarar. Biletet formidlar ein maktrelasjon, der den enkelte samem står mot eit norsk rettsvesen. Ein får dermed fram samane som underlagt det norske rettsvesen når det gjelder retten til naturressursar. I sin heilskap kan veggen tolkast som om det på tross av ei rekkje utgreiingar, ikkje har blitt nokre konkrete resultat for samane av prosessen, og at dei er rettslause overfor naturressursane i Nord-Noreg.

Den siste veggen ein møter på utstillinga markerer seg ved at den fysiske er større enn dei andre veggane på utstillinga. Denne veggen har stilt ut ei rekkje bilete frå samisk kultur og politikk. Eit gjennomgåande trekk ved bileta er at dei viser det som kan karakteriserast som positive kulturuttrykk, som dans, musikk og sport. Som eksempel har ein bilete frå urfolksfestivalen Riddu Riđđu, bilete av kappkjøring med reinsdyr og snøscooter og eit bilete med maya-indianer og Nobelsfredsprisvinnar Rigoberta Menchú saman med Ole Henrik Magga. Bilete av Menchú og Magga er spesielt interessant, fordi det viser at samane som gruppe er spesielt knyt til andre urfolk og del av eit større urfolksfellesskap. I sin heilskap står veggen fram som ei feiring av det samiske fellesskapet ved å vise mangfaldet av kulturelle aktivitetar i Sápmi. Det samiske fellesskapet som vert tematisert på denne veggen kan tolkast som eit resultat av den prosessen som har bitt tematisert i dei føregåande romma. Forteljinga som utstillinga er bygd opp rundt får dermed sin avslutning ved at det no er etablert eit samisk nasjonalt fellesskap.

Terje Brantenberg gjev uttrykk for at løysingane ved dette siste rommet, og då spesielt avslutningsveggen var noko som faggruppa ikkje blei spesielt fornøyd med. Her hadde dei

---

<sup>327</sup> *Aftenposten Morgen* 23.11.2002: 9.



blant anna ønskje om å tematisere samisk deltaking i den internasjonale urfolksrørsla, og kommersialiseringa av det samiske blant anna i turismeindustrien. Faggruppa hadde samtidig problem med å finne gode visuelle løysingar på dette. Göran Carlsson kom så med forslag om ein avslutningsvegg med større bilete, som blei løysinga som ein valde.<sup>328</sup> I dette rommet ser det dermed ut til at faggruppa sin manglande kompetanse på det å finne visuelle løysingar til utstillinga førte til at formgjevaren fekk større fridom til å finne løysingar som han meinte passa til utstillinga.

Sjølv om bilete av Menchú og Magga viser samane sin tilknytning til urfolk i andre deler av verda, er det slåande korleis den multietniske og fleirkulturelle røynda i Sápmi ikkje blir problematisert ved denne veggen. Forholdet mellom det samiske fellesskapet og nordmenn, kvener og nye innvandrarakar vert ikkje tematisert. Sjølv om utstillinga forsøker å utvide rammene for samekategorien ved introduksjonsrommet, vert det ikkje formidla noko om korleis dette fellesskapet har stelt seg til andre etniske grupper i regionen. Veggen har dermed ein parallell til dei norske nasjonsbyggande representasjonane på museum, der positive kulturelle element som skil det norske folk frå andre folk blei vist fram, mens problematiske sider og forholdet til andre etniske grupper ikkje var synlig.<sup>329</sup>

Eit interessant aspekt med dette rommet i ljós av debatten om land og vatn, er korleis veggane på den eine sida av rommet, som omhandlar Alta-saka og samane sine rettar til naturressursar, står i kontrast til veggen på motsett side, som viser det samiske fellesskapet. Sidan rommet omhandlar perioden 1980 til 2000 er det naturleg at debatten om land og vatn blir tematisert. Men kontrasten mellom tematiseringa av land og vatn på den eine sida og det samiske nasjonale fellesskapet på den andre, kan også tolkast som eit argument i debatten: Samane er eit nasjonalt fellesskap, men manglar dei rettane til land og vatn som eit slikt fellesskap gjev. Eit slikt argument finn ein også igjen i kronikken til Eidheim, Bjørklund og Brantenberg:

”Det har som kjent pågått et utredningsarbeid om samenes rettigheter i Norge i snart tyve år uten at man ennå har kommet frem til en prinsipiell avklaring. Ser vi på denne tilstanden fra en moralsk og etisk synsvinkel, må det være på sin plass å minne om noen fremtredende trekk ved Nordkalottens og Norges nære historie. I de senere år er der skapt en utvikling mot en samlende etnisk selvforståelse i den samiske verden. Denne selvforståelsen bygger på en voksende bevissthet om et fellesskap som et eget folk med territoriell forankring og egne kulturelle uttrykk. De siste generasjoner samer har ikke bare formulert krav om anerkjennelse av samenes landrettigheter i tråd med internasjonale urfolkskonvensjoner og folkerettslige tendenser, de har også inspirert til en unik og mangfoldig kulturreisning, en kollektiv forståelse av et etnisk fellesskap. Den har blant annet gitt seg utslag i en etnopolitisk aktivisme som også har markert samene som en fremtredende aktør i den internasjonale urfolksbevegelsen”.<sup>330</sup>

<sup>328</sup> E-post frå Terje Brantenberg 13.04.2011.

<sup>329</sup> Eriksen 2009: 214.

<sup>330</sup> *Aftenposten Morgen* 23.11.2002: 9.

Ein ser at det skriftlege argumentet i kronikken går overeins med den visuelle framstillinga i utstillinga. Dermed kan det sjå ut som om utstillinga berre er ein annan arena for å argumentere for etnopolitiske saker. Samtidig er ein aviskronikk og ei museumsutstilling to svært ulike sjangrar. Mens aviskronikken står fram for lesaren som ein debattarena der ulike politiske meiningar vert ytra, er museumsutstillingar prega av at museumsinstitusjonen har hatt ideal om å vera ein arena for læring, noko som var spesielt gjeldande for universitetsmusea.<sup>331</sup> Eit generelt trekk ved kulturhistoriske og etnografiske museumsutstillingar er at representasjonane står fram som sjølvsahte faktum utan at det politiske ved representasjonane er synleg, og utan at publikum har tilgang til alternative meiningar og framstillingar.<sup>332</sup> Det kan derfor vera grunn til å hevde at argumentet i kronikken vil bli tolka innan rammene av ein politisk debatt, mens det same argumentet på utstilling vil stå fram som eit sjølvsaht faktum.

Ein annan forskjell mellom formidlinga av argumentet gjennom kronikken og utstillinga, er at ein ved kronikken har namngitte forfattarar som står som avsendarar av argumentet, mens ved utstillinga er avsendarane skjult bak institusjonen Tromsø Museum. At faggruppa ikkje er synleg i utstillinga og at forteljarstemma er skjult er noko som Stein R. Mathisen har vore kritisk til: "Siden mange av de som laget utstillingen har vært aktive deltakere i de diskurser og meningsdannelser som tematiseres (Eidheim/Bjørklund/Brantenberg 2002) blir det ekstra viktig at de besøkende har en mulighet til å avgjere hvem som sier hva".<sup>333</sup> Bård A. Berg har også kritisert utstillinga for dette: "Jeg ser på utstillingen som et partsinnlegg i en kontroversiell debatt, men uten at det blir gjort oppmerksom på at det er et partsinnlegg".<sup>334</sup>

På spørsmål om kvifor ein ikkje har valt å eksplisitt markere ein eigen posisjon i diskursen om det samiske, svarte Bjørklund at:

"Det er jo ikke at vi skal skjule noe, men det har noe å gjøre med pedagogikk og fortellingsøkonomi. Hva skal du få folk med på? Vi har jo problemer nok med å få folk med på det som er der allerede, så vist du i tillegg skulle begynne med hva vi mener. No mener jo vi stort sett det som utstillinga viser, men vi har ikke gjort det eksplisitt at det er det vi mener."<sup>335</sup>

At ein ikkje har valt å markere sin eigen posisjon i diskursen, har altså vert gjort fordi ei eksplisitt markering hadde kunne kome til å undergrave utstillinga sin pålitelegheit og formidlingspotensiale. Både frå eit museumsfagleg og etnopolitisk perspektiv er det

---

<sup>331</sup> Lidchi 1997: 202.

<sup>332</sup> McLoughlin 1999: 27-28.

<sup>333</sup> Mathisen 2004b: 22.

<sup>334</sup> Berg 2004: 109.

<sup>335</sup> Intervju med Ivar Bjørklund 20.01.2011.

interessant at dei har gjort eit slikt val. Ein av konsekvensane av den post-koloniale kritikken mot etnografiske museum, samt antropologien sin fornya interesse for museumsutstillingar frå rundt 1980-talet og framover, førte til at det blei skapt nye grenser for det å lage utstillingar, der blant anna sjølv-refleksjon var eit av elementa som blei introdusert.<sup>336</sup> Samtidig peiker Bjørklund på eit viktig poeng: Spørsmålet om kva ein kan få folk med på, eller sagt på ein annan måte, utstillinga si troverd i møte med publikum. Sjølv om dei faglege grensene for etnografiske utstillingar har endra seg, treng ikkje sjangerforventningane til publikum å ha gått gjennom dei same endringane. Sjangerendringar er ofte langvarige prosesser, der det kan gå lang tid frå nye idear vert utvikla i det faglige miljøet, til dei blir etablert innan sjangeren og publikum byrjar å sjå på det som ein naturleg del av sjangeren.<sup>337</sup> Om ein hadde valt å markere sin posisjon i debatten om det samiske, er det dermed ein mulighet for at delar av publikum hadde sett på det som eit brot med sjangeren, og dermed også hatt eit anna, gjerne meir kritisk syn på det som blir formidla.

Etter som det i perioden var museumsfaglege idear som argumenterte for ein meir sjølv-kritisk formidlingsform, der utstillarane burde vera meir synlege i sjølve utstillinga, kan mangelen på dette aspektet kanskje forståast ut frå politiske forhold. Eidheim, Bjørklund og Brantenberg skriver i artikkelen *Museene, publikum og antropologien: Et formidlingsprosjekt ved Tromsø Museum*: ”Den [utstillingen] er ment som en kommentar til det diskursive feltet som ikkje bare kan oppleves i museet, men som publikum kan ta med seg ut av museet til det sosiale kretser der de ferdes”.<sup>338</sup> Det har altså vore eit mål at publikum skal ta med seg framstillinga på museet, og dra nytte av den i ulike sosiale samanhengar der dei møter den samisk/norske diskursen. For å lykkast med dette målet må utstillinga stå fram troverdig for publikum, og utstillingselement som potensielt kunne undergrave troverdigheita til utstillinga var det dermed lite grunnlag for å nytte.

#### **4.2.5 Heilskapen i *Sápmi –en nasjon blir til*: Forteljing og utstilling**

I følge Eidheim, Bjørklund og Brantenberg var det eit mål for utstillinga at: ”Ved hjelp av et tegnmateriale som er romlig og sekvensielt organisert, vil vi at publikum skal kunne tilegne seg vår fremstilling av den samiske kulturreisningen som om det var en *fortelling*”.<sup>339</sup> Gjennom å ha studert utstillinga vil eg hevde at dei har lykkast i å formidle ei forteljing og at denne forteljinga er det mest framtrèdande trekket ved utstillinga. For å kunne sei noko om

---

<sup>336</sup> Lidchi 1997: 200-201.

<sup>337</sup> Eriksen 2009: 18.

<sup>338</sup> Eidheim, Bjørklund & Brantenberg 2002: 125.

<sup>339</sup> Eidheim, Bjørklund & Brantenberg 2002: 124.

korleis samane sin historie vert framstilt på utstillinga, vert det dermed naudsynt å studere heilskapen i den forteljinga som blir formidla på utstillinga.

Ved passasjen på veg inn til rommet ”Alt for Norge”, står det: ”Dette er en utstilling om norske samers strev med å utvikle det samiske nasjonale fellesskap etter krigen”. Dette er altså ei forteljing om ein tidsavgrensa prosess, som skal forklare eit bestemt fenomen, nemlig det samiske nasjonale fellesskapet. Denne forteljinga ser dermed ut til å passe over eins med den historisk narrative forklaringsmodellen som professor i filosofi, Arthur C. Danto utvikla i boka *Analytical Philosophy of History*. I følgje Danto vil årsaka til noko historisk, kunne plasserast mellom to tidspunkt. Ein får dermed eit byrjingstidspunkt (t1) og eit sluttspunkt (t3). Forklaringa på endringane frå t1 til t3 finn ein då mellom desse tidspunkta, i (t2).<sup>340</sup>

På utstillinga kan dei tre romma plasserast inn i Danto sitt skjema. Rommet ”Alt for Norge” er byrjinga på forteljinga og viser korleis den historiske situasjonen var før det nasjonale fellesskapet. Det siste rommet ”En nasjon står frem” er så sluttpunktet, der ein ser det samiske nasjonale fellesskapet. Kontrasten mellom desse romma er stor. Frå rommet ”Alt for Norge” der folk ikkje ønskjer å framstille seg som samiske, og det samiske er borte frå offentlegheita, til rommet ”En nasjon står frem” der det samiske kjem til syne på ei rekkje felt. Det har altså skjedd ei tydeleg historisk endring frå byrjing til slutt, og det er det som vert forklart i rommet ”Vis Samisk Ånd”. Her er det samane byrjar å handle politisk og kulturelt, og gjennomfører dei historiske endringane som forklarar det nasjonale fellesskapet ein kan studere på rommet ”En nasjon står fram”.

Danto understreker at ein slik forklaringsmodell berre forklarar hendingane under ei bestemt skildring, altså om det fell inn under dei omgrepa som har blitt lagt på forteljinga. Val av omgrep eller perspektiv til å skildre prosessen vil verke inn på framstillinga av hendingane i prosessen. Ulike perspektiv på det som i utgangspunktet dei same hendingane, vil kunne gje forskjellige hendingsforløp.<sup>341</sup> På utstillinga har ein tydeleg valt omgrepet nasjonalt fellesskap om resultatet av denne prosessen. Dermed vert også dei historiske hendingane berre ein del av forteljinga om det fell inn under dette perspektivet. Å kunne forklare det samiske nasjonale fellesskapet blei dermed det som definerte utvalet av gjenstandar og anna teiknmateriale som er samla inn til utstillinga, men også for publikum sin fortolking av utstillinga.

Ved at utstillinga set seg som mål å forklare utviklinga av det samiske nasjonale fellesskap, kan det vera grunnlag for å spørje om ikkje denne forteljinga også har likskaper med det som har blitt kjent som ei ”mesterberetning” (master narrative). Historikaren Krijn

---

<sup>340</sup> Dahl 1993: 72.

<sup>341</sup> Danto 1965: 228-229.

Thijs viser i artikkelen *The Metaphor of the Master: "Narrative Hierarchy" in National Historical Cultures of Europe*, korleis omgrepet "mesterberetning" har blitt forstått og nytta på ulikt vis, men at den mest vanlige forståinga av omgrepet har vert at "mesterberetning" er ein metafor for mester, som står i opposisjon til slavar. Dermed har omgrepet blitt nytta om historiske forteljingar skapt av grupper med makt innan eit samfunn, for å undertrykkje forteljingane til marginaliserte grupper og legitimera den sosiale skilnaden.<sup>342</sup> Thijs lanserer samtidig ei eiga forståing av omgrepet der master narrative viser til dei kjenneteikna og det rammeverket som eksisterer i eit samfunn for å fortelje historier om ein spesiell periode. Ei "mesterberetning" vil blant anna: "during a period of relative historical calm, a master narrative embodies what is generally considered to be the most natural version of the past, and conveys general historical knowledge of a society that is repeatedly echoed in the work of historians, political scientists and journalists."<sup>343</sup>

I fjølge Eidheim, Bjørklund og Brantenberg har det dei definerer som "den offentlige fortellingen om samene" i liten grad klart å ta opp den nyare samiske historia med etnopolitisk sjølvhevdelse og kulturreising.<sup>344</sup> Utstillinga *Sápmi* var meit som eit korrektiv til denne offentlige forteljinga, blant anna ved å ta opp den nyare samiske historia.<sup>345</sup> Eidheim, Bjørklund og Brantenberg skriv at:

"Vi håper m.a.o å kunne aktivisere publikums egne forestillingsevner ved å feste deres oppmerksomhet ved en betraktningssmåte *hvorved en kan fange opp et mangfold av uttrykk og sammenhenger som i tidsaksen kan organiseres og gi opplevelsen av det vi kaller fremveksten av en samisk nasjon.*"<sup>346</sup>

Om det som dei skriv her lykkast, og publikum oppfattar etterkrigstida som perioden då den samiske nasjon vaks fram, kan det argumenterast for at utstillinga ikkje berre blei eit korrektiv til ei offentlig forteljing, men var med på å etablere ei ny "mesterberetning" om samisk etterkrigshistorie, der etableringa av det nasjonale fellesskapet er det som er sentralt i perioden. I så fall vil andre forteljingar om denne historiske perioden måtte forholde seg til dette, enten ved at dei også nyttar seg av nasjonsperspektivet, og dermed reproduserer ei slikt "mesterberetning", eller ved å skape eit kontra-narrativ som utfordrar mesterberetninga.<sup>347</sup>

Denne oppgåva har ikkje noko grunnlag for å undersøkje i kva grad utstillinga klarte å formidle denne forteljinga til publikum, eller om den var med på å etablere noko ny

---

<sup>342</sup> Thijs 2008: 65-66.

<sup>343</sup> Thijs 2008: 72.

<sup>344</sup> Eidheim, Bjørklund & Brantenberg 2002: 126.

<sup>345</sup> *Sápmi: en nasjon blir til: fremveksten av samenes nasjonale fellesskap.* (2000) Av: Bjørklund, Ivar. Utstillingskatalog til utstillinga Sapmi –en nasjon blir til: 2.

<sup>346</sup> Eidheim, Bjørklund & Brantenberg 2002: 125.

<sup>347</sup> Thijs 2008: 72-73.

mesterberetning. Det kan samtidig vera grunnlag for å påpeike at det ville ha vert utfordrande å skulle etablere ei ny ”mesterberetning”, under Thijs si forståing av omgrepet, i det etnopolitiske landskap som eksisterte i Nord-Noreg i perioden etter at utstillinga opna. Som vist tidlegare i oppgåva var det fleire etnopolitiske debattar gåande både under arbeidet og etter opninga av utstillinga, der den mest framtrudande omhandla retten til land og vatn. Her var det også uttrykk for sterk motstand mot samiske krav til land og vatn.<sup>348</sup> Ei ”mesterberetning” der den samiske organiseringa etter andre verdskrig vert oppfatta som ein nasjonal kamp, ville gjeve dei samiske krava sterk legitimitet, og gjort motstanden mot samiske rettar vanskeleg. Det er derfor vanskeleg å sjå for seg at ei slik ”mesterberetning” ville la seg etablere utan å møte motstand. I enkelte etniske og nasjonale konflikhtar har ein sett at det har blitt etablert motstridande historiske narrativ som byggjer opp under dei ulike sidene i konflikta.<sup>349</sup> Forteljninga på utstillinga kan ha vore med på å etablere eller halde ved like eit historisk narrativ blant ei gruppe som støtta eit bestemt syn i samepolitikken. Dette historiske narrativet ville igjen kunne møte motstridande historiske narrativ og forståingar i den etnopolitiske debatten.

På 1980-talet byrja historiefaget å interessere seg for ideen om ”mesterberetning” og fleire innan faget peikte på den makta som ligg i å skape slike narrativ, der historia får ein totalitet og retning.<sup>350</sup> Ein kritikk av denne typen vil også ramme forteljninga ved utstillinga *Sápmi*, etter som etableringa av det samiske nasjonale fellesskap er den retninga som historia vert tolka inn under. Samtidig kan det påpeikast at om utstillinga skulle kunne ha noko politisk funksjon, som det var eit uttalt mål at den skulle, ville det vera heilt naudsynt at historia blei gjeve meining i relasjon til den politiske røynda som eksisterte i samtida. Om historiske hendingar og prosessar blei framstilt som om det ikkje inngjekk i ein større heilskap som utvikla seg i ei retning, ville det heller ikkje vert mogeleg å sjå relevansen for denne historia i forhold til dei politiske debattane i samtida.

Eit framtrudande trekk ved historia som blir fortalt, er korleis samane sjølve er aktørane i den historiske utviklinga. I motsetnad til moderniseringa og fornorskinga, som vert framstilt som noko som kjem utanfrå og treng seg på det samiske samfunnet, er det samane sjølv som skaper den samiske nasjon gjennom politisk og kulturell handling. I dette er det ein parallell til den norske nasjonsbyggjande historieskrivinga på andre del av 1800-talet, blant

---

<sup>348</sup> Simonsen 2007: 42-43; Mellingen 2004: 137.

<sup>349</sup> Sjå Jensehaugen 2008 & Deane 1994.

<sup>350</sup> Kaldal 2003: 139.

anna i arbeida til Ernst Sars, der den norske nasjonen blei oppfatta som sjølvskapt.<sup>351</sup> I likskap med Sars framstiller også utstillinga historia om nasjonen som ei naturleg utvikling, der eit nasjonalt fellesskap i samtida skal forklarast ved å studere historia. Samtidig er det nokre grunnleggjande forskjellar mellom Sars og utstillinga, blant anna i Sars si essensialistiske framstilling av ulikskapar mellom folkegrupper.<sup>352</sup> På utstillinga kjem det derimot ikkje fram bilete av noko essensielt samisk, men derimot eit bilete av det samiske som ei kulturell og politisk rørsle, der det samiske endra tyding over tid.

Ein konsekvens av at forteljinga omhandlar det samiske nasjonale fellesskapet, er at dei historiske elementa som er henta fram blir sett inn i rammene av dette perspektivet og alle elementa må ha ein funksjon i forhold til denne forteljinga. Dermed forsvinn også nyansane i historiske hendingar og prosessar, og dei får berre meining ut frå relasjonen til det nasjonale fellesskapet. Dette ser ein blant anna i rommet ”Alt for Norge”, der Ap vert framstilt i relasjon til moderniseringa og fornorskinga, og der nyansar i dette forholdet ikkje kjem til syne. Det nasjonale perspektivet verkar også inn på korleis utstillinga framstiller dei politiske aktørane, som tidligare vist blir framstilt i ei dikotomisk form, som enten for eller mot det samiske. Her skal det samtidig poengterast at videointervjua på utstillinga medverkar til å nyansere både dei historiske prosessane og den dikotomiske framstillinga av samisk etnopolitikk. Om publikum tar seg tid til å studere intervjua, vil det komme til syne eit meir mangfaldig politisk landskap enn det resten av forteljinga formidlar.

### **4.3 Avslutning: Sápmi –en nasjon blir til i ein etnopolitisk og museumsfagleg samanheng**

Representasjonsanalysen av *Sápmi* viste at framstillinga er prega av ei forteljing som skulle forklare framveksten av det samiske nasjonale fellesskapet. I denne avsluttande delen vil eg drøfte korleis utstillinga var ein del av eit etnopolitisk felt i perioden etter at den blei opna. Korleis den gjekk inn i ein museumsfagleg tradisjon og eit samtidig fagfelt, og korleis møte mellom etnopolitiske engasjerte samfunnsvitarar og sjangeren museumsutstilling utvikla seg.

#### **4.3.1 Sápmi –en nasjon blir til og etnopolitikk**

Samiske museum, også dei som blei oppretta etter at den samiske etnopolitiske rørsla fekk gjennomslag frå slutten av 1970-talet, har i følgje Bjørnar Olsen vidareført bileta av at den

---

<sup>351</sup> Fulsås 1999: 20-21.

<sup>352</sup> Fulsås 1999: 100-101.

eigentliche samiske kulturen berre eksisterer i fortida, og då i ei førmoderne fortid.<sup>353</sup> Den eldre og førmoderne historia er også gjerne den som har blitt mobilisert i debattar om samane sine rettar til land og vatn. Dette såg ein blant anna i 2002, då det i Sametingsrådet sin innstilling til utbygging av olje og gass verksmed på Snøhvitfeltet i Barentshavet, blei argumentert for at samane hadde retten til desse ressursane, fordi samane hadde vore einerådande til å nytta ressursane i dette havområdet før koloniseringa frå 1300 – 1500 talet.<sup>354</sup> Dette førte til at det oppsto ein avisdebatt om kva relevans den eldre samiske historia skulle ha i forhold til samane sine rettar til land og vatn i samtida, og om den vitskaplege innverknaden på debattar om slike forhold.<sup>355</sup> Ved denne utstillinga ser vi også at historia blei nytta til å legitimere samiske rettar til land og vatn, men i motsetnad til tidligare krav om rettar er det den moderne historia som vert mobilisert. Samiske rettar til land og vatn vert her legitimert ved å vise til etterkrigstida og utviklinga av eit samisk nasjonalt fellesskap.

Dermed ser det ut til at utstillinga gjev eit nytt element inn i debatten om rettar til land og vatn, der også den nære historia blir relevant å vise til. Om produsentane lukkast, og publikum tok med seg forteljinga ut i dei sosiale kretsar der dei ferdast, som var eit av måla med utstillinga, vil ein kunne sjå for seg at den moderne samiske historia også fekk ein sentral funksjon i debatten om land og vatn.<sup>356</sup> Samtidig har denne delen av historia, spesielt slik den blei framstilt ved utstillinga, også konsekvensar internt blant samane. Som vist vert organisasjonar som NSR positivt framstilt i denne forteljinga, mens framstillinga av Ap kan karakteriseras som meir negativ, blant anna ved at partiet blir framstilt som representant for det norske. Om den nære samiske historia fekk større relevans i debatten om rettar, er det også grunnlag til å tru at dette ville verke inn på NSR og Ap sin legitimitet i samepolitiske spørsmål og i arbeidet på Sametinget.

I tillegg til å byggje opp under NSR sin historiske legitimitet, kan det argumenterast for at utstillinga også er med på å byggje opp under ein nasjonalistisk samisk ideologi, som sto sterkt innan NSR. Nasjonsbygging og ideen om ein samisk nasjon var ein viktig ideologisk faktor innan NSR i den perioden som utstillinga blei produsert.<sup>357</sup> Utstillinga sitt tematiske val, om utviklinga av det nasjonale fellesskapet, samt deler av teiknmaterialet som er nytta ved utstillinga, som samiske flagg og kart, viser at denne utstillinga også byggjer opp under samisk nasjonalisme. Den samiske nasjonalismen, og NSR sin bruk av nasjonalistisk

---

<sup>353</sup> Olsen B 1999: 174-175.

<sup>354</sup> Mellingen 2004: 98.

<sup>355</sup> Berg 2004: 109-110.

<sup>356</sup> Eidheim, Bjørklund & Brantenberg 2002: 125.

<sup>357</sup> Mellingen 2004: 101-102.



retorikk var langt frå ukontroversielt i perioden. Bård A. Berg, som var leiar i Ap sitt samepolitiske råd i denne perioden, starta i 2001 ein avisdebatt i *Nordlys*, der han kritiserte den nasjonalistiske retorikken frå NSR, og frå sametingspresidenten Sven-Roald Nystø som tilhørde NSR.<sup>358</sup>

Det er dermed ikkje så overraskande at det også kom kritikk mot framstillinga av samisk historie på utstillinga *Sápmi*. Bård A. Berg kritiserer som tidligare nemnt framstillinga i sitt innlegg, *Forestillingen om en samisk nasjon*, på det nordnorske historieseminar i 2002.<sup>359</sup> Som aktiv innan samepolitikken for Arbeidarpartiet, har Berg grunn til å vera kritisk til den forteljninga som utstillinga formidlar, etter som det vil kunne delegitimere Ap sitt samtidige politiske arbeid. I tillegg låg det ei politisk spenning hos Ap i relasjon til den samiske nasjonalismen, ved at partiet også var eit norsk parti som måtte forholde seg til valoppslutnaden på kommune-, fylkes- og nasjonalt nivå. Likskapsidealet sto også sterkt i Ap, og det var ei utfordring å sameine dette idealet med ideen om samiske særrettar på bakgrunn av etnisk tilhøyring.<sup>360</sup>

Det mest interessante i eit etnopolitisk ljøs ved denne utstillinga, er korleis ei framstilling av den nære samiske historia kan tolkast som eit innlegg i debatten om samiske rettार. Ein debatt som gjerne blei framstilt i termar av samiske mot norske interesser. Men framstillinga får også konsekvensar for politiske forhold internt blant samane. Ved å framstille den nære historia, vert ein også nøydt til å forhalde seg til samtidige politiske aktørar. Framstillinga vil verke inn på det offentlege biletet av desse aktørane. Ved å velje det perspektivet som er gjort ved *Sápmi*, byggjer ein også opp under samisk nasjonalisme, og er med på å fremje ein bestemt ideologi i den samiske og den nordnorske offentlegheita.

### 4.3.2 Universitetsmuseum og minoritetsutstilling

Den etnografiske museumsutstillinga ber på ei lang historie og tradisjon i forhold til korleis etniske grupper blei framstilt, og Tromsø Museum var ein viktig bidragsytar til denne sjangeren i Noreg med sine etnografiske utstillingar om samane. Utstillinga *Sápmi* er som vist eit tydeleg brot både med den eldre etnografiske sjangeren, og med Tromsø Museum sin tidligare samisk etnografiske utstilling *Samekulturen*.

---

<sup>358</sup> *Nordlys* 29.08.2001: Norske Samers Riksforbund et nasjonalistisk parti? Av Bård A. Berg; *Nordlys* 04.09.2001: Berg og NSR? Av: Eva Josefsen, 3. kandidat for NSR ved Alta/Kvalsund krets. *Nordlys* 07.09.2001: NSR et nasjonalistisk parti? Av: Bård A. Berg. *Nordlys* 10.09.2001: Berg og NSR nok en gang Av: Eivind Vorland.

<sup>359</sup> Sjå Berg 2004.

<sup>360</sup> Mellingen 2004: 101-102.

Eit sentralt punkt kor *Sápmi* bryt med den eldre utstillingssjangeren, er korleis dei lar samar komme direkte til ordet i utstillinga, i motsetnad til på utstillinga *Samekulturen*, kor samane står fram som tause, og tilhøyrande ei førmoderne fortid. På *Sápmi* har ein derimot lat ulike samar komme til ordet gjennom videointervju, og lar dei kommentere element som er tematisert på utstillinga. Spesielt interessant er det at enkelte av intervjuobjekta kjem med framstillingar som bryt med den forteljinga som resten av utstillinga formidlar.

*Sápmi* bryt også med den eldre etnografiske tradisjonen gjennom framstillinga av kultur og historie. I eldre etnografiske utstillingar, som *Samekulturen*, blei grupper sin kultur representert gjennom materielle gjenstandar, noko som gjerne gav eit bilete av kulturen som statisk og utan utvikling, samt at enkelte gjenstandar vart definerande for gruppa, uavhengig av utvikling i tid. På *Sápmi* er gjenstandane organisert etter ei kronologisk inndeling. Dermed formidlar ikkje gjenstandane noko som kan kategoriserast som typisk samisk, uavhengig av den historiske utviklinga, men formidlar at gjenstandar skiftar meining over tid, ut frå den konteksten dei finn seg i og kva verdi dei har blitt gjeve av den samiske rørsle. Utstillinga formidlar dermed eit bilete av samisk kultur som noko som er i utvikling og endring.

Som tidligare nemnt i oppgåva, var det i perioden som denne utstillinga blei utvikla ein del idear innan det museumsfaglege feltet, om at musea burde få fram den fleirkulturelle sameksistensen mellom ulike etniske grupper, noko som blant anna kom til uttrykk i *NOU 1996:7 Museum: Mangfald, minne, møtestad*.<sup>361</sup> Dette er tankar som ein i liten grad finn att i utstillinga *Sápmi*. Introduksjonsrommet og videointervjua er riktig nok med på å utvide den etniske kategorien same, ved å vise eit stort mangfald innan det samiske fellesskapet, men det er vanskeleg å sjå korleis dette fellesskapet forholder seg til andre etniske grupper. Ved at produsentane har valt å sjå på framveksten av det samiske nasjonale fellesskapet i Noreg, vert det norske framstilt som ein motsetnad til det samiske. På rommet "Alt for Norge", er det norske verdiar og kultur som blir trengt på det samiske gjennom moderniseringsprosessen i Troms og Finnmark. Det same ser ein på rommet "Vis Samisk Ånd", der Ap-politikaren Hans Opstad representerer norske politiske løysingar.

På det siste rommet "En nasjon står fram", der det mangfaldige samiske fellesskapet vert vist fram, kan det verke påfallande at dette fellesskapet sine relasjonar til andre etniske og kulturelle grupper ikkje vert problematisert. Biletet av Magga og Menchú viser at samane har eit spesielt forhold til andre urfolk. Men det samiske fellesskapet sine relasjonar til andre etniske grupper innanfor det geografiske området som er definert som *Sápmi*, er ikkje

---

<sup>361</sup> *NOU 1996:7*: 73.

tematisert i det heile. Korleis stiller samane seg til den norske majoriteten, og til minoriteten kvenene som ein finn busett i deler av Sápmi? Kva er samane sin relasjon til nyare innvandringsgrupper som har flytta til Sápmi? Er dette grupper som har kunna ta med seg sine kulturelle element og la seg integrere i det samiske fellesskapet, eller har dei blitt støtt ut som fremmande i forhold til det samiske nasjonale fellesskapet? Her er det altså fleire interessante tilhøve som kunne la seg problematisere i forhold til det samiske fellesskapet sine relasjonar med andre grupper, og som var problemstillingar som det var interesse for innan museumsfaget.<sup>362</sup> Igjen kjem ein då tilbake til kva forteljing det er produsentane har hatt eit ønskje om å fortelje, og kva element som kan la seg integrere i ei slik nasjonal forteljing.

Som vist i dette kapitlet, så kom det kritikk mot utstillingsprodusentane for at dei ikkje hadde markert at dei som produsentar av utstillinga, også hadde vore aktive i dei politiske debattane som utstillinga omhandla.<sup>363</sup> Etter som produsentane ikkje kjem tydeleg fram som avsendarar av det som blir formidla, vil det vera Tromsø Museum som står fram som aktøren og meiningsleverandøren av det som blir formidla. Dermed kan det hevdast at Tromsø Museum har forflytta seg frå ein institusjon som på 1970-talet formidla eit stereotyp bilete av samane som tilhøyrande ei førmoderne fortid, til i år 2000 å bli ein institusjon som formidlar eit bilete av samane som eit nasjonalt fellesskap og som er med på å legitimere samisk nasjonalisme. Sametingspresiden Sven-Roald Nystø uttrykte glede over Tromsø Museum sin posisjon under opningstalen 1. oktober 2000: ”Ved åpninga av denne nye utstillingen viser også Tromsø Museum at de er en viktig institusjon i den moderne samiske samfunnsforminga. Tromsø Museum forteller ikke bare om det moderne samiske samfunnet, dere deltar også i det. Det er jeg svært glad for.”<sup>364</sup>

### 4.3.3 Universitetsmuseum og etnopolitikk

Eit sentralt poeng i utviklinga av utstillinga *Sápmi*, er korleis samfunnsvitskaplege forskarar som hadde tatt del i etnopolitiske debattar om samiske rettar, ønskja å skape ei museumsutstilling om den nære historia til samane. Desse aktørane fastsette tidlig at utstillinga skulle vera bygd opp rundt ei forteljing. Som vist i underkapitlet om produksjonen av utstillinga, var dette noko som skilde utstillinga markant frå produksjonen ved Glomdalsmuseet.

---

<sup>362</sup> Sandel 2007: 2; Pieterse 2005: 173.

<sup>363</sup> Mathisen 2004b: 22; Berg 2004: 109.

<sup>364</sup> *Det moderne samiske fellesskap*. Åpningstale av utstillingen *Sápmi* –en nasjon blir til ved Tromsø Museum, Universitetsmuseet av president Sven-Roald Nystø 1. oktober 2000. I: Tromsø Museums Rapportserie. nr. 26 2000. Årsberetning 2000: 43.

Sjølv om forteljingsforma representerte noko relativt nytt innan museumsutstillingar, var det nok ikkje museumsfaglege tankar som sto sterkt når sjølve forteljinga blei produsert. Faggruppa ser ut til å ha hatt klare idear om kva forteljing det var som skulle formidlast, sjølv om det var noko usemje om nøyaktig kva element som skulle vera med i forteljinga. Som tidligare nemnt var denne forteljinga også meint som ein kommentar til det samtidige diskursive feltet om det samiske.<sup>365</sup> Det kan dermed vera grunnlag for å hevde at forteljinga i stor grad blei skapt for å virke på eit politisk plan. Den vidare prosessen handla om å tilpasse forteljinga til utstillingssjangeren, og ein har då måtte forholde seg til produsenten og formgjevaren som hadde fagleg tyngde på dette feltet. Bjørklund gav i mitt med han, intervjuet uttrykk for at møte med formgjevaren kunne vera frustrerande og at mykje som ein opphavleg ønskja å ha med, blei valt bort.<sup>366</sup> Prosessen handla samtidig først og fremst om å omforma forteljinga, og dermed også dei politiske kommentarane som låg i forteljinga, til ei visuell museumsutstilling.

Som vist i byrjinga av dette kapitlet så blei det brukt mykje tid under arbeidet med denne utstillinga, på å finne løysingar som kunne visualisere forteljinga. I skriftlege forteljingar har ein litterære og språklege grep som hjelper til med å skape eit plot i forteljinga.<sup>367</sup> Det var dermed ei stor utfordring for produsentane å samle inn og organisere gjenstandar, bilete og anna teiknmateriale slik at det kunne erstatta dei skriftlege grepa ein har til å skape forteljingar med. Som Bjørklund utalte om prosessen:

”Vi er jo samfunnsvitere, forskere, så jeg trur nok at i starten så vi for oss at utstillingen skulle være en slags visuell variant av en artikkel eller ei bok. Det er jo der en gjør den største feilen, og fremdeles gjør de store feilene, altså man trur at utstillinger er bare en annen måte å fortelle en vitenskaplig artikkel på, mens det egentlig handler om, er at en utstilling er et annet språk.”<sup>368</sup>

Eit sentralt element i arbeidet handla dermed om å omsetja forteljinga frå ei skriftlig framstilling til ei visuell framstilling. Det var dermed forteljinga som blei definerande for kva element som blei valt med i utstillinga, og kva som blei valt bort. Utveljingsprosessen ved *Sápmi* var dermed svært annleis enn kva den var ved *Latjo-Drom*, der gjenstandar, bilete og andre element på utstillinga i stor grad blei valt ut i forhold til om det viste noko typisk eller autentisk i forhold til romanifolket sin kultur og historie.

---

<sup>365</sup> Eidheim, Bjørklund & Brantenberg 2002: 125.

<sup>366</sup> Intervju med Ivar Bjørklund 20.01.2011.

<sup>367</sup> Kaldal 2003: 138.

<sup>368</sup> Intervju med Ivar Bjørklund 20.01.2011.

## 5. Avslutning: Minoriteter på utstilling

I denne avslutninga vil det først bli oppsummert korleis utstillingane har framstilt samane og romanifolket sin historie. Som ei avslutning på oppgåva vil eg sjå på korleis framstillinga av historia ved desse utstillingane skil seg frå kvarandre og korleis det etnopolitiske og museumsfaglege har verka ulikt inn på desse utstillingane.

### 5.1 Oppsummering av *Latjo-Drom*

Eit sentralt trekk ved framstillinga av romanifolket sin historie på *Latjo-Drom*, er korleis den formidlar ei mytisk historie ved å hente ut nokre element frå fortida som blir gitt spesiell verdi for gruppa. Sjølv om det ikkje er eksplisitt formulert, ligg det implisitt i utstillinga at eit sentralt spørsmål som den ønskjer å svare på, er kven romanifolket var og dermed også kven dei er i dag. Utstillinga verkar slik inn på eit identitetsprosjekt blant romanifolket.

Det har blitt vist i kapitlet om *Latjo-Drom* at utstillinga sin heilskap kan lesast som ei opphavsmyte, og innehelder mange av dei elementa som Anthony D. Smith meinte var sentralt i ei slik myte. Framtredande i opphavsmyta som blir formidla, er den historiske ”gullalderen” som vert konstruert rundt romanifolket si reising. Perioden med utstrakt reising vert ikkje plassert i tid, men det vert vist at den har hatt kontinuitet, ved at reisinga har blitt vidareført gjennom nye måtar å reise på. Mange av dei andre tema på utstillinga vert også knyt til det å reise. Blant anna vert det tydeleg under temaet ”Arbeid og Handtverk” at arbeidet som romanifolket utførte måtte passa den omreisande livsstilen. Dermed formidlar utstillinga eit bilete av reising som sjølve kjernen i romanifolket sin historie og kultur.

Denne framstillinga av historia gjev romanifolket eksempel frå fortida på kven dei var, og dermed også ideal for medlemmer av gruppa i dag. Dette er noko som kjem tydeleg fram under temaet ”Romanifolket/taterne i dag”, der personane på portretta legg vekt på at kulturen må først vidare, og der kulturen det blir vist til, er dei elementa frå fortida som er tematisert på utstillinga. Framstillinga av historia gjev dermed romanifolket nokre fortidige element som blir definerande for dei som etnisk gruppe, og skaper grenser mot andre etniske grupper.

Rune Halvorsen skriv i at: ”Et sentralt element i dagens sosiale bevegelse blant taterne er dermed spørsmålet om hva det vil si å være tater i dag og hvem de har vært opp gjennom historien”.<sup>369</sup> Dette er tydeleg noko som utstillinga *Latjo-Drom* forsøker å gje svar på gjennom å formidle ei opphavsmyte om romanifolket. At utstillinga forsøker å gje svar på

---

<sup>369</sup> Halvorsen 2004: 30.

desse spørsmåla, som var heilt sentrale i rørsla rundt romanifolket, kan dermed også vera ein del av forklaringa på kvifor organisasjonane TL og LOR engasjerte seg sterkt i arbeidet med utstillinga. Om den myta som utstillinga formidlar faktisk har latt seg etablere som ei kollektiv opphavsmyte blant romanifolket er noko som går utanfor rammene av denne oppgåva.

Ein mogeleg studie som kunne byggje vidare på denne oppgåva, hadde vore å samanlikne romanifolket sin eigenrepresentasjon av si eiga historie før og etter opninga av museumsutstillinga. Eventuelle endringar i representasjonen av historia kunne la seg samanlikne med den opphavsmyta som vert formidla på utstillinga. Å studere verknaden av historiske museumsutstillingar hos eit bestemt fellesskap, er eit teoretisk og metodisk utfordrande felt, blant anna fordi det kan vera svært mange faktorar som spelar inn på eit fellesskap sine kollektive minner og delte historiske referansar. Tar ein i betraktning at det låg politiske tyngde bak *Latjo-Drom*, og at romanifolket er ei relativt lita etnisk gruppe, kan det argumenteras for at det er nettopp denne utstillinga der ei slik studie vil kunne gje ny kunnskap om korleis historiske framstillingar på museum verkar inn på etniske fellesskap sin oppfatning av seg sjølv og sin historie.

Samtidig som utstillinga formidlar ei opphavsmyte blant romanifolket, vert romanifolket sin historie også tydeleg plassert innanfor rammene av det norske. Dette ser ein ved utstillinga sitt fokus på innvandringa til Noreg, og spesielt tydeleg er det i utstillinga sin måte å kategorisere personar som ikkje er romani. Nemningane "buro", "fastboende" og "bønder" vert nytta, men ikkje norsk. Ved ikkje å nytte kategorien norsk, vert det heller ingen motsetnad mellom det å vera romani, og det å vera norsk. Dermed får utstillinga også fram det poenget som dei eksplisitt har skrive ved inngangen til utstillinga: "Norge har vært flerkulturelt i mange hundre år". Romanifolket sin historie er dermed også ein del av den norske historia, og ikkje noko som står utanfor. Det museumspolitiske målet om å reflektere det kulturelle mangfaldet, som var formulert i *Stortingsmelding nr.22 (1999-2000)*, ser ein i praksis ved *Latjo-Drom*.<sup>370</sup>

Ved å fokusere på romanifolket sin tilknytning til det norske, samt den historiske kontinuiteten som folket har hatt i landet, er utstillinga også med på å byggje opp under romanifolket sin status som ein nasjonal minoritet. Denne statusen var det i ein periode politisk motstand mot blant enkelte innan romanifolket, men den motstanden og det politiske

---

<sup>370</sup> *St.meld nr.22 (1999-2000)*: 19.

som ligg i slike kategoriar er noko som ikkje er synlig på utstillinga. Utstillinga vert dermed også ei legitimering av romanfolket sin status som nasjonal minoritet.

Framstillinga av romanifolket sin historie på utstillinga *Latjo-Drom* kan summerast opp med to hovudtrekk: For det første fortel den kven romanifolket var og er ved å vise til ei mytisk fortid der det å reise definerte romanifolket og deira kultur. Samtidig viser den at romanifolket sin historie er ein del av den norske historia, og at romanifolket fortener ein plass innan nasjonen.

## **5.2 Oppsummering av Sápmi –en nasjon blir til**

Det sentrale i framstillinga av samane sin historie på utstillinga *Sápmi* er korleis den forklarar framveksten av det samiske nasjonale fellesskapet gjennom ei historisk forteljing. I kapitlet om *Sápmi* er det blitt vist korleis denne forteljinga har prega val av utstillingsobjekt og organiseringa av desse. At utstillinga omhandlar framveksten av det nasjonale fellesskapet kjem tydeleg fram alt i byrjinga på utstillinga, og forteljinga følgjer ei historisk narrativ forklaring på dette fenomenet, som passar over eins med den historisk narrative forklaringsmodellen som Arthur C. Danto lanserte.

Forteljinga byrjar med at det samiske blei pressa vekk frå Nord-Noreg gjennom moderniseringa og fornorskingspolitikken, på rommet ”Alt for Norge”. Dette rommet viser altså det utgangspunktet som den samiske rørsla bygde på. Rommet ”Vis Samisk Ånd” er den delen av forteljinga som forklarar framveksten av det nasjonale fellesskapet. Det sentrale i denne forklaringa er politisk og kulturell handling blant samane. Rommet ”En nasjon står frem” viser det samiske nasjonale fellesskapet, samt problema samane har hatt i kampen om rettar til land og vatn. Den samiske historia etter krigen handlar på utstilling altså om eit undertrykt folk som gjennom politisk og kulturell handling skaper eit nasjonalt fellesskap.

Introduksjonsrommet i utstillinga fell til dels ut av den forteljinga som resten av utstillinga formidlar, ved at det ikkje byggjer opp under plotet i forteljinga. Det sentrale ved introduksjonsrommet er korleis det står i opposisjon til framstillinga av samane som reindrivare, og dermed også er ein kommentar til utstillinga *Samekulturen* ved Tromsø Museum. Det store utvalet av videointervju som ein kan studere på utstillinga, gjer også nokre interessante nyanseringar i forhold til forteljinga. Ikkje alle intervjuobjekta gjev uttrykk for meiningar som byggjer opp under forteljinga på utstillinga. Samtidig vert videointervjua ein form for historisk dokumentasjon, ved at tidsvitner får snakke om det som er tematisert.

I kapitlet om *Sápmi* har forteljinga også blitt studert opp mot omgrepet ”mesterberetning”, etter som forteljinga gjev historia ein retning og totalitet. Eit

interessant spørsmål som går utanfor rammene av denne oppgåva, er om det har latt seg etablere ei ”mesterberetning” om samane sin historie etter krigen, og om ein finn att element frå utstillinga i den kollektive mesterberetninga. Alternativt kan det også hende at det har blitt etablert konkurrerande historiske narrativ om samisk etterkrigshistorie, som kan knytast til den etnopolitiske debatten. Dette ville vore ein interessant studie som kunne ført denne oppgåva og forskinga på bruk av historie blant etniske fellesskap vidare.

Framstillinga ved *Sápmi –en nasjon blir til* kan summerast opp ved at den formidlar ei forteljing om utviklinga av det samiske nasjonale fellesskapet etter krigen, der samiske aktørar er drivkrafta i den historiske utviklinga.

### **5.3 Samanlikning av *Latjo-Drom* og *Sápmi –en nasjon blir til***

Det er nokre klare overordna likskapar mellom utstillinga *Latjo-Drom* og *Sápmi –en nasjon blir til*: Tidsmessig gjekk arbeidet med å skape utstillingane nært føre seg, og prosjekta tok til på ca same tid rundt 1996-1997. Som museumsutstillingar tilhøyrrer dei same sjanger og tematisk omhandlar dei ei etnisk gruppe som er ein minoritet i Noreg. Ein forskjell som må nemnast, er at det fanst ein tradisjon for å stille ut samar på museum der dei blei stilt ut svært einsidig og stereotyp, mens det for romanifolket ikkje eksisterte noko slik tradisjon.

